



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Meld. St. 12

(2024–2025)

Melding til Stortinget

Noregs fiskeriavtalar for 2025 og fisket etter avtalane i 2023 og 2024





DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Meld. St. 12

(2024–2025)

Melding til Stortinget

Noregs fiskeriavtalar for 2025
og fisket etter avtalane i 2023 og 2024

Innhald

Ordforklaring og forkortingar	5	3.4	Internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonar	49
1 Samandrag	7	3.4.1	Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen (NEAFC)	49
1.1 Fiskeriavtalane for 2025	9	3.4.2	Den nordvestatlantiske fiskerikommisjonen (NAFO)	51
1.2 Fisket etter avtalane i 2023 og 2024	13	3.4.3	Den internasjonale kvalfangstkommissjonen (IWC)	53
2 Det internasjonale fiskerisamarbeidet	15	3.4.4	Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjonen (NAMMCO)	54
2.1 Det havrettslege rammeverket	15	3.4.5	Kommisjonen for bevaring av dei marine levande ressursane i Antarktis (CCAMLR)	54
2.2 Det naturvitskaplege grunnlaget for avtalane	19	3.4.6	Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk (ICCAT)	56
2.3 Internasjonale havmiljøprosessar	23	4	Bestandane – status og rådgeving	57
2.4 Kontroll og handheving	26	4.1	Barentshavet	57
2.4.1 Internasjonalt samarbeid om kontroll og kamp mot fiskerikriminalitet	26	4.2	Norskehavet	72
2.4.2 Samarbeid for at statane skal oppfylle dei internasjonale fiskeripliktene sine (kampen mot UUU-fiske)	28	4.3	Nordsjøen og Skagerrak	80
2.5 Anna internasjonalt fiskerisamarbeid	30	5	Fisket etter avtalane i 2023 og 2024	97
2.5.1 Fisk er mat	30	5.1	Verdien av fisket	98
2.5.2 Utviklingssamarbeid	31	5.1.1	Verdien av kvotane for norske fiskarar	99
2.5.3 Anna tosidig fiskerisamarbeid	34	5.1.2	Lønnsemnda i den norske fiskeflåten	101
3 Fiskeriavtalane for 2025	35	5.2	Tosidige avtalar	105
3.1 Oversikt over avtalane	35	5.2.1	Noreg – Russland	105
3.2 Rammeavtalar og overeinskomstar med andre statar	35	5.2.2	Noreg – EU – Storbritannia	106
3.2.1 Noreg – Russland	36	5.2.3	Noreg – EU	107
3.2.2 Noreg – EU – Storbritannia	39	5.2.4	Noreg – Storbritannia	111
3.2.3 Noreg – EU	40	5.2.5	Noreg – Færøyane	113
3.2.4 Noreg – Storbritannia	44	5.2.6	Noreg – Grønland	113
3.2.5 Noreg – Færøyane	44	5.2.7	Noreg – Island	114
3.2.6 Noreg – Grønland	45	5.3	Kyststatsavtalar og andre fleirsidige avtalar	115
3.2.7 Noreg – Island (Smottholavtalen)	45	5.3.1	Norsk vårgytande sild	115
3.3 Kyststatsavtalar og andre fleirsidige avtalar	45	5.3.2	Lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen	116
3.3.1 Forvaltinga av norsk vårgytande sild	45	5.3.3	Kolmule	117
3.3.2 Forvaltinga av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen	47	5.3.4	Makrell	118
3.3.3 Forvaltinga av kolmule	47	5.3.5	Norsk fiske i Irmingerhavet	120
3.3.4 Forvaltinga av makrell	48	5.3.6	Norsk fiske i det nordvestlege Atlanterhavet	120
3.3.5 Forvaltinga av uer	48			

Ordforklaring og forkortingar

ACOM	Advisory Committee on Fisheries Management / ICES' rådgjevande komité for fiskeriforvaltning
CBD	Konvensjonen om biologisk mangfald
CCAMLR	Commission for the Conservation of Antarctic Marine Living Resources / Kommissjonen for bevaring av levande marine ressursar i Antarktis. CCAMLR vart oppretta i 1981, og konvensjonen tok til å gjelde i 1982, med Noreg som ein av grunnleggjarane.
COFI	The Committee on Fisheries / FAOs fiskerikomité. Komiteen vart etablert i 1965 og er eit mellomstatleg forum der fiskeri og havbruk blir diskuterte.
FAO	Food and Agricultural Organization / FNs mat- og jordbruksorganisasjon. FAO vart etablert i 1945, og Noreg vart medlem same året.
FN	United Nations / Dei sameinte nasjonane. Generalforsamlinga i FN vedtek årleg ikkje-bindande reglar gjennom fiskeriresolusjonen, som får betydning for statar, regionale fiskeriorganisasjonar og FAO. Ein tilsvarande havrettsresolusjon tek avgjerder for andre havsaker, mellom anna skipsfart og miljø.
ICCAT	International Convention for the Conservation of Atlantic Tunas / Den internasjonale konvensjonen for bevaring av atlantisk tunfisk. ICCAT vart oppretta i 1966 og gjord gjeldande frå 1969. Noreg har vore medlem sidan 2004.
ICES	International Council for the Exploration of the Sea / Det internasjonale rådet for havforskning. ICES er ein uavhengig, vitskapleg organisasjon som gjev råd om forvaltninga av det marine miljøet og dei marine ressursane. Oppretta i Danmark i 1902. Noreg vart medlem same året.
IMO	International Maritime Organization / Den internasjonale sjøfartsorganisasjon vart oppretta i 1948. IMO er FN-kontoret som er ansvarleg for å betre maritim sikkerheit og å hindre forureining frå skip.
IUCN	International Union for the Conservation of Nature / Verdas naturvernunion. Organisasjonen vart grunnlagd i 1948 og har til formål å bevare naturen og fremje ei berekraftig utnytting og bevaring av naturressursane. Noreg ved Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet har vore medlem sidan 1970.
IWC	International Whaling Commission / Den internasjonale kvalfangstkommissjonen. IWC skal vareta oppgåvene til konvensjonen for regulering av kvalfangst, ICRW. Oppretta i Washington DC i 1946. Noreg vart medlem i 1948.
MSY	Maximum Sustainable Yield / maksimalt berekraftig utbyte
NA-FIG	Den nordatlantiske fiskerietterretningsgruppa. NA-FIG vart oppretta i 2015 for å kartlegge økonomisk kriminalitet i fiskeindustrien i Nord-Atlanteren.
NAMMCO	North Atlantic Marine Mammal Commission / Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjonen. Avtalen om samarbeid om forskning, bevaring og forvaltning av sjøpattedyr i Nord-Atlanteren vart inngått av Færøyane, Grønland, Island og Noreg i 1992.
NAFO	Northwest Atlantic Fisheries Organization / Den nordvestatlantiske fiskeriorganisasjonen. Oppretta i 1979, signert av Noreg same året.
NEAFC	North East Atlantic Fisheries Commission / Den nordaustatlantiske fiskerikommissjonen. NEAFC er ein regional fiskeriforvaltingsorganisasjon som arbeider for ei langsiktig og optimal utnytting av fiskeressursane i konvensjonsområdet. NEAFC vart oppretta i si noverande form i 1982.
NVG-sild	Norsk vårgytande sild

OSPAR	The Convention for the Protection of the Marine Environment of the North-East Atlantic / Konvensjonen om vern av havmiljøet i det nordaustlege Atlanterhavsområdet. Noreg underskreiv avtalen i 1992. OSPAR-konvensjonen vart gjeldande 25. mars 1998.
RFMO	Regional Fisheries Management Organisation / ein regional fiskeriforvaltingsorganisasjon
SDG	Sustainable Development Goals / FNs berekraftsmål fram mot 2030
SEAFO	South East Atlantic Fisheries Organization / Den søraustatlantiske fiskeriorganisasjonen. Etablert 20. april 2001. SEAFO er ein regional fiskeriorganisasjon som arbeider for langsiktig utnytting av ressursane.
SSB	Gytebestand
TAC	Total Allowable Catch / totalkvote
UNODC	United Nations Office on Drugs and Crime / FN-kontoret for narkotika og kriminalitet
UNFSA	United Nations Fish Stock Agreement – implementerings-/etterlevingsavtale under havrettskonvensjonen. Gjer vedtak for statar og RFMO-ar.
UUU-fiske	Ulovleg, urapportert og uregulert fiske
WTO	World Trade Organization / Verdas handelsorganisasjon. Arbeider for eit opent og ikkje-diskriminerande handelssystem. Noreg har vore medlem sidan opprettinga i 1995.



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Meld. St. 12

(2024–2025)

Melding til Stortinget

Noregs fiskeriavtalar for 2025 og fisket etter avtalane i 2023 og 2024

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 14. mars 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Samandrag

Noreg er ein havnasjon med rike fiskeressursar. Dei store mengdene fisk i norske farvatn har gjeve mat, arbeid og inntekt til det norske kystfolket til alle tider. I 2024 eksporterte Noreg villfanga fisk og fiskeprodukt for 44,9 milliardar kroner, som vart ny rekord.

Vi deler rundt 90 prosent av fiskeressursane vi haustar av, med andre land gjennom gjensidige avtalar på ressursforvaltingsområdet. Det er forvaltninga av desse ressursane som er temaet for dei årlege fiskeriavtalane. Avtalane skal sikre at haustinga av fiskebestandane er berekraftig. Dei er difor baserte på uavhengige vitskaplege råd om kvotar og forvaltningstiltak og inneheld forpliktande føresegner om kvotefordeling, forvaltningstiltak og kontrollamarbeid.

Det er tre overordna mål som ligg til grunn for Noregs medverknad i dei ulike forhandlingsprosessane og dei internasjonale organisasjonane for ressursforvaltning:


- å fremje ei berekraftig forvaltning av dei levande marine ressursane, basert på den beste tilgjengelege vitskaplege kunnskapen og ei økosystembasert tilnærming

- å sikre Noreg ein rettferdig del ved kvotefordeling av felles regulerte bestandar
- å sikre tilfredsstillande kontroll og handheving innan dei forvaltingsregima der Noreg tek del

Oversikt over fiskeriavtalane

Noreg inngår vanlegvis fire typar internasjonale fiskeriavtalar: tosidige avtalar, trepartsavtalar, kyststatsavtalar og avtalar i regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar (RFMO-ar).

Noreg inngår tosidige avtalar med Russland, EU, Storbritannia, Færøyane, Island og Grønland. Avtalane med Russland og trepartsavtalen med EU og Storbritannia er dei mest omfattande og gjeld felles forvaltning av bestandane vi deler i høvesvis Barentshavet og Nordsjøen. I tillegg blir det avtalt gjensidig løyve til å fiske i fiskerisona til den andre parten og byte av kvotar. EU er forhandlingspart på vegner av Sverige og Danmark i avtalane om regulering av fisket i Skagerrak og Kattegat og om svensk fiske i Noregs økonomiske sone. Avtalane med Færøyane, Grønland og Island gjeld først og fremst kvotebyte. Kvotebyttet




Figur 1.1 Dei nordaustatlantiske havområda.

har tradisjonelt vore ei vidareføring av tidlegare fiskemønster hos partane, men nivået avheng òg av variasjonar i storleiken på dei ulike bestandane. Avtalane omfattar dessutan kontrollsamarbeid og i ulik grad forskingssamarbeid.

Dei største bestandane i Norskehavet er makrell, norsk vårgytande sild (NVG-sild) og kolmule. Dette er bestandar som vandrar mellom sonene til fleire statar. Dei blir difor forvalta gjennom fleirsidige avtalar, såkalla kyststatsavtalar, mellom statane som har bestanden i sonene sine. Noreg er òg part i forvaltninga av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen og er som fjernfiske nasjon deltakar i prosessen om fordeling og regulering av uer i Irmingerhavet mellom Færøyane, Grønland og Island.

FN-avtalen om fiske på det opne hav pålegg kyststatane og statar som fiskar i internasjonalt farvatn, å ta del i regionalt samarbeid om forvaltninga av vandrane fiskebestandar. RFMO-ane søker å kombinere ei langsiktig bevaring og best mogleg utnytting av fiskeressursane i konvensjonsområda sine. Det skjer gjennom regulering av fisket, miljøtiltak og kontrollsamarbeid. RFMO-ane har mellom anna vore viktige arenaer i kampen mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske). Dei ulike organisasjonane for fiskeriforvaltning som Noreg deltek i, er nærmare presenterte i kapittel 3.

I kapittel 2 gjev vi ei kort innføring i tema som er viktige i det internasjonale fiskerisamarbeidet: Det havrettslege rammeverket, den vitenskaplege rådgjevinga og dei internasjonale havmiljøprosessane legg viktige premisser for dei årlege fiskeri-



Figur 1.2 Fiskerieravtalane sin relative verdi for Noreg i 2024.

avtalane. Vi omtaler dessutan det internasjonale samarbeidet mot UUU-fiske og fiskerikriminalitet.


Verdiane vi forhandlar om

Den samla fangstverdien av fiskerieravtalane Noreg inngjekk med andre land i 2024, er rekna ut til å vere om lag 78 milliardar kroner.¹ Noreg sin del utgjorde ein tredel av totalen, eller om lag 24 milliardar kroner. I tillegg kjem verdiane som blir skapte av vidareforedling av fangsten. Den realisererte verdien av avtalane er avhengig av i kor stor grad Noreg nyttar kvotane fullt ut.

Figur 1.2 viser korleis den økonomiske verdien vart fordelt mellom dei viktigaste avtalane i 2024. Denne fordelinga vil variere ein del frå år til år som følgje av endringar i storleiken på kvotane og prisane i marknaden for dei ulike artane. Figuren illustrerer like fullt den økonomiske tyngda av dei ulike avtalane i 2024.

Torsken i Barentshavet er den kommersielt viktigaste bestanden i Noreg, og den norske kvoten hadde i 2024 ein verdi på om lag 8,3 milliardar kroner. Det er grunnen til at om lag halvparten av dei samla verdiane av fiskerieravtalane kjem frå Russlandsavtalen. 38 prosent av verdiane frå avtalane totalt skriv seg frå kyststatsavtalane for dei tre pelagiske bestandane. Makrellen er for tida den klart viktigaste med ein verdi på om lag 4,9 milliardar kroner i 2024. Avtalen med EU og Storbritannia om forvaltninga av fellesbestandane i Nordsjøen stod for 11 prosent av verdiane. Skagerrakavtalen med EU stod for om lag 1 prosent av dei samla verdiane i 2024.

¹ Rekna med norske prisar for førstehandsomsetning.



Figur 1.3 Totalkvotar i 2022–2025 for viktige bestandar for Noreg (tonn).¹

¹ Torsk i Barentshavet er inklusive norsk kysttorsk. Kolmule/NVG-sild/makrell: Det har ikkje vore semje mellom alle partane om fordelinga av totalkvoten i åra 2022–2025, så summen av unilaterale kvotar er høgare enn totalkvoten som er vist i figuren.

1.1 Fiskeriatvatalane for 2025

Figur 1.3 viser den avtalte totalkvoten for viktige bestandar for Noreg i perioden 2022–2025. Kapittel 3 presenterer dei fastsette kvotane og fordelinga av desse i alle dei ulike avtalane. Kapittel 4 inneheld ein gjennomgang av status og vitskapleg rådgeving for dei ulike bestandane. Kapittel 5 gjer greie for hovudtrekka i fisket etter avtalane Noreg hadde med andre land i 2023 og 2024.

Avtalen med Russland

Noreg fordømmer på det sterkaste Russlands fullskala militæringrep på Ukraina og har innført historisk strenge sanksjonar. Det bilaterale samarbeidet vårt med Russland er nedskalert til eit minimum. Samstundes har Noreg eit ansvar for å forvalte fiskeriresursane i Barentshavet på ein måte som sikrar framtidig hausting av ressursane. Samarbeidet innan forskning, regulering og kontroll er berande element for ei forsvarleg og berekraftig forvaltning av dei bestandane som blir forvalta av Noreg og Russland. Dette er av stor betydning, også for andre land som får kvotar til fartøya sine basert på avtalar med Noreg. Noreg har difor valt å føre vidare fiskerisamarbeidet med Russland.

Noreg og Russland har avtalt totalkvotar for 2025 på fellesbestandane i Barentshavet og fordelinga mellom Noreg, Russland og avsetjing til tredjeland. Landa har òg avtalt gjensidig rett til å

fiske i sonene til kvarandre og har bytt kvotar som gjeld både fellesbestandar og nasjonale bestandar. Det er semje mellom dei to landa om ei fast prosentvis fordeling av fellesbestandane.

Etter at det er fastsett kvote til tredjeland, blir kvotane for nordaustarktisk torsk, nordaustarktisk hyse, blåkveite, snabeluer og lodde fordelte i tråd med den faste prosentvise fordelinga. Torske- og hysekvotane blir delte likt mellom Noreg og Russland. Torskekvoten er redusert med 25 prosent frå 453 427 tonn i 2024 til 340 000 tonn i 2025. Tredjelandskvoten blir bytt mot kvotar på andre artar. Kvotenivået er venta å sikre eit høgt utbytte på lang sikt. Hysekvoten er redusert med om lag 8 prosent frå 141 000 tonn i 2024 til 130 000 tonn i 2025. Noreg og Russland vedtok òg kvotefleksibilitet mellom år i fisket etter torsk og hyse. Vedtaket inneber at partane kan overføre inntil 10 prosent av kvotane til neste år eller fiske inntil 10 prosent av kvoten for neste år på forskot. Det vart vedteke at det ikkje blir opna for loddefiske i 2025. Det vart fastsett ein totalkvote for blåkveite på 19 000 tonn for 2025, ein nedgang på 2 250 tonn frå 2024. For snabeluer er kvoten sett til 67 191 tonn for 2025. Det er ein nedgang på 2 973 tonn frå 2024.

Noreg og Russland er samde om å føre vidare arbeidet i analysegruppa i 2025. Gruppa har vore sentral i kontrollsamarbeidet vårt med Russland i Barentshavet.

I ei tid med kvotenedgang i mange fiskeri og uro for bestandssituasjonen skal forskarane vur-

dere om vi har gode nok tiltak for å minimere fangst av torsk og hyse under minstemål.

Avtalen med EU og Storbritannia

Etter at Storbritannia gjekk ut av EU, er mange av bestandane som tidlegare vart forvalta i samråd mellom Noreg og EU, delte mellom tre partar. Totalkvotar (TAC) og andre forvaltningstiltak for bestandane nordsjøtorsk, hyse, sei, kviting, raudspette og nordsjøsild blir difor fastsette i samråd mellom EU, Storbritannia og Noreg.

Byte av kvotar og gjensidig tilgang til å fiske i jurisdiksjonsområda til Storbritannia og farvatna til EU skjer etter separate bilaterale avtalar som må forhandlast fram mellom Noreg og kvar av dei to partane.

Treparsavtalen om mellom anna totalkvotar for fellesbestandane i Nordsjøen for 2025 vart underteikna 29. november 2024.

Av fellesbestandane i Nordsjøen er det silda og seien som har den største kommersielle verdien for Noreg. Noreg har 29 prosent av sildekvoten og 52 prosent av seikvoten.

I tråd med rådgjevinga frå forskarane vart nokre kvotar auka og andre reduserte i 2025. Sjå kapittel 4 om tilstanden til dei ulike bestandane.

Avtalane med EU

I tråd med rammeavtalen om fiskerisamarbeid mellom Noreg og EU frå 1980 forhandlar partane kvart år om byte av fiskekvotar og gjensidig tilgang til å fiske i fiskerisona den andre parten har i Nordsjøen.

I tråd med rammeavtalen med EU er Noreg forplikta til å tilby EU 4,14 prosent av den totale kvoten for torsk i nord. I tillegg byter EU til seg sei, hyse og blåkveite i nord, i tillegg til lysing, breiflabb og andre bestandar i Nordsjøen. EU skal som motyting tilby Noreg tilsvarende fiskemoglegheiter i egne farvatn. No som Storbritannia ikkje lenger er medlem av EU, har dette byttet minska betydeleg i storleik. Frå EU byter Noreg no til seg kvotar på kolmule og ein del kvotar som kan fiskast i farvatna til Grønland. Desse omfattar mellom anna reker, uer og blåkveite.

Noreg og EU samarbeider òg om kontroll og overvaking av ressursuttaket.

Noreg og EU forhandlar i tillegg avtalar om fisket i Skagerrak/Kattegat og om svensk fiske i den norske delen av Nordsjøen (nabolandsavtalen). Det er særleg silde- og rekefisket i Skagerrak som er av størst interesse for norske fiskarar.

5. desember 2024 vart Noreg og EU samde om avtalar for 2025 om kvotebyte og sonetilgang i Nordsjøen og Skagerrak. EU har mellom anna bytt til seg 10 316 tonn nordaustarktisk torsk, 5 600 tonn hyse og 575 tonn sei i Barentshavet. I motyting har Noreg mellom anna teke imot kvotar av reke, blåkveite og uer ved Grønland. Partane har òg bytt kvotar på botnfisk i Nordsjøen.

Avtalen med Storbritannia

30. september 2020 underteikna Noreg og Storbritannia ein bilateral rammeavtale for fiskerisamarbeid. Avtalen legg til rette for at partane kan bli samde om byte av kvotar og tilgang til å fiske i respektive jurisdiksjonsområde (sonetilgang). 17. desember 2024 underteikna partane ein bilateral avtale om sonetilgang og kvotebyte for 2025. I denne avtalen får Noreg tilgang til å fiske noko av vår eigen nordsjøsildkvote i den økonomiske sona til Storbritannia, mot at Storbritannia får fiske norsk vårgytande sild i norsk farvatn. Partane vart òg samde om å gje kvarandre gjensidig tilgang til å fiske opptil 30 000 tonn botnfisk. Partane utveksla i tillegg kvotar i norsk sone i Barentshavet og i britisk sone utanom Nordsjøen.

Kyststatsavtalane

For tida er det ingen kyststatsavtalar om fordeling av dei store pelagiske bestandane makrell, NVG-sild og kolmule. Kyststatane vart hausten 2024 samde om å halde fram forhandlingar om fordeling for alle desse bestandane tidleg i 2025.

Makrell

Dei seinare åra har makrellen kommersielt sett vore ein av dei viktigaste bestandane for Noreg, nest etter torsken.

Sjølv om makrellbestanden har vore i ganske god forfatning dei seinare åra, er bestanden på veg nedover. Hausten 2024 vart kyststatane samde om ein TAC på 576 958 tonn for 2025. Dette er i samsvar med rådet frå Det internasjonale rådet for havforskning (ICES) og inneber ein reduksjon frå rådet for 2024 på 22 prosent.

I 2023 signerte Noreg og Storbritannia ein tosidig avtale for makrell. Avtalen sikra Noreg tilgang til å fiske 60 prosent av den nasjonale kvoten i britiske farvatn. Denne tilgangen vart nytta fullt ut.

Trass i ei rekkje forhandlingsrundar vart kyststatane til makrell ikkje samde om fordelinga av makrellbestanden i 2024. I mangel av ein fullstendig avtale inngjekk Noreg, Storbritannia og Færøyane ein trepartsavtale om forvaltninga av makrell i

juni 2024. Avtalen sikrar mellom anna den norske flåten høve til å fiske 60 prosent av den nasjonale makrellkvoten i britiske farvatn, medan Færøyane har høve til å fiske 40 prosent av sin nasjonale kvote i norske farvatn. Avtalen reduserer det samla fiskepresset på makrellbestanden og er utforma slik at det er mogleg å inkludere dei resterande kyststatane (EU, Grønland og Island) dersom det er ønskjeleg. Avtalen gjeld, inntil vidare, for tre år.

Kyststatane startar nye forhandlingar vintren 2025, og siktemålet er å oppnå ein ny, heilskapleg kyststatsavtale der alle kyststatane er med. I påvente av ein heilskapleg kyststatsavtale for makrell har Noreg sett seg ein førebels kvote på 130 000 tonn. Denne kvoten vil bli justert når forhandlingane blir avslutta til våren.

Norsk vårgytande sild (NVG-sild)

Norsk vårgytande sild er den største sildebestanden i verda. Storbritannia, Færøyane, Island, Noreg og Russland er kyststatar til NVG-silda. Dei siste åra har Færøyane kravd ein høgare del av den totale kvoten. Det færøyske kravet har ført til at spørsmålet om delinga mellom partane har blitt opna på nytt, og fleire partar, mellom dei Noreg, har auka den prosentsatsen dei nyttar som grunnlag for fastsetjing av nasjonal kvote. Kyststatane har forhandla om delinga i fleire rundar, men har ikkje greidd å bli samde om ein ny fempartsavtale. Nytt i 2024 var at Noreg og Færøyane vart samde om ein bilateral kyststatsavtale som gjev Noreg 64,18 prosent og Færøyane 10 prosent av bestanden. Kyststatsavtalen mellom Noreg og Færøyane bidreg betydeleg til å få ned det totale overfisket på NVG-sild. Alle kyststatane er samde om å halde fram med andelsforhandlingane i 2025, med mål om ein heilskapleg avtale.

For 2025 har kyststatane blitt samde om ein totalkvote på NVG-sild på 401 794 tonn. Sidan det ikkje er semje om fordelinga av andelar til partane, blir kvotane fastsette unilateralt av kvar enkelt stat.

På kyststatsmøtet hausten 2020 vart det lagt fram ein rapport utarbeidd under leiing av forskarar frå Havforskningsinstituttet, men med deltaking av forskarar frå dei andre partane, der sonetilhøyrsla til silda vart oppdatert. I rapporten gjekk forskarane òg gjennom metodikk for å rekne ut sonetilhøyrsla for ein bestand. Denne rapporten har sidan blitt oppdatert kvart år.

Kolmule

Kolmule er den tredje store pelagiske bestanden i Nordaust-Atlanteren. Etter initiativ frå EU utar-

beidde partane for ein del år sidan ein felles rapport om sonetilhøyrsla for kolmulebestanden. Med utgangspunkt i rapporten kravde EU ein større del av totalkvoten. Færøyane har følgd opp og krev òg ein større del, og i tillegg har Island nytta ein høgare prosentsats dei seinare åra. I kvotefastsetjinga si dei siste åra har dessutan Storbritannia nytta den same høgare satsen som EU.

Kyststatane har dei seinaste åra forhandla i fleire rundar om ei ny fordeling av bestanden, men førebels har ikkje forhandlingane lykkast. Kyststatane held fram med å forhandle om fordelinga i 2025 med mål om ein heilskapleg avtale. Det er òg semje om at rapporten om sonetilhøyrsla for kolmulebestanden skal oppdaterast kvart år, på same måten som for NVG-sild.

I forhandlingane for 2024 vart partane samde om ein TAC på 1 447 054 tonn i 2025. TAC er basert på rådgjevinga frå ICES og forvaltingsplanen som er evaluert av ICES.

Dei regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonane

Noreg er i dag medlem av fire regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar i tillegg til Den internasjonale kvalfangstkommissjonen (IWC) og Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjonen (NAMMCO).

Den nordaustatlantiske fiskerikommissjonen (NEAFC)

Den nordaustatlantiske fiskerikommissjonen har ein viss samordnande funksjon i reguleringa av fisket etter bestandar som vandrar mellom dei økonomiske sonene til partane og internasjonalt farvatn. Dette gjeld kolmule, norsk vårgytande sild, makrell og uer.

Arbeidet i NEAFC er påverka av Russlands angrepskrig mot Ukraina ved at eit fleirtal av partane ikkje har vilja delta på møte med Russland i NEAFC-undergrupper og -komitear i 2024. Dette har ført til at Russland reserverer seg mot vedtak dei ikkje er samde i eller har hatt moglegheit til å vere med og diskutere.

Årsmøtet vedtok ei regulering av fisket etter kolmule basert på kyststatsavtalen om ein totalkvote på 1 447 054 tonn. Vedtaket inneber ei avgrensing på 115 185 tonn for fiske i internasjonalt farvatn, fordelt på Danmark (Grønland) og Russland. NEAFC-reguleringa inneber i tillegg at kyststatane kan fiske dei nasjonale kvotane sine i internasjonalt farvatn. Årsmøtet vedtok ei regulering av fisket etter norsk vårgytande sild basert på kyststatsavtalen om ein totalkvote på 401 794 tonn.

Også denne reguleringa inneber at kyststatane kan fiske dei nasjonale kvotane sine i internasjonalt farvatn. I tråd med kyststatsavtalen for makrell for 2025 vedtok årsmøtet òg ein totalkvote på 576 958 tonn. Partane kan fiske dei nasjonale kvotane sine i internasjonalt farvatn. Alle reguleringane er i tråd med tilrådingane frå ICES.

Noreg og Russland er kyststatar til snabelueren i Norskehavet og vart i oktober 2014 samde om ei fordeling av bestanden på bakgrunn av ein sonetilhørslerapport utarbeidd av forskarar frå NEAFC-landa. Avtalen inneheld òg ein kvote til internasjonalt farvatn. I tråd med tilrådinga frå forskarane og kvoten som er sett av i avtalen mellom Noreg og Russland, la Noreg fram eit forslag om ei NEAFC-regulering for 2025. Forslaget til regulering med ein kvote på 3 964 tonn for fiske på det opne havet i Norskehavet vart vedteke ved konsensus.

Forbodet mot fiske etter uer i Irmingerhavet vedteke under årsmøtet i 2021 vart revidert under årsmøtet i 2023 og no vidareført under årsmøtet i 2024. Vedtaket inneber ein nullkvote og forbod mot å tilby omlastings-, forsynings- og støttetenester til fartøy i internasjonalt farvatn med fangstar av bestand om bord. NEAFC-forbodet mot direktefiske etter uer i Irmingerhavet er i tråd med tilrådinga frå forskarane. Vedtaket gjeld for perioden 2025–2027. Russland har i etterkant av årsmøtet reservert seg mot vedtaket, og forbodet gjeld difor ikkje for fartøya deira.

Det vart òg vedteke ei rekkje reguleringar på kontroll og handheving. Russland har reservert seg mot fleirparten av dessa vedtaka fordi det ikkje har vore møte i kontroll- og handhevingskomiteen til NEAFC.

Den nordvestatlantiske fiskerierorganisasjonen (NAFO)

Mange av bestandane som blir forvalta av NAFO, er under moratorium. Noreg har rett til å fiske på lodde, torsk og to rekebestandar.

Rekefisket i område 3M er i dag regulert med eit fiskedøgnssystem, og ikkje kvotar som i andre fiskeri. Dette er ikkje lenger ein alminneleg forvaltingsmåte, og NAFO-partane har fleire gonger prøvd å bli samde om eit kvotesystem og fordeling av andelar. Dette har ein ikkje lykkast med. Partane møttest 17. september 2023 for på ny å vurdere ein overgang til eit ordinært kvote-regime, men lykkast ikkje med å bli samde. Rekefisket i 3M er difor framleis underlagt fiskedøgnssystemet. Noreg har saman med EU argumentert for å gje forhandlingane eit nytt forsøk i 2025. På grunn av

den dårlege tilstanden i rekebestanden i 3M, og i samsvar med vitskapleg råd om nullfiske, vart det vedteke at rekefisket heller ikkje skulle gjenopnast i 2025.

Loddefisket er framleis stengt i 2025, i tråd med avgjerda til årsmøtet frå 2021.

Også fisket etter uer lengst aust i reguleringsområdet til NAFO er stengt, i tråd med tilrådinga om nullkvote frå ICES. Noreg fiskar ikkje på denne bestanden i NAFO, men stenginga svarer til vedtak i NEAFC om same bestand som Noreg har interesser i.

Det er òg enkelte lyspunkt. Årsmøtet vedtok å auke torskeknoten i område 3M frå 11 708 tonn til 12 613 tonn, i tråd med det vitskaplege kvoterådet.

Fisket etter torsk i område 2J3KL hadde vore stengt sidan 1992, men i juni 2024 vedtok Canada, som er kyststat til bestanden, å gjenopne fisket. Canada fastsette ein TAC på 18 947 tonn, der 18 000 tonn er sette av til Canada i tråd med gjeldande fordelingsnøkkel. Dei resterande 5 prosentane av kvoten, tilsvarande 947 tonn, er sette av til fiske i NAFOs reguleringsområde (internasjonalt farvatn, område 3L) og er fordelte mellom dei andre 12 kontraktspartane. I tråd med semja om ein ny fordelingsnøkkel for denne avsetninga har Noreg ein kvote på 19,14 tonn (0,101 prosent) i perioden september 2024–juni 2025.

NAFO har dei siste åra lagt stor vekt på å regulere fisket med botnreiskapar slik at sårbare marine økosystem blir skåna. I dag er i alt 27 område i NAFO stengde for fiske med botnreiskapar for å verne konsentrasjonar av korallar og svamp som har særleg sårbare økosystem (VME-ar). Stengingane gjeld òg fleire område med undersjøiske fjell. Alle dei 27 områda er stengde ut 2026. NAFO arbeider med ei ny vurdering av særleg sårbare økosystem og korleis botnfiske påverkar desse. Vurderinga skal ferdigstillast i 2027.

Dei siste åra har NAFO arbeidd med å utvikle ein indikator for økosystemoverfiske. I indikatoren, som heiter Total Catch Index (TCI), er det berekna referansepunkt for ulike økosystem som mellom anna seier noko om sannsynet for at totaluttaket er for høgt. Dersom til dømes det totale fangstvolumet av ein bestand overstig nivået 2TCI, indikerer dette stort sannsyn for økosystemoverfiske. I 2023 vart TCI-verktøyet teke inn i bestandsvurderingane frå det vitskaplege rådgjevingorganet til NAFO. Dette, saman med bestandsråd, skal bidra til å rettleie kontraktspartane i NAFO mellom anna når dei skal ta avgjerder om totalkvotar. Bruken av TCI som indikator er likevel på eit svært tidleg stadium, og det er

førebels ikkje bestemt korleis eller i kva grad eit eventuelt økosystemoverfiske bør utløyse tiltak, og heller ikkje kva for tiltak som bør brukast. Per i dag er bestandsuttaka i NAFO-området ikkje på slike nivå at dei utgjør nokon risiko for overskriding av 2TCI.

Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk (ICCAT)

Noreg hadde i perioden 2007–2013 forbod mot fiske og landing av makrellstørje på bakgrunn av bestandssituasjonen og fordi totalkvoten vart sett høgare enn tilrådd. Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk har sidan fått kontroll på forvaltninga av makrellstørjebestanden. Noreg opna for fangst av den norske kvoten i 2014. I 2022 vedtok ICCAT ein ny forvaltingsplan, og totalkvoten på austleg makrellstørje vart sett til 40 570 tonn for forvaltingsperioden 2023–2025. Den norske kvotedelen har auka dei siste åra, og i 2025 er den norske kvoten på 368 tonn. Noreg har fått løyve til å gjennomføre eit treårig pilotprosjekt på levandelagring av makrellstørje innanfor ein avgrensa del av den norske kvoten. Noreg skal rapportere årleg frå prosjektet fram til 2025.

Kommisjonen for bevaring av dei marine levande ressursane i Antarktis (CCAMLR)

CCAMLR fører vidare kvotane på kril i Antarktis på same nivået som tidlegare. Det finst store krilressursar i konvensjonsområdet, men i dag skjer storparten av fisket i CCAMLR-område 48, det vil seie Antarktishalvøya, Sør-Shetland, Sør-Orknøyane og Sør-Georgia. Det er fastsett ei fangstgrense for heile konvensjonsområdet på 5,6 millionar tonn. Enorme avstandar og utfordrande vêr- og isforhold i fangstsesongen verkar inn på kor god tilgang fartøya har til fangstområda, og dermed òg på kor lenge dei kan fiske, og kor mykje kril dei kan fiske. Dei siste åra har totalfangsten av kril vore mellom 230 000 og 420 000 tonn. I område 48 er fangstgrensa sett til 620 000 tonn. Kvoten er ikkje delt mellom dei enkelte medlemmene. Den norske flåten fiskar om lag 50–70 prosent av den totale krilfangsten i konvensjonsområdet.

Den internasjonale kvalfangstkommisjonen (IWC)

Den norske kvoten på vågekval blir fastsett på bakgrunn av arbeidet som er gjort i vitskapskomiteen til Den internasjonale kvalfangstkommisjonen. 2025-kvoten er sett til 1 406 vågekval. Kvoten

kan fangast i heile forvaltingsområdet til IWC, eit område som er noko større enn havområda under norsk jurisdiksjon. Det vil seie at det òg kan drivast fangst i internasjonalt farvatn mellom Noregs økonomiske sone og fiskerisona ved Jan Mayen.

Den nordatlantiske sjøpattedyrkommisjonen (NAMMCO)

NAMMCO har ansvaret for bevaring og fangst av sjøpattedyr i Nord-Atlanteren. Ansvaret til organisasjonen inkluderer heile spekteret av sjøpattedyr, altså storkval, småkval, sel og kvalross. Viktige område for Noreg er NAMMCOs handsaming av forvaltingsmodellen vår for fangst av kystsel, spørsmål om dyrevelferd og fangstsikkerheit i kval- og selfangst og utfordringar knytte til bifangst av sjøpattedyr i norske fiskeri.

1.2 Fisket etter avtalane i 2023 og 2024

Norske fiskarar utnyttar generelt kvotane godt, og for dei kommersielt viktigaste bestandane blir kvotane nytta så godt som fullt ut, jf. tabell 1.1.

Tilgangen til å fiske i sonene til andre land blir nytta i ulik grad. Til dømes nyttar Noreg sonetilgangen i russisk sone lite, då vi har god tilgang i vår eiga sone på dei fleste bestandane vi deler med Russland. Både Noreg og Russland nyttar kvoten på torsk i Norskehavet og Barentshavet fullt ut kvart år. Russland fiskar ein betydeleg del av torskekvoten i norsk farvatn.

Noreg nyttar kvotane på torsk, sei og sild i Nordsjøen godt. Bortsett frå raudspette, har både EU og Storbritannia nytta fellesbestandane i Nordsjøen relativt godt dei seinare åra. Det same gjeld kvotane dei har i norsk sone nord for 62 °N.

Før Storbritannia gjekk ut av EU, vart dei norske kvotane på dei pelagiske artane kolmule, augepål og havbrisling godt nytta. Etter at Storbritannia forlét EU, har kolmule vore den arten norske fartøy har fiska mest av i EU-sona. Kvoten har vore godt utnytta. Dei fleste andre artar som Noreg bytte til seg frå EU medan Storbritannia var medlem, vart fiska i britiske farvatn. Noreg har fått tilgang til nokre av desse kvotane i avtalar med Storbritannia. Norske linefartøy har tradisjonelt hatt eit betydeleg fiske av lange og brosme i britisk sone (som var del av EU-sona), men fekk i 2021 ikkje tilgang til å fiske i dette området. For 2022 inngjekk Noreg ein avtale med Storbritannia om at kvar part får fiske opptil 30 000 tonn botnfisk i kvarandre sine soner i Nordsjøen. Det vart òg avtalt byte av kvotar. I

Tabell 1.1 Norsk utnytting av dei kommersielt viktigaste kvotane i 2023 og 2024.

	Utnyttingsgrad ¹	
	2023	2024
<i>Barentshavet, Noreg – Russland</i>		
Torsk	109 %	96 %
Hyse	106 %	99 %
<i>Nordsjøen og Skagerrak, Noreg – EU</i>		
Sild	97 %	92 %
Sei	103 %	78 %
<i>Fleirpartsavtalar</i>		
Norsk vårgytande sild (NVG-sild)	100 %	102 %
Makrell	92 %	118 %
Kolmule	107 %	107 %

¹ Oversikta tek ikkje omsyn til overføringar mellom år (kvotefleksibilitet), men tek utgangspunkt i fangst og kvote i det enkelte året. For fiskeslaga i tabellen kan ein normalt overføre inntil 10 prosent av kvotane mellom år. Avvik frå full utnytting inneber altså ikkje nødvendigvis at kvotane ikkje blir fiska opp eller er overfiska.

norsk økonomisk sone fekk Storbritannia kvotar på torsk i Barentshavet og nokre andre artar i Nordsjøen. Mot dette fekk Noreg kvotar, i hovudsak på lange og brosme, i britisk sone vest for 4 °V. Sidan har Noreg og Storbritannia inngått liknande avtalar.

Alle kyststatane har nytta kvotane sine på dei pelagiske artane kolmule og makrell godt. Det same har dei med kvoten på norsk vårgytande

sild, med unntak av Færøyane, som dei siste åra har overført meir enn 10 prosent ubrukt sildekvote til neste år. I loddefisket i Barentshavet var den norske kvoten liten, men godt utnytta. Det har ikkje vore loddefiske ved Grønland, Island og Jan Mayen sidan sesongen 2022–2023.

Kapittel 5 rapporterer om fisket etter dei ulike avtalane, med vekt på norsk utnytting av kvotane.

2 Det internasjonale fiskerisamarbeidet

Noreg har teke ei aktiv rolle i internasjonalt havsamarbeid, både når det gjeld utvikling av internasjonalt regelverk, og når det gjeld forvaltning av fiskeria og havmiljøet. Erfaring frå dei siste åra viser at Noreg har stor innverknad globalt gjennom faglege bidrag. Dette kapitlet gjer greie for viktige tema og omgrep i det internasjonale fiskerisamarbeidet. Det startar med ein kort omtale av ulike konvensjonar og avtalar som utgjer det rettslege rammeverket på havet (kapittel 2.1). Etter det følgjer ei innføring i dei viktigaste omgrepa i den vitenskaplege rådgjevinga bak fiskeriavtalane (kapittel 2.2).

Internasjonale havmiljøprosessar set rammevilkår for forvaltning av marint biologisk mangfald, og grip såleis inn i fiskeripolitikken. Vi gjer greie for desse prosessane i kapittel 2.3.

Norske styresmakter legg stor vekt på arbeidet mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske og fiskerikriminalitet, både nasjonalt og internasjonalt. Dessa temaa er difor grundig omtalte i kapittel 2.4. Til slutt omtaler vi anna internasjonalt fiskerisamarbeid, med vekt på utviklingssamarbeidet (kapittel 2.5).

2.1 Det havrettslege rammeverket

Havrettskonvensjonen

FNs havrettskonvensjon frå 1982 blir kalla «havets grunnlov» og er det overordna folkerettslege rammeverket for all aktivitet som går føre seg til havs, frå fiske, mineralutvinning og oljeutvinning til miljøaktivitetar, ferdsel og landegrensar. Arbeidet som til slutt resulterte i havrettskonvensjonen vi har i dag, tok til allereie i slutten av 1940-åra. Den teknologiske og økonomiske utviklinga etter den andre verdskrigen gjorde det mogleg for statane å utnytte havet, havbotnen og ressursane der, i stadig større grad. Denne utviklinga skapte behov for rettsreglar for å avklare kva rettar og plikter statane har, mellom anna for å unngå tvistar mellom statar.

Havrettskonvensjonen slår mellom anna fast prinsippet om 200 nautiske mils økonomiske soner. Den økonomiske sona til ein kyststat er ei

havsonen som ligg utanfor og støyter opp til sjøteritoriet. I den økonomiske sona har kyststaten suverene rettar til å nytte naturressursane både på havbotnen og i havområda over.

Noreg oppretta si økonomiske sone i 1976, ei fiskevernsonen ved Svalbard i 1977 og ei fiskerisonen ved Jan Mayen i 1980. Sonene er viste i figur 2.1.


Fisken vandrar på tvers av økonomiske soner og internasjonalt farvatn. Etter havrettskonvensjonen har kyststatane difor ei plikt til å samarbeide for å bevare og utvikle bestandar som vandrar mellom dei økonomiske sonene til to eller fleire slike kyststatar, eller mellom økonomiske soner og internasjonalt farvatn. Dette kan gjerast direkte gjennom tosidige eller fleirsidige avtalar mellom kyststatane eller gjennom regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar for internasjonalt farvatn.

I daglegtale seier vi altså ofte at ein stat er kyststat til ein bestand. Dette er likevel ikkje eit rettsleg definert omgrep, men blir nytta om ein stat som har den aktuelle bestanden i si økonomiske sone. Kyststaten har då etter havrettskonvensjonen rett til å utnytte bestanden, men er samstundes pålagt ei viss plikt til å samarbeide om forvaltninga med andre kyststatar som òg har bestanden i sine økonomiske soner.

Havrettskonvensjonen inneheld òg reglar om kontinentalsokkelen. Kontinentalsokkelen er ei forlenging av landmassane ut i havet. Alle kyststatar har utan vidare ein kontinentalsokkel på 200 nautiske mil ut frå kysten, dersom han ikkje blir avgrensa mot sokkelen til andre land. Mange kyststatar har ei forlenging av landmassane under havet som strekkjer seg lenger enn 200 nautiske mil. For å få rettar utover 200 nautiske mil må kyststaten dokumentere utstrekninga til sokkelen for Kontinentalsokkelkommisjonen (CLCS)¹ i New York.

Kontinentalsokkelkommisjonen gjev tilrådingar som i sin tur gjev kyststaten rett til å fastleggje yttergrensa på sokkelen i tråd med tilrådingane frå kommisjonen. Noreg var den første av kyststa-

¹ CLCS – Commission on the Limits of the Continental Shelf.



Figur 2.1 Kart som viser dei ulike fiskerisonene i Nordaust-Atlanteren.

tane rundt Polhavet som i 2009 fekk endeleg tilråding om yttergrensa til kontinentalsokkelen frå Kontinentalsokkelkommisjonen. Noreg og Russland avgrensa denne sokkelen mellom seg gjennom avgrensingsavtalen frå 2010. Norsk sokkel strekkjer seg nordover frå fastlandet rundt og forbi Svalbard. Tilrådinga frå kommisjonen om yttergrensa for Noregs kontinentalsokkel ved Bouvetøya låg føre i 2019. Norsk kontinentalsokkel både i nord og i sør er no definert i § 1 i *lov 18. juni 2021 om Norges kontinentalsokkel*.

Etter havretten har alle kyststatar suveren rett til naturførekomst på kontinentalsokkelen. Dette inneber ikkje berre ein rett til å utforske og vinne ut mineral og andre førekomst på og under havbotnen, men òg retten til dei såkalla sedentære artane², til dømes snøkrabbe. Vidare inkluderer dei suverene rettane kyststaten har til å nytte ressursane på kontinentalsokkelen sin, òg retten til å bevare slike ressursar frå negativ påverknad frå annan type aktivitet. At kyststaten har ein suveren rett, vil i denne samanhengen seie at ingen kan utforske eller vinne ut naturførekomstane på sokkelen utan uttrykkjeleg samtykke frå kyststaten.

Fiske på det opne havet

Eit veksande fiske i internasjonalt farvatn i 1980-åra viste at havrettsregimet ikkje var konkret nok til at ein kunne få til dekkjande reguleringar av verksemda utanfor dei økonomiske sonene. Dette førte til framforhandlinga av FN-avtalen om fiske på det opne havet (UN Fish Stocks Agreement) frå 1995 som eit supplement til havrettskonvensjonen. FN-avtalen pålegg kyststatane og statar som fiskar på det opne havet, å delta i regionalt samarbeid om forvaltninga av vandrane fiskebestandar. Han inneheld detaljerte reglar om oppretting av regionale organisasjonar og korleis samarbeidet i organisasjonane skal gå føre seg.

Avtalen slår vidare fast forvaltingsprinsipp som statane skal ta omsyn til for å sikre langsiktig bevaring og berekraftig bruk av vandrane og langtmigrerande fiskebestandar. Mellom anna pålegg avtalen statane å bruke ei føre-var-tilnærming i fiskeriforvaltninga og viser til kravet om å bevare biodiversitet og drive ei økosystembasert forvaltning. Avtalen gjeld i hovudsak berre på det opne havet, men slår òg fast at det skal vere samsvare mellom forvaltninga av fiskeressursane på det

opne havet og i dei tilgrensande nasjonale farvatna. Dette inneber at ein ved forvaltninga av det opne havet skal ta omsyn til dei forvaltningstiltaka som kyststatane har fastsett innanfor dei økonomiske sonene, og ikkje undergrave desse. Avtalen inneheld òg reglar om handheving og kontroll.

Med unntak av område i det sørlege Atlanterhavet er alt internasjonalt farvatn med relevante fiskeriområde i dag dekt av regionale fiskeriforvaltingsmekanismer som vedtek bindande reguleringar for partane om forvaltning og kontroll i sine område. Noreg tek del i dette samarbeidet i relevante internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonar og er i dag medlem av fire slike regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar³, i tillegg til Den internasjonale kvalfangstkommisjonen og Den nordatlantiske sjøpattedyrkommisjonen. I kapittel 3.4 gjer vi greie for arbeidet i organisasjonane.

På enkelte område er det òg behov for å samarbeide globalt. Gjennomføringa av havrettskonvensjonen av 1982 og regulering av fiske utanfor nasjonal jurisdiksjon (FN-avtalen om fiske på det opne havet av 1995) blir difor òg følgde opp gjennom statspartsmøte og revisjonskonferansar og i to årlege resolusjonar som blir framforhandla kvar haust og vedtekne i Generalforsamlinga i FN. Resolusjonane gjev uttrykk for politisk semje om kva statane vil gjere for å omsetje havretten i konkret havforvaltning når det gjeld miljøspørsmål, maritim sikkerheit, fiskerispørsmål, kontinentalsokkelspørsmål mv. Semje om tiltak for vern av sårbare botnhabitat mot skadar frå visse typar fiskereiskapar, som botntrål, er eit viktig bidrag til global havforvaltning.

Frå 2004 har Generalforsamlinga utvikla detaljerte føresegnar om stenging av område og korleis fiske skal gå føre seg, for å unngå at botnfiske skadar korallar og andre sårbare botnhabitat. Føresegnene, som Noreg var blant pådrivarane til å forme ut, er seinare gjennomførte i alle dei relevante regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonane som Noreg er medlem av, og i norsk regelverk. Kor godt statar og dei regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonane følgjer opp føresegnene frå Generalforsamlinga om botnfiske, blir evaluert jamleg i eigne FN-sesjonar der representantar frå statar, relevante organisasjonar og sivilt samfunn deltek. Dette er gode døme på FN-resolusjonar med stor praktisk betydning som har gjeve effektiv nasjonal og regional gjennomføring av globalt formulerte målsetjingar. Ein ny revisjon av statusen for botnfiske skal gjerast i 2026.

² Artar som på stadiet då dei kan utnyttast, anten er urørlege på eller under havbotnen, eller som ikkje kan røre på seg utan å konstant ha kontakt med havbotnen.

³ NEAFC, NAFO, ICCAT og CCAMLR.

I 2023 kom ein til semje om teksten til ein ny avtale under havrettskonvensjonen om marine verneområde og konsekvensutgreiing av aktivitet i internasjonalt farvatn. Det er avklart at denne avtalen ikkje skal gjere inngrep i kompetansen til regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar, men altså verke parallelt med 1995-avtalen om fiske på det opne havet (sjå nærmare omtale i kapittel 2.3).

Fiske i Polhavet

I november 2017 vart dei fem kyststatane rundt Polhavet (Noreg, Russland, USA, Canada og Danmark/Grønland) og fjernfiskeaktørane Kina, Japan, Sør-Korea, Island og EU samde om ein ny rettsleg bindande avtale som skal hindre uregulert fiske i Polhavet, den såkalla Polhavsavtalen. Partane til avtalen avstår frå å la fiskefartøya sine fiske i internasjonalt farvatn i Polhavet.

Det er per i dag ikkje kommersielt fiske utanfor dei 200 nautiske mils sonene i Polhavet som dei fem kyststatane rundt Polhavet har. Ifølgje forskinga som er gjort, er eit slikt fiske heller ikkje sannsynleg med det første. I Oslo i juli i 2015 underteikna likevel Noreg og dei fire andre kyststatane til Polhavet ei erklæring om vitenskapleg samarbeid og tiltak mot uregulert fiske i internasjonal del av Polhavet for å unngå at eit eventuelt framtidig uregulert fiske skal oppstå. For å samle fleire aktørar bak desse tiltaka vart prosessen utvida hausten 2015 ved at fjernfiskeaktørane òg var inviterte til å forhandle om ein ny avtale om fiske i Polhavet. Forhandlingane varte i to år og viste naturlege motsetnader mellom kyststatane og fjernfiskeaktørane. Forhandlingane vart likevel slutførte i november 2017, og den endelege avtalen vart signert 3. oktober 2018. Noreg ratifiserte avtalen 8. juni 2020. Avtalen vart formelt gjort gjeldande 25. juni 2021 då Kina, som den siste av signatarane, overleverte ratifikasjonsdokumenta til Canada, som er depositar til avtalen.

Hovudelementa i avtalen er at partane forpliktar seg til å avstå frå uregulert fiske i internasjonalt farvatn, ein intensjon om å bidra til vern og berekraftig bruk av fiskeriresursar i Polhavet, regulering av forsøksfiske, etablering av eit vitenskapleg program, etablering av eit partsmøte med relativt omfattande vedtakskompetanse og ein intensjon om etablering av nye regionale fiskeriforvaltingsmekanismer om det skulle vere nødvendig på eit seinare tidspunkt.

Det tredje partsmøtet under avtalen vart halde 10.–12. juni 2024 i Incheon i Sør-Korea, med delta-

karar frå alle dei ti partane i tillegg til fleire observatørar. Her vart partane mellom anna samde om ei førebels regulering av forsøksfiske, som er eit sentralt omsyn i sjølve Polhavsavtalen. Ved dei tidlegare partsmøta har partane mellom anna vedteke prosedyrereglar og formalisering av forskingssamarbeidet.

Rammeavtalar

Sjølv om opprettinga av dei økonomiske sonene gav kyststaten suverene rettar til å fiske i si sone, ville slike reine nasjonale fiskeri skape store endringar i det tradisjonelle fiskemønsteret. Noreg valde difor å inngå langsiktige rammeavtalar som opnar for årlege avtalar om utanlandsk fiske i norske havområde og norsk fiske i havområda til andre land. Rammeavtalane er langsiktige og overordna avtalar som dreg opp prinsippa for det enkelte samarbeidet. Noreg har inngått slike avtalar med Russland, EU, Storbritannia, Færøyane, Grønland og Island.

Målet med rammeavtalane er å oppnå ein rimeleg balanse i det gjensidige fisket mellom avtalepartane. Avtalane med EU, Russland og Storbritannia inneheld i tillegg reglar for samarbeid om forvaltninga av fellesbestandane i Nordsjøen og Barentshavet. Noreg har i tillegg ein avtale med EU om fiske i Skagerrak, og svensk tilgang til fiske i norsk sone.

Årlege avtalar med andre land

I tråd med det rammeverket som er gjort greie for ovanfor, fører Noreg årleg tosidige og fleirsidige forhandlingar med ei rekkje land om forvaltning og bevaring av fiskebestandar, om gjensidig fangstløyve og fiskekvotar og om einsidig løyve for nokre land til å fiske i norske jurisdiksjonsområde. I kapittel 3 gjer vi greie for desse avtalane.

FNs mat- og jordbruksorganisasjon (FAO)

FAO (Food and Agriculture Organization), med hovudsete i Roma, er FN-organisasjonen for ernæring, landbruk, skogbruk, fiskeri og akvakultur.

Det øvste organet i FAO er Rådet, medan det øvste organet i fiskerispørsmål er fiskerikomiteen (Committee on Fisheries, COFI). Denne møtest annakvart år. I tillegg er det ein underkomité for akvakultur, ein underkomité for handel med sjømat og ein underkomité for fiskeriforvaltning under COFI. Desse held normalt møta sine dei åra COFI ikkje møtest. Den sistnemnde er den nyaste av dei tre underkomiteane og møttest for første

gong i januar 2024. Målet med den nye underkomiteen er å skape ein god arena for å diskutere fiskeriforvaltningsspørsmål av meir teknisk karakter.

Forutan å utarbeide globale oversikter over fiskeriresursane i verda, akvakulturproduksjon m.m. arbeider COFI med å utforme globale retningslinjer og handlingsplanar for forvaltninga av fiskeressursar og akvakulturproduksjon. Dei arbeider òg med havmiljøspørsmål generelt. I tillegg er FAO rådgjevar og fagleg bidragsytar overfor utviklingsland.

Utforminga av den globale framferdskodeksen for ansvarlege fiskeri (Code of Conduct for Responsible Fisheries) har vore særleg viktig. Denne vart slutført i 1995 og har sidan spelt ei stor rolle for vidareutvikling og implementering av ei rekkje fiskeriforvaltningstiltak nasjonalt og internasjonalt.

Den 36. sesjonen i COFI vart halden 8.–12. juli 2024. Noreg la fram innlegg som støttar opp under dei overordna norske måla om å fremje matsikkerheit, berekraftig forvaltning og lønnsam næringsverksemd, å nedkjempe fattigdom og å fremje likestilling, menneskerettar og klima- og miljøomsyn. Noreg er òg oppteken av at arbeidet i COFI blir organisert på ein formålstenleg måte, og jobbar strategisk med dette overfor FAO.

Regulering av utanlandsk fiske i norske farvatn

Utover det utanlandske fisket i norske farvatn som er avtalt i dei årlege fiskeriatvatalane, har Noreg fastsett eit generelt forbod mot utanlandsk fiske i norsk økonomisk sone og i fiskerisona rundt Jan Mayen. Det er krav om lisens for utanlandske fartøy som skal fiske i desse områda, for å sikre at fangsttinsatsen er i samsvar med dei tildelte kvotane, og for å gjere det mogleg med ein effektiv kontroll. Det avtalte utanlandske fisket er vidare regulert gjennom forskrifter, og utanlandske fartøy skal sende fangstrapporatar til norske styresmakter.

Sjølv om det ikkje er noko rettsleg hinder for at Noreg kan vedta tilsvarende reguleringar for fiskevernsona ved Svalbard òg, har Noreg førebels ikkje gjort det generelle forbodet for utanlandske fiskarar gjeldande i fiskevernsona. Per i dag er det fastsett reguleringar av fisket etter torsk, reker, blåkveite, sild, lodde, uer og hyse i fiskevernsona ved Svalbard.

2.2 Det naturvitskaplege grunnlaget for avtalane

Noreg legg stor vekt på å sikre eit best mogleg vitenskapleg grunnlag for fiskeriforvaltninga. Både den nasjonale forvaltninga og dei årlege forhandlingane Noreg fører med andre land, er i hovudsak baserte på rådgjevinga frå Det internasjonale rådet for havforskning (ICES, sjå boks 2.1). Havforskningsinstituttet deltek med store ressursar i arbeidet ICES gjer med bestandsvurdering og rådgjeving. Dette kapitlet presenterer sentrale omgrep i den vitenskaplege rådgjevinga.

Kompensatorisk vekst

Fangstvolumet i fiskeria blir avgrensa av produksjonsevna til fiskebestandane. Når ein haustar frå bestandane, aukar produktiviteten. Dette blir kalla kompensatorisk vekst. Det som biologisk sett gjev optimal skattlegging, er å hauste overskotet av den auka produksjonen. Når det blir fastsett kvotar på fiskeslag, er det difor òg nødvendig å ikkje fiske meir enn det som gjev god og langsiktig produksjonsevne for fiskebestandane.

Forenkla kan ein seie at ein uutnytta bestand reproducerer seg sjølv og held ved lag eit tal og ein biomasse som er i likevekt med produksjonsgrunnlaget i miljøet sitt. Dei fleste fiskepopulasjonane har likevel potensial til å produsere mange fleire rekruttar enn miljøvilkåra tillèt. Difor, når ein aukar dødelegheita ved å starte fiske, vil bestanden kunne kompensere for dette ved at fleire rekruttar enn tidlegare overlever. Bestanden minkar, men for eit bestemt innsatsnivå vil han kunne stabiliserast og gje eit vedvarande stabilt utbyte tilsvarende den overskotsproduksjonen som er generert. Denne kompensasjonen aukar med veksande dødelegheit, men blir det fiska for mykje, vil bestanden som er igjen, ikkje lenger makte å kompensere uttaket.

Ettersom berekapasiteten ikkje er konstant, må ein overvake bestandane nøye og hyppig for å fange opp dei store variasjonane i rekruttering som dei fleste av dei kommersielle fiskebestandane våre har.

Bestandsvurdering

Forskarane bruker vanlegvis ein kombinasjon av informasjon frå fangststatistikk og data frå vitenskaplege tokt for å vurdere bestandssituasjonen. I tillegg til å vurdere kor stor bestanden er, ser forskarane på den relative fordelinga av aldersgrupper for å vurdere reproduksjonsevna til

bestanden i åra som kjem. Prøvar av mageinnhaldet til fisken fortel kva fisken har ete, og over tid gjev dette forskarane kunnskap om viktige samanhengar i økosystemet. Lange tidsseriar med data aukar presisjonen i kunnskapen år for år, slik at forskarane får betre innsyn i korleis bestandane endrar seg over tid. Likevel vil bestandsvurderingane alltid vere noko usikre, og dei siste åra i tidsserien er meir usikre enn dei lenger tilbake i tid. Artane lever i store havområde og blir påverka av mange faktorar i tillegg til fisket. Det er òg skilnader i datagrunnlaget for ulike bestandar. Sjølv for dei viktigaste kommersielle bestandane kan datagrunnlaget vere mangelfullt, særleg når det gjeld volumet og alderssamansetjinga i fangstane.

Føre-var-prinsippet

Føre-var-tilnærming til forvaltning av naturressursar er fastsett i fleire internasjonale konvensjonar etter Rio-konferansen i 1992. Gjennom føre-var-forvaltning vil ein sikre seg mot at det blir fiska så hardt på ein bestand at det på sikt kan føre til samanbrot i bestanden.

I føre-var-forvaltning blir det definert grenseverdiar, eller såkalla referansepunkt, for gytebestanden og fiskedødsraten til ein bestand. Storleiken til gytebestanden er ein indikator på reproduksjonsevna til bestanden, medan fiskedødsraten er ein indikator på om bestanden blir hausta berekraftig.

Maksimalt berekraftig utbytte (MSY)

Føre-var-forvaltning skal sikre at ein bestand ikkje bryt saman, men denne tilnærminga legg ikkje grunnlag for å gje råd om korleis vi kan sikre det høgast moglege utbyttet av ein bestand over lang tid. Omgrepet «maksimalt berekraftig utbytte» er eit uttrykk for ønsket forvaltarane har om å hauste mest mogleg innanfor berekraftige rammer. I praksis er dette bestemt av vekstrate, naturleg dødsrate og reproduksjonsrate i bestanden.

Populasjonar må haldast ved lag innanfor sikre biologiske grenser etter føre-var-prinsippet for å gjere det mogleg å få det høgaste berekraftige langtidsutbyttet. Denne tilnærminga vil innanfor desse grensene finne det nivået av gytebestand og fiskedød som fremjar størst mogleg produksjon over tid.

Boks 2.1 ICES – Det internasjonale rådet for havforskning

Det internasjonale rådet for havforskning er ein ubunden, vitskapleg organisasjon som gjev råd om forvaltninga av dei marine ressursane og det marine miljøet i konvensjonsområdet. ICES vart danna i 1902 og har i dag 20 medlemsland på begge sider av Nord-Atlanteren.¹ Sekretariatet til ICES ligg i København.

ICES arbeider for å fremje den vitskaplege forståinga av dei marine økosystema. Målet er å gje styresmaktene råd baserte på den beste tilgjengelege vitskapen, slik at dei kan ta kunnskapsbaserte val om berekraftig bruk av dei marine miljøa og økosystema.

ICES har eit nettverk av meir enn 6 000 forskarar frå over 700 marine forskingsinstitutt i 20 land. Det vitskaplege arbeidet blir styrt av vitskapskomiteen til organisasjonen.

Den rådgjevande komiteen ACOM gjev kvart år råd om fangstmengder for dei viktigaste fiskeslaga i Nordaust-Atlanteren. Råda er baserte på data og vitskaplege analysar frå ei rekkje ekspertgrupper. Kartet nedanfor viser dei ulike statistikkområda som ICES nyttar i rådgjevinga si.




Figur 2.2 Medlemslanda i ICES.

¹ Som følge av den russiske invasjonen i Ukraina vedtok ICES å mellombels suspendere russiske delegatar, medlemmer og ekspertar frå aktivitetane til ICES frå og med 30. mars 2022. Russland har sett i gang ein prosess for å melde seg ut av ICES.

Boks 2.1 forts.

Råda frå ICES er offentlege, og både råd og dokumentasjon finst på nettstaden til organisa-

sjonen. Havforskningsinstituttet presenterer òg råda frå ICES på norsk på nettstaden sin.



Figur 2.3 ICES sine fiskeristatistiske område.

Tilnærminga ICES har til fiskerirådgeving

Fordi talfestinga av grenseverdier alltid er usik-ker, definerer ICES både ei absolutt grense og ei føre-var-grense. Føre-var-grensa uttrykkjer ein sikkerheitsmargin. Kor stor sikkerheitsmarginen skal vere, blir bestemt av kor sikker bestandsvur-deringa er, og kor mykje bestanden varierer natur-leg.

Sidan 1998 har ICES definert og talfesta føre-var-referansepunkt for dei fleste bestandane. Så lenge gytebestanden og fiskedødsraten til ein bestand er innanfor føre-var-verdiane, vil ICES seie at bestanden er hausta berekraftig og har god reproduksjonsevne. Om verdiane er mellom føre-var-verdiane og dei absolutte ytre grensene, vil det vere risiko for at bestanden har svi-kande reproduksjonsevne eller ikkje blir hausta berekraftig. ICES vil då råde forvaltarane til å setje i

verk tiltak for å få bestanden opp igjen på eit trygg-gare nivå. Dersom gytebestanden er lågare eller haustingsgraden høgare enn dei absolutte grense-verdiane, vil det vere stor risiko for dårleg rekrut-tering.

Tilnærminga ICES har til fiskerirådgeving, integrerer føre-var-tilnærminga med målsetjinga om å oppnå eit maksimalt langtidsutbyte (MSY), dersom ikkje det er bede om noko anna. Målsetjinga er, i samsvar med heilskapen i internasjonale retningslinjer, å gje råd som fører til eit høgt langtidsutbyte samstundes som ein held ved lag produktive fiskebestandar i marine økosystem som òg oppfyller relevante miljøkrav. MSY er eit generelt omgrep som siktar mot å oppnå høgast mogleg langtidsutbyte. ICES ser det slik at utbyttet som skal maksimerast, er delane av fangsten som blir landa, målt i vekt.

FN-avtalen frå 1995 (Annex 2) inneheld retningslinjer for å nytte ei føre-var-tilnærming innanfor eit MSY-rammeverk. I samsvar med ei føre-var-tilnærming må ein halde bestandane innanfor sikre biologiske grenser for å kunne oppnå MSY. Innanfor sikre biologiske grenser må ein bruke ei MSY-tilnærming for å maksimere langtidsutbyttet. All ICES-rådgjeving er i samsvar med føre-var-tilnærminga, som er eit nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg vilkår for MSY.

Mange av modellane (matematiske og konseptuelle) som blir brukte til å estimere MSY og tilhøyrande storleikar, føreset at faktorar som ikkje eksplisitt inngår i modellane, anten er konstante eller varierer rundt eit langtidsgjennomsnitt. Marine økosystem er derimot dynamiske, og fiskebestandar vil endre seg ikkje berre på grunn av endringar i fiskepress og fiskemønster, men òg på grunn av endringar i predator- og byttedyrbestandar og klima. ICES ser difor på MSY-referansepunkt som gyldige berre på kort og mellomlang sikt (typisk frå fem til ti år). MSY-referansepunkt bør difor revurderast med jamne mellomrom og modifierast i samsvar med ny informasjon og forståing av prosessane i økosystemet.

Økosystembasert forvaltning

Forvaltninga har dei seinare åra endra seg frå berre å sjå på éin bestand om gongen til i større grad å sjå fleire bestandar i eit økosystem i samanheng, noko som gjerne blir kalla økosystembasert forvaltning. Ingen fiskebestand lever isolert frå økosystemet og andre bestandar. Dei konkurrerer om same føda, eller éin bestand lever av å beite på ein annan bestand. I tillegg blir både bestandane og nærings-tilgangen påverka av klimaendringar. Dette må vi ta omsyn til i fiskeriforvaltninga. Ettersom dei ulike bestandane endrar storleik av naturlege årsaker, som følgje av klimaendringar eller på grunn av fiskeria, vil det òg påverke kor mykje vi kan fiske av andre bestandar i same området. I bestandsvurderinga for lodde, torsk og hyse i Barentshavet tek vi omsyn til kor mykje lodde, småtorsk og småhyse den store torsken set til livs. Beitepress frå torsk og andre predatorar blir òg teke omsyn til i bestandsvurderingane for botnfisk, sild og brisling i Nordsjøen. Basert på ein rapport frå 2018 har Havforskningsinstituttet utarbeidd planar for korleis ein kan ta omsyn til fleire bestandsinteraksjonar i bestandsvurderingane. Havforskningsinstituttet har òg utvikla klimasårbarheitsanalysar for dei kommersielt viktigaste bestandane våre, der biologisk sårbarheit og eksponering for framtidige klimaendringar blir analyserte.



Figur 2.4 Ine Moksness sorterer fangsten på forskningstokt i Nordsjøen.

Foto: Åse Husebø, Havforskningsinstituttet.

Sjølv om ei integrert økosystembasert forvaltning har vore ein uttalt ambisjon i mange år, er det langt igjen før vi kan nå dette målet fullt ut. Dei marine økosystema er komplekse, og det er behov for auka kunnskap om samanhengane i økosystemet, ikkje minst om forholdet mellom bestandane. Ei rådgjeving som tek omsyn til alle elementa i økosystemet, inkludert klimaendringar, vil krevje kunnskap som vi ikkje har i dag, og som føreset store investeringar i både overvaking og forskning. Det er heller ikkje likefram å drive forvaltning på basis av slike råd, sidan sjølve rådgjevinga i større grad då blir ulike moglege kombinasjonar av kvotar heller enn eit konkret kvoteråd for kvar art. Det at ulike land kan ha ulike prioriteringar og mål for forvaltninga av bestandar som dei deler, kompliserer biletet ytterlegare. Økosystembasert fiskeriforvaltning omfattar, i tillegg til kvoteråd, tekniske reguleringar som minstemål, maskevidd og områdestenging. Ei økosystembasert forvaltning av havområda våre vil femne vidare enn ei økosystembasert fiskeriforvaltning. Her vil forvaltingsplanane for dei ulike havområda vere sentrale for å kunne sjå ulike typar menneskeleg aktivitet i samanheng. I denne samanhengen er det ei utfordring at fiskeriforvaltninga er internasjonal, medan forvaltingsplanane for Barentshavet, Norskehavet og Nordsjøen så langt har vore nasjonale.

Forvaltingsplan og haustingsreglar

Mot slutten av 1990-åra og tidleg på 2000-talet starta arbeidet med å utvikle forvaltingsplanar for mange bestandar. Dette var eit stort steg i retning av meir føreseieleg fiskeriforvaltning når det gjeld både kvoterådgeving, fastsetjing av kvotar og andre reguleringar av fisket.

Ein forvaltingsplan er ei konkretisering av målsetjingane forvaltingsstyresmaktene har for forvaltninga av ein bestand, uttrykt gjennom haustingsreglar. Det er forvaltarane som har ansvaret for å vedta haustingsreglar, men reglane blir laga i samarbeid mellom forvaltarar og forskarar. Før nye haustingsreglar blir endeleg vedtekne, sender kyststatane dei gjerne til ICES, som vurderer om reglane er i tråd med føre-var-tilnærminga og faktisk fører til at forvaltarane kan nå dei måla som er sette. Når det ligg føre vedtekne haustingsreglar, byrjar ICES å gje sine råd i tråd med desse reglane.

I byrjinga skulle haustingsreglane i all hovudsak berre tilfredsstillte føre-var-tilnærminga; dei skulle kort sagt vareta berekraftsprinsippet. Etter kvart har målsetjinga i fiskeriforvaltninga endra seg meir i retning av maksimalt langtidsutbyte av bestandane. Andre generasjons haustingsreglar varetek begge desse formåla.

Vi har no fått på plass planar for dei fleste viktige bestandane i Barentshavet og Norskehavet, og det er ei målsetjing å oppdatere desse planane regelmessig. Vi skal òg starte arbeidet med forvaltingsplanar for nokre av bestandane i Nordsjøen. I dette området har råda for dei aller fleste bestandane blitt gjevne som MSY-råd dei siste åra.

2.3 Internasjonale havmiljøprosessar

Sidan starten på 2000-talet har havmiljøspørsmål vekt aukande interesse i Generalforsamlinga i FN, i globale miljøkonvensjonar og i opinionen. Havretten utviklar òg nye prinsipp for å sikre biologisk mangfald, og berekraftig forvaltning av dei levande marine ressursane er innført i internasjonale instrument og i norsk rett.

Utfordringar

Kunnskapen om den samla verknaden av alle typar påverknader på det marine miljøet aukar. Miljøutfordringane i havet spenner frå tradisjonell forureining som nærings salt og helse- og miljøfarlege kjemikaliar, den stadig aukande mengda av plastavfall og mikroplast som kan bli eten av

plankton, fisk, kval og sjøfugl, til verknadane som dei stadig aukande klimaendringane har på havforsuring, temperaturauke og etterfølgjande endringar i bestandsutbreiinga. Fiskeri påverkar økosystemet og etterlèt seg eit klimafotavtrykk, på line med andre næringsaktivitetar. Globalt er meir enn ein tredel av kommersielle fiskebestandar overfiska, og trenden er svakt aukande. FAOs statusrapport for fiskeri og akvakultur syner samstundes at bestandssituasjonen betrar seg der ein maktar å etablere fiskeriforvaltning. I tillegg er det slikt at det vil vere positivt for klimaet å auke konsumet av berekraftig hausta sjømat i kosten i staden for landdyr med større klimafotavtrykk.

Globale forpliktingar

Dei internasjonale havmiljøprosessane, mellom anna dei årlege FN-resolusjonane om havmiljø og fiskerispørsmål, set rammevilkår for global, regional og statleg forvaltning av marint biologisk mangfald. Dei påverkar dermed handlingsrommet for utforminga av norsk havressursforvaltning, og igjen lønnsenda i norsk fiskerinæring. Noreg deltek difor breitt og koordinert i dei globale avgjerdsprosessane for havmiljøspørsmål. I fiskeriresolusjonen forhandla ein i 2022 særskilt om nye botnfiskereglar etter at FN hadde gått gjennom oppfølginga frå statar og regionale fiskeriorganisasjonar (RFMO-ar) tilbake til 2006. I fiskeriresolusjonen i 2024 beheldt ein samanhengane mellom fiskeri og klimaendringar – trass i stor motstand, som til ein viss grad deler nord og sør. Forhandlingane blir i aukande grad prega av motstand mot nye globale reguleringar. Noreg fekk gjennomslag for å setje samanhengen mellom havforureining og effektar på sjømat og helse i fokus. NEAFCs arealtiltak for å bevare havbotnen (såkalla OECM-tiltak) vart tekne godt imot.

Det er stor skilnad på oppfølginga i dei ulike verdshava, noko som mellom anna kjem av ulik tilgang til administrative og finansielle ressursar. Vi vil halde fram arbeidet for at meir av sjøarealet skal kunne nyttast berekraftig til matproduksjon, innan både fiskeri og havbruk. Med ei veksande verdsbefolkning trengst meir mat, og mykje av den auka matproduksjonen må hentast der det største potensialet finst – frå havet. Men det føreset at ein globalt forbetrar etterlevinga av internasjonale reglar, handsamar den aukande forureininga og aktivt tilpassar seg til eit endra klima.

I 2015 fastsette Generalforsamlinga i FN 17 mål (Sustainable Development Goals – SDG-ane) for ei berekraftig utvikling fram mot 2030. Sjø-

matproduksjon er relevant for fleire av måla, men særleg mål 2 om matsikkerheit, ernæring og berekraftig matproduksjon, mål 3 om helse, delmål 12.3 om redusert matsvinn og mål 14, som omfattar havmiljøspørsmål: «bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling». Under dei tilhøyrande delmåla skal det utviklast indikatorar for rapportering nasjonalt og internasjonalt (sjå kapittel 2.5). Under førre regjering vart det lagt fram ein nasjonal handlingsplan, som vart revidert av noverande regjering og handsama i Stortinget vinteren 2022. Meldinga tok føre seg oppfølging av mellom anna dei måla som er rekna som mest krevjande for norsk forvaltning. Norsk oppfølging av berekraftsmål 2 og 14 avheng òg av korleis nabokyststatar følgjer opp krava til mindre forureining og felles forvaltning av artar som migrerer mellom ulike økonomiske soner. Miljødirektoratet og Fiskeridirektoratet har rekna ut at i alt 44 prosent av Noregs økonomiske sone har fiskeritiltak som bidreg til å bevare marine ressursar. Noreg leier òg det globale handlingnettverket *Food from the Oceans and Inland Waters for Food Security and Nutrition* under FN-paraplyen, eit nettverk som fremjar berekraftige akvatiske mat-system frå sunne hav til sunn befolkning, og som mellom anna inkluderer berekraftig fiskeri.

I mai 2023 opna FN opp igjen den såkalla review-konferansen under FN-avtalen om fiske på det opne havet (UNFSA). Sist gong konferansen vart halden, var i 2016. Der vestlege land var relativt samstemte om behovet for forbetringar innan internasjonalt fiskeri, klarte nokre få statar å blokkere semje. Det kom tydelegast fram i spørsmål knytte til behovet for å sjå fiskeriforvaltning i samheng med annan påverknad på havet, andre næringar og nye globale avtalar og forpliktingar, og særskilt i omtalar av det nye rammeverket til konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) (frå 2022, om globale mål for bevaring) og den nye etterlevingsavtalen under havrettskonvensjonen (den såkalla BBNJ-avtalen, sjå nedanfor). FN-avtalen om fiske er den eine av dei to eksisterande etterlevingsavtalane under havrettskonvensjonen, og review-konferansen er det nærmaste ein kjem eit partsmøte. Konferansen gjer vedtak som gjeld for statar og RFMO-ar. Ein ny review-konferanse skal haldast tidlegast i 2028.

Statsminister Jonas Gahr Støre leier, saman med presidenten i Palau, det internasjonale Havpanelet, som vart oppretta i 2018. Hovudmålet til Havpanelet er å få til berekraftig forvaltning av dei økonomiske sonene til kyststatane. Hav-



Figur 2.5 Sortering av fangst i solnedgang utanfor Angola.

Foto: Rokas Kubilius, Havforskningsinstituttet.

panelet støttar målet om 30 prosent vern og bevaring av hav- og kystområde, eit mål som CBD òg vedtok i partsmøtet i desember 2022. Her utgjer fiskeritiltaka viktige bidrag til bevaring.

Fiskeriaktivitet og miljøpåverknad

Fiskeriaktivitet får mykje negativ merksemd i ulike internasjonale samanhengar, iblant med rette. Men når det gjeld Noreg, er vi blant dei fremste i å utvikle berekraftig fiskeri, skjermesårbar botnhabitat og setje kvoteråd baserte på vitenskaplege råd. FAOs statistikk viser framleis ein svak auke i globalt overfiske. Internasjonal kritikk er til dels ein kompetansestrid om kva verkemiddel som eignar seg best til bevaring og bruk. Trass i mange internasjonale vedtak og avtalar dei siste tiåra er etterlevinga av avtalane framleis svært ujevn mellom statane. Når statar og sektorar ikkje evnar å etterleve, foreslår andre at løysinga må bli vern av sjø- og havareal mot mellom anna fiske og klimaendringar.

Noreg nyttar kunnskap og erfaring for å arbeide for ei betre regional og statleg fiskeriforvaltning nær der utfordringane oppstår, og der løysingane òg ligg. Etter mykje merksemd kring skadar frå fiske på havbotnen, har ei rekkje FN-resolusjonar bede FN's mat- og jordbruksorganisasjon (FAO) og dei internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonane redusere skadeverknader på sårbar botnhabitat. Revisjonen FN gjorde av dette i 2022, viste gode resultat for dei områda norske fartøy fiskar i. Globalt er botnfiske tillate i berre 1 prosent av arealet utanfor nasjonal jurisdiksjon. Meir enn 19 internasjonale avtalar og instrument

regulerer djuphavsfiske utanfor nasjonal jurisdiksjon. I tillegg har fiskeriforvaltingsorganisasjonane som Noreg er medlem i, vedteke arealbaserte stengingar mot botnfiskeri for å verne sårbare marine økosystem på havbotnen. Den viktigaste organisasjonen for Noreg er Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen (NEAFC, sjå kapittel 3.4.1).

Tapte fiskereiskapar kan halde fram med å fiske i mange år etter at dei er tapte. Dette blir kalla «spøkjelsesfiske» og fører til skjulte og uønskte uttak av fiskeressursar og skaldyr. Tapte reiskapar er òg ei av dei største kjeldene til plastforureining frå fiskeria. Yrkesfiskarar er forplikta til å sokne etter tapt reiskap. Dersom dei ikkje finn igjen reiskapen, må dette rapporterast. Fiskeridirektoratet har sidan tidleg i 1980-åra gjennomført årlege oppryddingstokt langs norskekysten, og tokta blir stadig utvida, til dømes til også å omfatte snøkrabbefiske i Svalbardsona. Nyare kunnskap viser at områda innanfor grunnlina har større mengder tapte fiskereiskapar enn ein tidlegare trudde. I 2021 vart det gjennomført ei oppreinsking av tapte og attståande fiskereiskapar innanfor strekninga Ålesund–Kirkenes. Totalt vart det teke opp 1 029 garn, cirka 78 600 meter line, om lag 15 400 meter med tauverk, om lag 3 000 meter med trålwire, diverse komponentdelar frå trål, snurrevad og snurpenot og dessutan betydelege mengder med bøyer og anker. Miljødirektoratet og Sjøfartsdirektoratet har foreslått å innføre eit generelt avfallsgebyr i alle hamner for å finansiere kostnader til å handtere oppfiska avfall. Tanken er at gebyret skal erstatte ordninga med miljøprosjektet Fishing for Litter, som tidlegare har fått støtte frå fiskeriforvaltinga.

Miljøavtalar

Under CBD vart det ved partsmøtet COP15 i desember 2022 vedteke eit nytt globalt rammeverk med ulike handlingsmål fram mot 2030. Rammeverket, som òg blir kalla naturavtalen, inneheld mellom anna mål om 30 prosent marin bevaring gjennom verneområde og dessutan andre arealmessige tiltak, som skal ha som verknad å hegne om naturverdiar og økologisk mangfald (såkalla OECM-tiltak). Noreg har stadfesta mange slike arealbaserte tiltak for bevaring gjennom fiskerilovgjevinga. Nærings- og fiskeridepartementet arbeider for å gjere dei synlege i det internasjonale arbeidet med å ta vare på det marine miljøet.

CBD, konvensjonen om internasjonal handel med trua plante- og dyreartar (CITES) og konven-

sjonen om migrerande artar (Bonnkonvensjonen) er alle døme på globale miljøavtalar som får verknad for forvaltinga av kommersielle fiskeartar. Mellom anna har konvensjonane verna seintveksande migrerande artar som haiar og skatter. Både FNs klimakonvensjon og EUs nye biodiversitetsstrategi under «Green Deal» kan få innverknad på hav- og fiskeriforvalting. Det same gjeld arbeidet EU gjer med å utvikle ein taksonomi. Taksonomiforordninga er EØS-relevant og blir gjennomført i norsk rett, jf. *lov 22. desember 2021 om offentliggjøring av bærekraftsinformasjon i finanssektoren og et rammeverk for bærekraftige investeringer*. Lova tok til å gjelde 1. januar 2023. Taksonomien etablerer rammeverket for eit klassifiseringssystem (ein taksonomi) for berekraftig økonomisk aktivitet og vil òg omfatte fiskeri- og havbruksnæringa.

Generalforsamlinga i FN vart i 2023 samd om ein ny juridisk bindande havmiljøavtale for internasjonale havområde (etterlevingsavtale) under havrettskonvensjonen (kalla BBNJ). Avtalen vil regulere utnytting av marine genetiske ressursar, etablering av marine verneområde, konsekvensutgreiingar og kapasitetsbygging i utviklingsland. Avtalen skal komplettere eksisterande avtalar, til dømes under FNs internasjonale maritime organisasjon (IMO), og dei eksisterande implementeringsavtalane under havrettskonvensjonen, medrekna FN-avtalen om fiske på det opne havet (UNFSA) og regelverk under den internasjonale havbotnstyresmakta (mineralressursar). Avtalen set òg krav til utgreiing av konsekvensar frå tiltak i nasjonale soner som kan gje negativ påverknad ut i internasjonale farvatn. Han trer i kraft etter at 60 partar har ratifisert. Med den nye avtalen er det von om eit forbetra samarbeid på tvers av sektorar.

Regionale løysingar

NEAFC og konvensjonen om vern av havmiljøet i det nordaustlege Atlanterhavsområdet (OSPAR) har oppretta beskytta område (engelsk: Marine Protected Areas) i internasjonalt farvatn. NEAFC har sidan 2004 stengt stadig nye område for fiske, og desse områda dekkjer no eit areal større enn Storbritannia og Irland til saman. I 2008 oppretta dei to organisasjonane eit formelt samarbeid, og til saman regulerer dei ei rekkje ulike aktivitetar. Samarbeidet utgjer ein modell for andre regionar og syner at mange utfordringar må og kan løysast på regionalt nivå. Men ein del andre statar tek til orde for globale løysingar med mellom anna utpeiking av verneområde frå FN sentralt, slik det

mellom anna har komme fram i forhandlingane om ein ny havavtale.

Andre arealtiltak

Fiskeriforvaltinga har gjennom fleire tiår sett i verk andre tiltak for å beskytte ressursane, til dømes forbod mot å fiske med visse reiskapar, tidsavgrensa fiske, opning og stenging av fiskefelt og arealbaserte reguleringar (som korallvern og forbod mot botnfiske). Til saman medverkar alle dei nemnde tiltaka til eit viktig vern eller bevaring for sårbare marine område og økosystem. Miljødirektoratet og Fiskeridirektoratet evaluerte i 2023 alle reguleringar basert på CBD sine «OECD-kriterium», og dermed har Noreg beskytta om lag 44 prosent av dei norske havområda med såkalla effektive arealbaserte tiltak frå fiskeriforvaltinga. Det er få eller ingen andre sektoraktivitetar i desse områda. I tillegg har Noreg innført andre tiltak enn dei som er nemnde ovanfor. Til dømes har Noreg òg stengt 14 gytedefelt i Oslofjorden for alt fiske av omsyn til kysttorsken i tida då fisken gyter. Både i media og gjennom enkelte fagartiklar kan ein få inntrykk av at fiske på det opne havet er uregulert, og at det er fritt fram for fiskarane å gjere som dei vil. Dette er ikkje tilfellet. Havrettskonvensjonen og underliggjande avtalar gjev klare reglar for utøvinga av fiskeriaktivitet på det opne havet. God forvaltning er likevel avhengig av at alle statane gjer dei pliktene dei har teke på seg internasjonalt, og gjennom deltaking i internasjonale forum jobbar Noreg kontinuerleg med å oppmode til dette.

2.4 Kontroll og handheving

2.4.1 Internasjonalt samarbeid om kontroll og kamp mot fiskerikriminalitet

Ei berekraftig hausting av fiskeressursane krev at ein kan regulere den totale fiskeriaktiviteten, at ein har kontroll med det faktiske fisket, og at ein handhevar regelverket. Å styrkje etterlevinga av fiskeriregelverket og førebyggje og kjempe mot fiskerikriminalitet er utfordrande og krev stor grad av internasjonalt samarbeid fordi fiskefartøya opererer innanfor jurisdiksjonsområda til mange ulike land og på det opne havet.

I Noreg har Fiskeridirektoratet ansvaret for fiskerikontrollen saman med Kystvakta og salslaga. Saman utarbeider dei nasjonale strategiske og operative risikovurderingar for å sikre at kontrollressursane blir sette inn der behova er størst. Ein samarbeider òg med Skatteetaten, Tolletaten, Juster-

vesenet og fleire andre etatar. Politiet og påtalemakta har ansvar for å etterforske og straffefølgje fiskerikriminalitet. For forhold utanfor territorialgrensa har statsadvokatane i Rogaland og Troms og Finnmark eit overordna påtaleansvar.

Det viser seg at ulovleg fiske i ein del tilfelle har bindeledd til anna organisert kriminell verksemd, som menneskehandel, kvitvask av pengar, skattesvik, korrupsjon og annan økonomisk kriminalitet. Det har dei seinare åra vore klart at den omfattande fiskerikriminaliteten må takast på alvor og handsamast på same viset som annan grensekryssande organisert kriminalitet. Internasjonalt arbeider Noreg hovudsakleg med FN-kontoret mot narkotika og kriminalitet (UNODC) og FN sitt utviklingsprogram (UNDP) på dette området, og Noreg støttar arbeidet begge organisasjonane gjer mot fiskerikriminalitet.

Kontroll samarbeid med andre land

Kontroll samarbeid er ein integrert del av fiskeriavtalane mellom Noreg, EU og Storbritannia og fiskeriavtalen med Russland. Formålet med kontroll samarbeidet er å sikre like konkurransevilkår ved at kontrolltiltaka så langt som mogleg er samordna mellom landa. Det finst mellom anna ei eige arbeidsgruppe for samordning av kontrolltiltak i Nordsjøen.

Noreg har tosidige avtalar om kontroll samarbeid med alle land som har interesser i norske havområde. Kontrollavtalane inneber at partane skal samarbeide om å redusere ulovleg fiske, og omfattar mellom anna rapportering av landingar av fisk frå fartøy frå tredjeland.

I kombinasjon med hamnestatskontrollavtalen har dei tosidige kontrollavtalane vore viktige for nedgangen i UUU-fiske i Nordaust-Atlanteren (sjå kapittel 2.4.2). Ikkje minst har det norsk-russiske kontroll samarbeidet vore viktig for å få bukt med det ulovlege fisket i Barentshavet. Noreg og Russland utvekslar mellom anna kvoteoversikter og landingsstatistikk gjennom året. Kring årsskiftet gjennomfører partane felles analysar av totaluttaket og uttak knytte til enkeltfartøy. Noreg og Russland utvekslar òg inspektørar som observatørar ved kontrollar på havet.

Posisjonsrapportering og elektronisk fangstrapportering er viktige element i kampen mot ulovleg fiske og organisert kriminalitet i fiskerisektoren. Det ligg føre avtalar om posisjonsrapportering mellom dei landa som har felles fiskerieressursar i Nordaust-Atlanteren. Desse avtalane reviderer ein no for å gå over på ein ny global standard for utveksling av data (UN CEFAC/FLUX).



Figur 2.6 Fiskeridirektoratet har ansvaret for fiskerikontrollen saman med Kystvakta og salslaga.

Foto: Jørgen Ree Wiig, Fiskeridirektoratet.

Noreg fekk i 2022 gjennomslag i FAOs fiskerikomiteé COFI for å setje i verk eit arbeid for globale krav om posisjonsrapportering. Noreg har òg avtalar om elektronisk utveksling av fangst- og aktivitetsdata med EU, Island, Færøyane og Storbritannia ved fiske i kvarandre sine soner. Det er inngått tilsvarande avtale med Russland, men det er førebels ikkje bestemt når avtalen med Russland vil tre i kraft.

Noreg var òg ein pådrivar for den nye kontrollavtalen for pelagisk fiske i Nordaust-Atlanteren som kom på plass hausten 2022. Gjennom avtalen mellom Noreg, EU, Færøyane, Grønland, Island og Storbritannia forpliktar partane seg til å innføre ei rekkje felles kontrolltiltak og harmonisere dei nasjonale regelverka for å sikre ei felles, korrekt registrering av fangstar og landingar av makrell, NVG-sild, kolmule og hestemakrell innan 1. januar 2026.

Noreg er òg ein aktiv part i fleire regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar (RFMO-ar) der utvikling av harmoniserte kontrolltiltak er sentralt, mellom anna utvikling av regulering og kontroll av omlastingsaktivitet basert på FN's nye frivillige retningslinjer for regulering og kontroll av omlastingsaktivitet.

Internasjonale erklæringar mot fiskerikriminalitet

Generalforsamlinga i FN har i fiskeriresolusjonane sine sidan 2008 peikt på at det kan vere sambandsliner mellom ulovleg fiske og annan grensekryssande organisert kriminalitet.

Blue Justice (Blå rettferd-initiativet)

Noreg tok initiativ til ei internasjonal ministererklæring mot organisert kriminalitet i fiskerinæringa i verda under ein konferanse om fiskerikriminalitet som vart arrangert i København i 2018. Erklæringa er no støtta av 60 land.

Som ei vidareføring av Noregs internasjonale arbeid mot fiskerikriminalitet lanserte Noreg Blå rettferd-initiativet (Blue Justice Initiative), som mellom anna skal følgje opp og styrkje utviklingslanda i kampen deira mot grensekryssande organisert fiskerikriminalitet. Blå rettferd-initiativet er eit samarbeid mellom Nærings- og fiskeridepartementet og Utanriksdepartementet.

Gjennom Blå rettferd-initiativet hjelper Noreg utviklingsland med å handtere fiskerikriminalitet og koordinere ein felles innsats mot denne aktiviteten. Nærings- og fiskeridepartementet har i



Figur 2.7 Fiskeridirektoratets fartøy «Fjorgyn» kontrollerer snurrevadfiske.

Foto: Jørgen Ree Wiig, Fiskeridirektoratet.

2024 gjeve tilskot til prosjekt i FNs utviklingsprogram for å støtte opp om initiativet.

Nordisk ministerråd støtter òg NA-FIG (North Atlantic Fisheries Intelligence Group) ved å finansiere prosjektet Blue Justice Nordic for perioden 2024–2026. Prosjektet skal følgje opp den nordiske fiskekrimerklæringa for å styrkje tverretatleg samarbeid mellom dei nordiske landa.



Figur 2.8 Daverande statssekretær Bjørg Sandkjær deltok i ein delegasjon til Jamaica der ho overrekte skiltet til det nyoppretta Blue Justice Caribbean Hub til dr. Gavin Bellamy frå dei jamaikanske fiskeristyresmaktene.

Foto: FNs utviklingsprogram (UNDP).

Basert på den norske løysinga i den lukka delen av BarentsWatch har Noreg utvikla «Blue Justice Community», ei sikker, digital plattform for samhandling i arbeidet mot grensekryssande fiskerikriminalitet. FNs utviklingsprogram (UNDP) bidreg med å administrere plattformen. I 2021 vart det oppretta ei internasjonal sporingseining som Fiskeridirektoratet driv i samarbeid med Kystverket ved Sjøtrafikkentralen i Vardø. Formålet med eininga er å drive med fartøysporing og å dele denne informasjonen med utviklingsland gjennom den digitale samhandlingsplattformen «Blue Justice Community».

2.4.2 Samarbeid for at statane skal oppfylle dei internasjonale fiskeripliktene sine (kampen mot UUU-fiske)

FNs mat- og jordbruksorganisasjon (FAO) estimerer at om lag 15 prosent av all fangst er fiska ulovleg, noko som dermed er eit alvorleg trugsmål mot fiskeressursane. Arbeidet med å fremje fiskeriplikter flaggstatane har på det opne havet og i dei økonomiske sonene til andre kyststatar, og arbeidet med å hindre ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske) står difor høgt på

Boks 2.2 Blue Justice-konferanse på Oscarsborg

Den 18. juni 2024 arrangerte Blue Justice-initiativet femårskonferanse på Oscarsborg festning. Under konferansen vart «Global Investigative Ship Tracking Portal», med forkortinga GLISTRUP, lansert. Portalen er utvikla av Barents Watch-sekretariatet i Kystverket og gjev tilgang til digitale verktøy og informasjon for å kunne spore skip. Her får landa òg gratis tilgang til AIS-data frå dei norske statlege satellittane. I etterkant av konferansen vart deltakarane verande på øya for å få opplæring i å bruke desse verktøya.



Figur 2.9 Konferansedeltakarar frå 26 land på veg ut til konferansen på Oscarsborg.

Foto: Georg Kurian.

dagsordenen i kontrollsamarbeidet Noreg har med andre land, i FAO og i dei regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonane.

Svartelister og hamnestatskontroll

Dei regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonane er viktige aktørar i arbeidet med å hindre UUU-fiske av fartøy registrerte i flaggstatar, som ikkje oppfyller dei internasjonale fiskeripliktene sine. Noreg har vore ein pådrivar for å få organisasjonane vi er medlem av, til å opprette svartelister over fartøya til desse flaggstatane som driv UUU-fiske.

Fordi fartøy som driv UUU-fiske, er fjernfiskefartøy som opererer globalt, og fordi fangsten gjerne blir landa utanfor området der han vart teken, har Noreg òg arbeidd for at ulike RFMO-ar skal godta kvarandre sine UUU-lister. NEAFC fører til dømes i dag fartøy på svartelista si dersom CCAMLR, NAFO eller Den søraustatlantiske fiskeriorganisasjonen (SEAFO) kan stadfeste at fartøya har vore involverte i UUU-fiske.

Den internasjonale avtalen om hamnestatstiltak for å førebyggje, hindre og eliminere ulovleg, urapportert og uregulert fiske (hamnestatsavtalen) bidreg til betre kontroll med fisket gjennom meir aktivt samarbeid med flaggstaten ved landing av fisk i hamn. Noreg er ein av 79 statar og organisasjonar som har ratifisert avtalen, og arbeider for at fleire statar skal slutte seg til. Også dei regionale fiskeriforvaltingsorganisasjo-

nane NEAFC, NAFO, CCAMLR og ICCAT har vedteke reguleringar om hamnestatskontroll.

Etter avtalen skal partane krevje at informasjon om fartøy og fangst blir send til hamnestaten før fartøyet får tilgang til hamna. Denne informasjonen skal styresmaktene i hamnestaten bruke til å forsikre seg om at fartøyet ikkje har vore involvert i UUU-fiske. I NEAFC blir det òg kravd at flaggstaten stadfestar opplysningane frå fartøyet.

Globale retningslinjer om flaggstatsansvar og omlasting

Som eit viktig ledd i kampen mot UUU-fiske vedtok fiskerikomiteen i FAO (COFI) globale retningslinjer for flaggstatsansvar i juni 2014. Retningslinjene inneheld mellom anna kriterium for evaluering av flaggstaten og eit kapittel om samarbeid mellom flaggstatar og kyststatar.

COFI vedtok i 2022 òg globale retningslinjer for omlasting. Retningslinjene er ein av fleire delar under FAOs arbeid med vidareutvikling av FAOs Code of Conduct for Responsible Fisheries. Retningslinjene omhandlar regulering, overvaking og kontroll av omlasting av fisk og andre marine ressursar. Formålet er å leggje til rette for at enkeltland, regionale fiskerisamskipnader og andre typar mellomstatlege organisasjonar med kompetanse til å fastsetje omlastingsregelverk, kan gjere det i tråd med ein akseptert internasjonal standard.

Marknadstiltak – fangstsertifikat

Stadig fleire styresmakter stiller krav om at importert villfanga fisk skal følgjast av eit offentleg utferda fangstsertifikat. Ansvar for utferding av fangstsertifikat er i Noreg lagt til fiskesalslaga, som ein del av kontrolloppgåvene deira. Selskapet Catch Certificate SA løyser oppgåva på vegner av salslaga og utferdar om lag 40 000 sertifikat om året.

EU har hatt krav om fangstsertifikat for importert villfisk sidan 2010. Det er seinare inngått liknande avtalar på styresmaktnivå med Ukraina, Serbia, Storbritannia og Japan. Frå 2026 trer nye reglar for norske fangstsertifikat til EU-marknaden i kraft. Då vil dei norske sertifikatene bli kopla direkte mot EU sitt digitale system for fangstkontroll, «Catch».

Tunfiskorganisasjonen ICCAT har i fleire år kravd fangstdokumentasjon ved fangst av makrellstørje, storauga tunfisk og sverdfisk. CCAMLR har òg eit system for elektroniske fangstsertifikat for tannfisk.

Fiskeridirektoratet er ansvarleg for å verifisere opplysningane på sertifikatene, på førespurnad frå importland som krev sertifikat.

2.5 Anna internasjonalt fiskerisamarbeid

2.5.1 Fisk er mat

Tilgang til mat er ein grunnleggjande menneskerett, og fattigdom, matmangel og svolt er uløyslege knytte saman. Det er òg reflektert i FN's berekraftsmål.

I tråd med berekraftsmål nummer 2 er alle land forplikta til å «utrydde svolt, oppnå matsikkerheit og betre ernæring, og fremje berekraftig matproduksjon». Generalforsamlinga i FN har peikt på at global matsikkerheit er den mest krevjande utfordringa i samband med befolkningsveksten. Alle berekraftsmåla til FN heng saman og går over i kvarandre, noko som utfordrar forvaltinga på tvers av sektorar. Arbeidet med målet om matsikkerheit og ernæring (mål 2) er tett knytt til andre mål, som helse og livskvalitet (mål 3), reduksjon i matsvinn (mål 12), livet under vatn (mål 14) og å utrydde fattigdom (mål 1).

Noreg har dei seinare åra lagt særleg vekt på havet som matfat i relevante globale forum. Dette langsiktige arbeidet har gradvis byrja å gje resultat. Tradisjonelt har debatten om hav, fiskeri og akvakultur handla om økonomi eller miljø, medan bidraget til matsikkerheit og ernæring har vore

mindre vektlagt. FN-komiteen for global matsikkerheit (CFS) har peikt på dette, og tilrår at mat frå havet må inkludrast i utforminga av ernærings- og matpolitikk, og at matsikkerheit og ernæring må vere del av fiskeri- og akvakulturpolitikken. FN's fiskeriresolusjon frå 2024 understreka den aukande betydninga sjømaten har for ernæring og helse og i kampen mot fattigdom. At havet kan bidra til betre ernæring og redusert klimabelasting, er òg understreka i fleire rapportar. Fisk inneheld mange viktige næringsstoff som kan hindre såkalla skjult svolt – mangel på viktige mineral og vitamin. Noregs vektlegging på mat frå havet og kva denne maten har å seie for matsikkerheit og ernæring, har bidrege til auka merksemd på datakvalitet i matvaredatabasar, til dømes gjennom samarbeid med FAO for å oppdatere dataa om næringsinnhald i akvatisk mat i INFOODS (International Network of Food Data Systems). Under COFI i 2024 var det debatt om kor viktige sjømatdata er, på eit sidearrangement ved det globale handlingsnettverket som Noreg leier under FN's ernæringstiår (meir om dette nedanfor). Noreg har høg kompetanse på dette, og dataa til Havforskningsinstituttet ligg fritt tilgjengeleg på nett.⁴

I tillegg til at norsk fiskeri- og havbruksnæring bidreg direkte med mat, bidreg Noreg med kompetanse og kunnskap om teknologi, berekraftig forvaltning, kontroll, produksjon og samanhengen mellom sjømat, ernæring og helse.

Potensialet for produksjon frå havet er underurdert og underutnytta. Utfordringa har vore å få etablert ei politisk erkjenning av at auka produksjon av fisk er eit viktig bidrag til matsikkerheit og ernæring. Det har òg vore eit mål å få fram kunnskap om verdien av mat frå havet i eit sunt kosthald, og at forvaltinga av havet må ta omsyn til havet som matfat.

Generalforsamlinga i FN har erklært at tiåret 2016–2025 skal vere FN's ernæringstiår. WHO og FAO leier arbeidet, og eit av handlingsområda er «berekraftige og robuste matsystem for sunt kosthald». Under FN's havkonferanse i 2017 lovde Noreg å initiere eit globalt handlingsnettverk for den rolla berekraftig fiskeri- og akvakultur har for matsikkerheit og ernæring under FN's ernæringstiår. Under havkonferansen i 2022 lovde Noreg å halde fram med det globale handlingsnettverket til 2030 og å sjå arbeidet med FN's ernæringstiår i samanheng med FN-tiåret for havforskning (2025–2030). Nettverket er etablert og

⁴ <https://sjomatdata.hi.no/>



Figur 2.10 Stor artsrikdom i fangst utanfor Angola.

Foto: Rokas Kubilius, Havforskningsinstituttet.

har som mål å skape handling slik at akvatisk mat blir ein viktig nøkkel til matsikkerheit og ernæring under FNs ernæringstiår og i tråd med berekraftsmåla. Nettverket deler kunnskap om korleis ein kan sikre dei ulike elementa som må på plass i eit akvatisk matsystem for å tryggje matsikkerheita. Desse elementa er tilgang til mat (fysisk, økonomisk), nok mat (rike hav, berekraftig fiskeri og akvakultur, redusert matsvinn), trygg mat (reine hav, hygiene, framandstoff), sunn mat (næringsstoff, fôr), ernæringsmessige behov (sunt kosthald) og preferansar (kvalitet, produktutvikling, matvanar, kultur, omdømme). Nettverket rapporterer aktiviteten sin til Generalforsamlinga i FN.

FN-toppmøtet om berekraftige matsystem⁵ i 2021 understreka at det trengst ei total omlegging av måten vi produserer og konsumerer mat på. Noreg har i 2024 fremja den viktige rolla berekraftige akvatiske matsystem har i ulike samanhangar, mellom anna som gjesteland i G20, i samband med FNs uformelle konsultasjonar om havrett og på arrangement i regi av det globale handlingsnettverket, til dømes under FNs høgnivåpanel for berekraftsmåla (HLPF), COFI og CFS. Det trengst ei heilskapleg tilnærming og samarbeid

⁵ Berekraftige matsystem skal sørge for matsikkerheit og god ernæring for alle og sikre det økonomiske, sosiale og miljømessige grunnlaget for matsikkerheit og ernæring for framtidige generasjonar. Det omfattar alle aktørar.

mellom ulike sektorar og aktørar som har ansvar for, og som påverkar dei ulike elementa for matsikkerheit. Det handlar om å vareta akvatiske matsystem – frå råvarene blir hausta og produserte i reine, rike hav, til sunn og trygg mat frå havet blir seld og eten som del av eit sunt og klimavennleg kosthald (figur 2.11). Regjeringa vil fremje havet som eit viktig matfat og leggje til grunn og omtale at mat frå havet er ein viktig bidragsytar til berekraftige matsystem og matsikkerheit, inkludert i nasjonalt og internasjonalt arbeid som handlar om berekraftig forvaltning av hav, akvakultur og fiskeri, matsikkerheit og ernæring.

Å redusere matsvinn er viktig for matsikkerheita. Noreg har auka merksemd på matsvinn (delmål 12.3). Det hjelper lite å produsere meir mat om ikkje maten når fram til forbrukarane, eller om han er bederva på marknadsplassen. FAO estimerer at 35 prosent av all fisk som blir fiska og alt opp, går tapt. Det utgjer om lag 50 millionar tonn. Blå sektor deltek i bransjeavtalen mellom norske styresmakter og næringsaktørane om å halvere matsvinn, i tråd med FNs berekraftsmål.


2.5.2 Utviklingssamarbeid

I norsk utviklingssamarbeid er fiskeri- og havressursforvaltning eit prioritert tema. Eit reint og sunt hav er ein føresetnad for å oppnå betre levekår i kystsamfunn og ein inkluderande havøkonomi, og havet spelar ei nøkkelrolle for å nå fleire av berekraftsmåla som er relevante i samband med dette.

For å nå berekraftsmåla jobbar vi saman med partnerlanda våre, multilaterale organisasjonar, sivilsamfunnsorganisasjonar og privat næringsliv.

Norsk havressursforvaltning nyt stor respekt internasjonalt og har spelt ei sentral rolle i utforminga av internasjonale fiskeri- og havforvaltningsregelverk, inkludert avtalar og regelverk knytte til havrettslege tema som utvinning av mineral på havbotnen, botnfiske, hamnestatskontroll, utkast og bifangst. Noreg får difor mange førespurnader frå utviklingsland om å bidra til å utvikle fiskeri- og havbruksnæringa deira, og fleire norske institusjonar bidreg i utviklingssamarbeidet med andre land innanfor fiskeri- og havbistand.

I tillegg har Noreg vore ein pådrivar innanfor arbeidet mot marin forsøpling og har sidan 2014 vore leiande i det internasjonale arbeidet under FNs miljøprogram, for å få fram ein ny global avtale for å motverke marin plastforsøpling og mikroplast.



Figur 2.11 Mat frå havet og matsikkerheitsarbeid.

«Fisk for utvikling»

Fiskeri- og oppdrettssektoren bidreg direkte til matsikkerheit, sysselsetjing, eksportinntekter og skatteinntekter. Ein styrkt sektor vil difor kunne gje betra tilgang til mat og kjempe mot fattigdom.

Noreg har sidan 1952 hjelpt utviklingsland innfor fiskeri og akvakultur, og i 2017 vart programmet «Fisk for utvikling» etablert for å auke effekten av bistand knytt til bærekraftig bruk av levande marine ressursar.

Programmet skal setje all norsk bistand til fiskeri- og akvakultur i samanheng og bidra til bærekraftig utvikling av fiskeri- og akvakultur i utviklingsland.

«Fisk for utvikling» er innretta i tre hovudkomponentar: 1) fiskeriforvaltning, inkludert kampen mot ulovleg fiske, 2) utdanning og forskning, inkludert EAF-Nansenprogrammet, og 3) næringsutvikling, inkludert akvakultur.

EAF-Nansenprogrammet er sentralt i «Fisk for utvikling». I tillegg til dette har Noreg etablert fleire bilaterale samarbeid mellom anna i Colombia, Ghana og Sri Lanka, og har dessutan gjeve støtte til multilaterale organisasjonar og sivilsamfunnsorganisasjonar for å bidra til å styrkje utviklinga av fiskeri og akvakultur i utviklingsland.

«Hav for utvikling»

I 2019 vart bistandsprogrammet «Hav for utvikling» lansert som ei av dei norske forpliktingane under Our Ocean-konferansen i Oslo. Programmet skal bidra til at partnerlanda utviklar og styrkjer rammeverket sitt for bærekraftig og heilskapleg havforvaltning innanfor ramma av havretten.

«Hav for utvikling» er eit kunnskapsprogram med hovudvekt på fagleg samarbeid innan heilskapleg havforvaltning og tverrsektoriell koordinering, men samstundes òg ei tematisk satsing som støttar prosjekt som bidreg til måla for programmet. «Hav for utvikling» skal òg leggje til rette for samordning og felles formidling av Noregs havinnsats i utviklingssamarbeidet.

Noreg har inngått samarbeid om bilaterale program under «Hav for utvikling» mellom anna i Indonesia og Mosambik og arbeider no med eit «Hav for utvikling»-program i Kenya. Det skal òg greiast ut om det er mogleg å etablere «Hav for utvikling» i Ghana i 2025. Desse bilaterale programma er utforma basert på tett dialog med styresmaktene i partnerlanda, og trekkjer på kompetanse og ekspertise ved norske institusjonar innanfor tema som havforvaltning, forskning innanfor fiskeri, akvakultur og miljø og statistikk. I tillegg har Noreg inngått avtalar med sivilsamfunn og multilaterale organisasjonar for å styrkje kapasiteten til utviklingsland når det gjeld havforvaltning.

Boks 2.3 EAF-Nansenprogrammet

Nansenprogrammet (seinare EAF-Nansenprogrammet) har vore ein hjørnestein i norsk fiskeritvillingssamarbeid og feirar i år 50-årsjubileum. Programmet er tufta på ein avtale inngått med FN's mat- og jordbruksorganisasjon (FAO) om at Noreg skulle stille til disposisjon og drifte eit fiskeriforskningsfartøy. Skipet, som fører både norsk flagg og FN-flagg, utgjør hovudverktøyet for ressursprogrammet. Sidan 1975 har over 60 land i Afrika, Asia, Mellom-Amerika og Sør-Amerika fått assistanse til kartlegging og overvaking av fiskeressursar og hjelp med opplæring og utdanning. For mange land har slik kartlegging gjeve eit særskilt viktig datagrunnlag for berekraftig fiskeriforvaltning og investeringsplanar i flåte og industri. Ressurskartlegginga frå EAF-Nansenprogrammet er i fleire område dei einaste bestandsoversiktene som eksisterer.

I tråd med moderne krav til fiskeriforvaltning har programmet endra seg og utvikla seg i retning av ei økosystembasert fiskeriforvaltning som òg tek omsyn til havmiljøet og samfunna som er avhengige av fiskeria (engelsk: Ecosystem Approach to Fisheries, EAF). I desember 2023 vart det signert ei avtaleforlenging for ein ny fase i programmet 2024–2028 med ei total ramme på nesten 1 milliard kroner. Den nye fasen skal styrkje innsatsen for matsikkerheit og fiskeriforvaltning. Eksterne faktorar for havmiljøet er framheva, inkludert korleis klimaendringar påverkar fiskeria. I tillegg blir fiskeria sette inn i ein breiare havforvaltingskontekst.

Hovudoppgåvene til EAF-Nansenprogrammet er

- å auke kunnskapen om dei marine økosystema og korleis negative drivkrefter som dårleg fiskeriforvaltning, forureining og klimaendringar påverkar økosystema
- å setje samarbeidslanda i betre stand til å forvalte dei marine ressursane og økosystema for å snu negative trendar og auke fiskeproduksjonen, og samstundes betre handtere utfordringar som kjem av klimaendringar og forureining
- å utvikle den institusjonelle og menneskelege kapasiteten samarbeidslanda har i fiskeriforsking og -forvaltning, inkludert effektiv deltaking frå kvinner i alle programaktivitetar

- å setje landa i betre stand til sjølve å handsame, analysere og bruke data som blir innhenta frå tokt med FF «Dr. Fridtjof Nansen», og dessutan fangstdata frå si eiga fiskerinæring
- å hjelpe samarbeidslanda med utforming av politikk og institusjonelle og forvaltingsmessige rammeverk for å fremje berekrafta i dei marine økosystema
- å betre samarbeidet mellom ulike sider av forvaltninga for å skape eit samsvar i eigen politikk som fremjar iverksetjing av forvaltningstiltak
- å fremje regionalt samarbeid om felles havområde og ressursar

Ansvar for planlegging, økonomi, gjennomføring og rapportering under EAF-Nansenprogrammet ligg hos FAO. Havforskningsinstituttet i Noreg er ansvarleg for drifta av forskningsfartøyet og hovudansvarleg for den vitenskaplege delen av programmet, medan Fiskeridirektoratet bidreg med kapasitetsbygging på fiskeriforvaltingsområdet. Programmet har hatt fleire gode samarbeid med Noregs bilaterale fiskeriprojekt i 2024, mellom anna med oppdatering av ei fiskerilov i Ghana og tekniske fiskeriskapsforsøk med mål om meir berekraftig høsting frå fiskeflåten i Guineabukta. Det første fartøyet, FF «Dr. Fridtjof Nansen», vart bygd i 1974. Fartøyet vart erstatta av eit nytt i 1993. Det tredje «Dr. Fridtjof Nansen» vart bygd i Spania og levert i januar 2017.



Figur 2.12 Forskningsfartøyet «Dr. Fridtjof Nansen» er det tredje fartøyet i rekkja som er bygd for bistandsprosjekt i Afrika og Asia.

Foto: Ove Remme, Havforskningsinstituttet.

Bistandsprogrammet mot marin forsøpling og mikroplast

I 2018 lanserte norske styresmakter bistandsprogrammet mot marin forsøpling og mikroplast, som skal bidra til å nå FN's berekraftsmål 14.1 – som er at verda innan 2025 skal forhindre, og i betydeleg grad redusere, alle former for havforureining. Programmet har som formål å forebyggje og kraftig redusere omfanget av marin forsøpling frå store kjelder i utviklingsland.

I perioden frå 2018 til 2024 har programmet støtta over 60 prosjekt i folkerike og økonomisk raskt veksande asiatiske land med lange kystliner og i veksande afrikanske økonomiar og små øystatar. Noreg har støtta tiltak som mellom anna har fokusert på å betre avfallshandtering, å styrkje globale forpliktingar og nasjonale og regionale verkemiddel og å styrkje eigeninnsatsen til næringslivet. Programmet har òg støtta tiltak mot marin forsøpling frå skipsfart og fiskeri, særleg gjennom GloLitter-prosjektet med FN's sjøfartsorganisasjon (IMO) og FN's mat- og jordbruksorganisasjon (FAO). I 2024 kunngjorde Noreg at bistandsprogrammet vil bli vidareført i fire nye år, frå 2025 til 2028, med ein ambisjon om å bruke opptil 1 milliard norske kroner på innsatsen i den nye perioden.⁶

⁶ Ein milliard for å hindre plastforureining – regjeringen.no

2.5.3 Anna tosidig fiskerisamarbeid

Norske fiskeristyresmakter har tosidige samarbeidsavtalar med fleire land, såkalla MoU-ar (engelsk: Memorandum of Understanding). Avtalane med USA og Canada er dei med mest aktivitet.

Basert på MoU-ane har Noreg årlege møte med fiskeristyresmaktene i USA og Canada. Møta gjev høve til å drøfte saker der det er usemje, og til å diskutere initiativ og samarbeid i internasjonale forum som FAO, OECD og WTO og i aktuelle RFMO-ar.

I det tosidige forholdet med USA er det særleg spørsmål om UUU-fiske og oppfølging av vedtak i internasjonale forum som FAO og forskningssamarbeid som står sentralt. Dei siste åra har amerikanske styresmakter innført regelverk som kan påverke tilgangen andre land har til marknaden for sjømat. Dette er dels motivert av eit ønske om å kjempe mot UUU-fiske, dels for å få andre land til å redusere bifangsten av sjøpattedyr i kommersielt fiske. Frå norsk side har ein innvendingar mot måten USA har gått fram på i desse sakene.

I det bilaterale samarbeidet med Canada blir det mellom anna fokusert på å følgje opp vedtak i internasjonale forum av gjensidig interesse. Begge statar har geografisk nærleik til arktiske strøk, og problemstillingar knytte til ressursutnytting i Arktis er difor nokre av sakene som blir drøfta jamleg i dei bilaterale møta.

3 Fiskeritavtalane for 2025

3.1 Oversikt over avtalane

Med bakgrunn i det havrettslege rammeverket fører norske styresmakter kvart år forhandlingar med andre land. Noreg inngår både tosidige og fleirsidige avtalar om forvaltninga av bestandar vi deler. I tillegg blir det inngått avtalar i dei internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonane der Noreg deltek.

Det er tre overordna mål som ligg til grunn for den norske medverknaden i ulike forhandlingsprosessar og internasjonale ressursforvaltingsforum:


- å fremje ei berekraftig forvaltning av dei levande marine ressursane, basert på den beste tilgjengelege vitskapelege kunnskapen og ei økosystembasert tilnærming
- å sikre Noreg ein rettferdig del ved kvotefordeling av felles regulerte bestandar
- å sikre tilfredsstillande kontroll og handheving innan dei forvaltingsregima der Noreg tek del

3.2 Rammeavtalar og overeinskomstar med andre statar

Noreg har ført forhandlingar og inngått avtalar for 2025 med Russland, EU, Storbritannia, Færøyane og Grønland. Noreg har òg samarbeidd med Island om kvotebyte og oppfølging av Smotholavtalen. Figur 3.2 gjev ei oversikt over dei tosidige og tresidige avtalane Noreg inngår.



Figur 3.1 Måla for det internasjonale fiskerisamarbeidet.



Figur 3.2 Oversikt over dei tosidige og tresidige avtalane Noreg har med andre land.

Fleirparts kyststatsavtalar

Forhandlingane om kyststatsavtalane gjeld forvaltning og fordeling. Noreg har teke del i kyststatsforhandlingar om dei store vandrane bestandane makrell, norsk vårgytande sild og kolmule for 2025. Rammeavtalen frå 2018 for fisket etter lodde i området mellom Island, Grønland og Jan Mayen gjekk ut i 2024 etter at Island valde å seie han opp. Det er i gang forhandlingar om ein ny avtale. Sidan partane i fisket etter snabeluer i Irmingerhavet, med unntak av Russland, er samde om at det ikkje skal fiskast på denne bestanden, har dei ikkje hatt kyststatsmøte på fleire år (sjå nærmare omtale i kapittel 3.4.1).

Figur 3.3 gjev ei oversikt over kyststatsavtalane.

Internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonar

FN-avtalen om fiske på det opne havet pålegg kyststatane og statar som fiskar på det opne havet, å delta i regionalt samarbeid om forvaltninga av vandrane fiskebestandar. Noreg legg stor vekt på det internasjonale samarbeidet om fiskeriforvaltning og deltek i fleire regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar – dei såkalla RFMO-ane. I tillegg deltek vi aktivt i nokre globale organisasjonar. Ei oversikt over organisasjonane Noreg deltek i, finst i figur 3.4.

Delegasjonane

Når Nærings- og fiskeridepartementet utnemner delegasjonar til dei ulike fiskeriforhandlingane, ligg det ei balansert vurdering til grunn. Det blir lagt vekt på at partane forhandlingane vedkjem, skal vere representerte, at delegasjonen må ha ein handterleg storleik, og dessutan forhandlingstaktiske omsyn. Tradisjonelt har delegasjonane hatt representantar frå Nærings- og fiskeridepartementet, Utanriksdepartementet, Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet. I tillegg deltek representantar frå dei ulike næringsorganisasjonane. Dei seinare åra har òg Troms og Finnmark statsadvokatembete, Kystvakta og Sametinget vore medlemmer av delegasjonen til dei tosidige forhandlingane med Russland. Det blir vurdert frå år til år kven forhandlingane er relevante for.


3.2.1 Noreg – Russland

Fiskerisamarbeidet mellom Noreg og Russland er formalisert gjennom avtalen av 11. april 1975 om samarbeid innan fiskerinæringa og avtalen av 15.







oktober 1976 om gjensidig fiskerisamarbeid. Avtalane regulerer ei gjensidig plikt til samarbeid om praktiske spørsmål innanfor fiskeriforvaltninga og til å gjennomføre konsultasjonar om desse spørsmåla, med særleg vekt på tiltak for å ta vare på bestandane og koordinere fiskerivitskapleg forskning.

Med bakgrunn i avtalane har Noreg og Russland gjennom Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen ført årlege forhandlingar om totalkvotar og reguleringstiltak for bestandane vi deler i Barentshavet. Til fellesbestandane reknar vi nordaustarktisk torsk, nordaustarktisk hyse, blåkveite, snabeluer og lodde.

Partane fastset totalkvotar og fordeler kvotane mellom Noreg, Russland og tredjeland. Partane avtaler òg gjensidig rett til å delta i fisket i sonene til kvarandre og byter kvotar som gjeld både fellesbestandar og nasjonale bestandar. I tillegg omfattar avtalane harmonisering av teknisk regelverk, og det blir utarbeidd felles fiskerivitskaplege



Figur 3.3 Oversikt over kyststatsavtalane der Noreg deltek.

Organisasjon	Formål	Medlemmer
 <p>NEAFC Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen</p>	Berekraftig bruk, rasjonell forvaltning og kontroll av marine artar i konvensjonsområdet.	Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland), EU, Island, Noreg, Storbritannia og Russland.
 <p>NAFO Den nordvestatlantiske fiskerioorganisasjonen</p>	Bidra til langsiktig bevaring, optimal utnytting og rasjonell forvaltning av fiskeressursane i konvensjonsområdet.	13 medlemsland. 4 er kyststatar til konvensjonsområdet: USA, Canada, Frankrike og Danmark.
 <p>CCAMLR Kommisjonen for bevaring av marine levande ressursar i Antarktis</p>	Bevare dei levande marine ressursane i Antarktis. Det omfattar rasjonell utnytting.	26 statar pluss EU er medlemmer, i tillegg til 10 tiltredande statar.
 <p>ICCAT Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk</p>	Bevare og forvalte tunfisk og tunfiskliknande artar i Atlanterhavet og Middelhavet.	53 medlemsstatar og 4 samarbeidande ikkje-kontraktspartar.
 <p>NAMMCO Den nordatlantiske sjøpattedyrkommisjonen</p>	Samarbeid om forskning, bevaring og forvaltning av sjøpattedyr i Nord-Atlanteren.	Noreg, Grønland, Færøyane og Island er medlemmer. Danmark, Russland, Canada og Japan er observatørar.
 <p>IWC Den internasjonale kvalfangstkommisjonen</p>	Bevaring og berekraftig fangst av storkval. Verne kvalbestandar mot overutnytting og sørgje for utvikling i kvalfangstnæringa, på vitskapleg grunnlag.	88 partar.

Figur 3.4 Oversikt over internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonar som Noreg deltek i.

forskningsprogram. Noreg og Russland har forvaltingsreglar for torsk, hyse og lodde som legg fast bestandsnivå og tiltaksgrenser som grunnlag for å fastsetje kvotar. Forvaltingsreglane for torsk og hyse vart i 2021 førte vidare i fem nye år, men partane vart i 2024 samde om å framskande evalueringa av forvaltingsreglane med eitt år, slik at dette skal gjerast i 2025. Partane vart i 2024 samde om å halde fram arbeidet med forvaltingsreglar for reke, blåkveite og snabeluer og å revi-

dere forvaltingsregelen for lodde. Partane er samde om å forvalte kongekrabbebestanden og snøkrabbebestanden kvar for seg i sine respektive område, men drøftar resultatata frå felles forskningsinnsats på dei årlege sesjonane.

Det er semje mellom dei to landa om ei fast prosentvis fordeling av fellesbestandane. Etter at det er fastsett kvote til tredjeland, blir kvotane for nordaustarktisk torsk og nordaustarktisk hyse fordelte med 50 prosent til kvar av partane Russ-

Tabell 3.1 Fastsette kvotar for fellesbestandane i Barentshavet i 2025 (tonn).

Fiskeslag	TAC	Kvotar til Noreg ²	Kvotar til Russland	Kvotar til tredjeland
Nordaustrarktisk torsk ¹	340 000	163 436	151 436	46 128
Nordaustrarktisk hyse ¹	130 000	65 468	56 468	8 064
Blåkveite	19 000	9 675	8 625	700
Snabeluer	67 191	46 378	14 094	6 719

¹ Kvotar etter byte av kvotar, men før tilbakeføring av ubrukt tredjelandskvote.

² Inklusive norsk kysttorsk.

land og Noreg. Loddekvoten er fordelt med 60 prosent til Noreg og 40 prosent til Russland. Kvoten for blåkveite er fordelt med 51 prosent til Noreg, 45 prosent til Russland og 4 prosent til tredjeland for fiske i fiskevernsona ved Svalbard. Snabeluerkvoten er fordelt med 72 prosent til Noreg, 18 prosent til Russland og 10 prosent til tredjeland.

Det er lagt stor vekt på å utvikle felles tekniske regulerings tiltak for fisket i Barentshavet og Norskehavet. Tiltaka er baserte på vitskapelege analysar. Det er òg utvikla ein felles metodikk for å analysere det totale uttaket av torsk og hyse i Barentshavet. I lys av kvotenedgang i mange fiskeri skal det dessutan vurderast om vi har gode nok tiltak for å minimere fangst av torsk og hyse under minstemål.

2025-avtalen

Noreg fordømmer på det sterkaste Russlands fullskala militærangrep på Ukraina og har innført historisk strenge sanksjonar. Det bilaterale samarbeidet vårt med Russland er nedskalert til eit minimum. Samstundes har Noreg eit ansvar for å forvalte fiskeriresursane i Barentshavet på ein måte som sikrar framtidig hausting av ressursane. Samarbeidet innan forskning, regulering og kontroll er berande element for ei forsvarleg og berekraftig forvaltning av dei bestandane Noreg og Russland forvaltar. Dette er av stor betydning, også for andre land som får kvotar til fartøya sine basert på avtalar med Noreg. Noreg har difor valt å føre vidare fiskerisamarbeidet med Russland.

Kvotavtalen for 2025 mellom Noreg og Russland vart underskriven i Oslo og Moskva 31. oktober 2024, på den 54. sesjonen til Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen. Kommisjonsmøtet vart halde som videokonferanse. Russiske forskarar er mellombels suspenderte frå Det internasjonale rådet for havforskning (ICES).¹ Kvoteråda for 2025 for dei fellesbestandane vi for-

Tabell 3.2 Norske kvotar i russisk økonomisk sone i 2025 (tonn).

Fiskeslag	Kvotar
Torsk	156 436
Hyse	47 000
Blåkveite	8 925
Snabeluer	46 378
Reker	4 650
Grønlandssel	7 000 dyr
Steinbit	2 500
Flyndre	200
Andre artar	500

valtar saman med Russland, vart difor utarbeidde i ei bilateral arbeidsgruppe mellom Havforskningsinstituttet og det russiske forskningsinstituttet VNIRO. Arbeidsgruppa har følgd metodikken og rammeverket til ICES for bestandsvurdering og rådgjeving.

Den avtalte totalkvoten for fellesbestandane og fordelinga mellom Noreg, Russland og tredjeland er førte opp i tabell 3.1. Tabell 3.2 og 3.3 viser ei oversikt over norske kvotar i russisk økonomisk sone og russiske kvotar i norsk økonomisk sone.

Partane vart samde om ein totalkvote for nordaustrarktisk torsk på 340 000 tonn i 2025. Dette inneber ein nedgang på 25 prosent frå 2024, og tilsvarar 113 427 tonn. Totalkvoten er delt mellom Noreg, Russland og tredjeland etter same mønster som tidlegare år. Den norske kvoten for 2025 er 163 436 tonn, inkludert 21 000 tonn kysttorsk og inntil 7 000 tonn som kan avsetjast til for-

¹ Russland har i etterkant av den 54. sesjonen sett i gang ein prosess for å melde seg ut av ICES.

Tabell 3.3 Russiske kvotar i norske havområde i 2025 (tonn).

Fiskeslag	Kvotar
Torsk	144 436
Hyse	47 000
Blåkveite	7 875
Sei	12 100
Steinbit	5 000
Uer og snabeluer	16 294
Kolmule	25 188
Norsk vårgytande sild	51 510
Andre artar	2 500

sking. For nordaustarktisk hyse har Noreg og Russland avtalt ein totalkvote på 130 000 tonn. Dette er ein nedgang på 11 000 tonn frå 2024. Noreg og Russland vedtok òg kvotefleksibilitet mellom år i fisket etter torsk og hyse. Vedtaket inneber at partane kan overføre inntil 10 prosent av kvotane til neste år eller fiske inntil 10 prosent av kvoten for neste år på forskot.

Noreg har tradisjonelt gjeve Russland tilgang til å fiske store delar av torske- og hysekvotane sine i vår økonomiske sone. Det er både fordi fisken er større lenger vest, og fordi ei vestleg fordeling av fisket gjer kontrollen enklare. Avtalen for 2025 gjev mellom anna partane rett til å fiske inntil 200 000 tonn torsk i kvarandre sine soner.

Det vert ikkje opna for noko loddefiske i 2025.

Det vart òg fastsett ein totalkvote for blåkveite på 19 000 tonn i 2025, ein nedgang på 2 250 tonn frå 2024.

For snabeluer er kvoten sett til 67 191 tonn for 2025. Det er ein nedgang på 2 973 tonn frå 2024.

Noreg og Russland vart òg samde om å halde fram arbeidet med forvaltingsreglar for reker, blåkveite og snabeluer og med revidering av forvaltingsregelen for lodde. Revideringa av forvaltingsreglane for torsk og hyse skal framskundast med eitt år og dermed gjennomførast i 2025.

Marin forureining blir sett på som ei stadig større global utfordring, og det er òg eit veksande problem i Barentshavet. Partane er samde om å kjempe mot marin forureining som kjem frå fiskeriaktivitet, gjennom erfaringsutveksling.

Kontroll samarbeid

Noreg og Russland har sidan starten av 1990-åra gradvis utvida fiskerisamarbeidet til å omfatte forvaltings- og kontrollspørsmål. I 1993 vart Det permanente utvalet for forvaltings- og kontrollspørsmål på fiskerisektoren (DPU) etablert under Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen. DPU er eit samarbeid mellom dei utøvande fiskeristyrsmaktene i begge land. I dag samarbeider kontrollstyrsmaktene i dei to landa og utvekslar informasjon om kvotar, fangstdata og landingsdata.

Noreg og Russland er samde om å halde fram med samarbeidet om inspeksjonar av fiskefartøy både i reguleringsområdet til NEAFC og i Barentshavet. Begge landa gjev difor inspektørar høve til å vere på den andre parten sine fartøy for å observere under inspeksjonane.

Noreg og Russland er òg samde om å føre vidare arbeidet i Analysegruppa, som er sett saman av representantar frå Fiskeridirektoratet, Kystvakta, Det føderale fiskeribyrået si territoriale avdeling for dei nordlege havområda og ei grenseavdeling som russiske sikkerheitsstyresmakter har i Murmansk fylke. Analysegruppa gjer ei felles vurdering av fangstuttaket av fellesbestandane og samkøyrer informasjon på fartøynivå om fiskeriaktiviteten for både norske, russiske og tredjelandts fartøy. Gruppa har vore sentral i arbeidet mot ulovleg fiske i Barentshavet, som var eit stort problem fram til 2007. Det er i åra 2009–2023 ikkje avdekt ulovleg overfiske av torsk og hyse i Barentshavet og Norskehavet.

Ulike grupper i Fiskerikommisjonen har arbeidd med å harmonisere det tekniske regelverket for fisket i Barentshavet eller Norskehavet.

3.2.2 Noreg – EU – Storbritannia

Fleire av bestandane i Nordsjøen vandrar mellom fiskerisoner i Noreg, EU og Storbritannia. Bestandar som tidlegare vart forvalta i fellesskap mellom EU og Noreg, blir no forvalta av Noreg, EU og Storbritannia. Dette samarbeidet bør formaliserast i ein overordna rammeavtale mellom partane. Partane har likevel, med grunnlag i den folkerettslege plikta om å samarbeide om forvaltning av bestandar som vandrar mellom fleire fiskerisoner, møttest for å semjast om totalkvotar for nordsjøbestandane av torsk, hyse, sei, kviting, raudspette og nordsjøesild. I tillegg har nye forvaltingsmetodar for sild og torsk, samarbeid om vitskapleg forskning, kontroll og andre forvaltingsspørsmål stått på agendaen.

Tabell 3.4 Kvotar for felles forvalta bestandar i Nordsjøen i 2025 (tonn).

Fiskeslag	Totalkvote	Kvotar til Noreg	Kvotar til EU	Kvotar til Storbritannia
Torsk	19 910	3 385	7 106	9 419
Hyse	95 862	22 048	11 686	62 128
Sei	71 638	37 252	25 446	8 940
Kviting	111 861	11 186	26 645	74 030
Raudspette	155 755	10 903	103 624	41 228
Nordsjøsild	388 542	112 677	195 242	80 623

Etter to forhandlingsrundar underteikna partane 29. november 2024 ein trepartsavtale om kvotar for 2025.

Noreg og EU har tidlegare hatt forvaltingsplanar for fellesbestandane i Nordsjøen som skal vareta omsynet til ei forsvarleg forvaltning og bidra til føreseielege rammer. Desse planane er eit viktig verktoy for forvaltarane. Når det no er tre partar som er med på forvaltninga, er forvaltingsplanar endå viktigare. I avtalen for 2025 har partane difor avtalt å vidareføre og prioritere arbeidet med forvaltingsplanar det kommande året.

Partane er òg samde om å arbeide for å betre fiskemønsteret i Nordsjøen. Særleg er dette viktig for torsk, der bestandsberekninga har gjennomgått ein ny metoderevisjon. Revisjonen har ført til at det vi tidlegare handsama som éin bestand i Nordsjøen, no er delt inn i tre underbestandar. I tillegg er utbreiingsområdet gjort større. Det ser ut til at den nye inndelinga av torskebestanden viser at tilstanden er ulik avhengig av kvar i Nordsjøen underbestandane er. Den nye inndelinga i tre underbestandar tyder på at torsken lengst sør i Nordsjøen, som er underbestanden forskarane har kalla «Southern», er i dårleg forfatning. Underbestanden «Viking», som vi finn lenger nordaust og i Skagerrak, er i relativt god stand. Den nordvestlege underbestanden, «Northwestern», som vi mellom anna finn i nordvestlege delar av Nordsjøen ved Storbritannia, er tilsynelatande i god stand (sjå nærmare omtale i kapittel 4.3).

Partane treng tid til å finne ut korleis dei tre underbestandane best bør forvaltast. Dette arbeidet vil halde fram i 2025.

Det er framleis viktig å rette merksemd mot bruk av tekniske reguleringar som stengde felt og stengde periodar for å verne småfisk, og å betre selektiviteten i fiskereiskapane. Noreg, EU og

Storbritannia skal òg vidareføre samarbeidet om kontroll i 2025.

For nokre av bestandane har kvotane gått opp frå i fjor; for andre har dei gått ned. Seikvoten har auka med omlag 7 prosent og er no på 71 638 tonn. Kvoten på nordsjøsild (i Nordsjøen, Skagerrak og Kattegat) vart på 410 707 tonn, noko som er ein nedgang på 22,8 prosent.

Sjølv om underbestandane «Northwestern» og «Viking» er i relativt god forfatning, er rekrutteringa dårleg, og det er framleis behov for tiltak av dei slaga som er nemnde ovanfor. Det vart semje om ein torsk kvote i Nordsjøen på 19 910 tonn i 2025, noko som er ein nedgang frå 2024.

3.2.3 Noreg – EU

Avtalen om byte og tilgang i Nordsjøen og andre område

Noreg og EU har sidan 1978 inngått årlege kvoteavtalar om fisket til Noreg og EU i Nordsjøen, norsk fiske vest for Dei britiske øyane og EU-fisaket i den norske økonomiske sona i Barentshavet. Noreg blir òg tildelt kvotar frå EU i grønlandske farvatn. Dei årlege kvoteavtalane har grunnlag i ein bilateral rammeavtale som tok til å gjelde i 1980. Avtalen inneheld føresegner om forvaltning av felles fiskebestandar og gjensidig løyve til å fiske i fiskerisona til den andre parten. Partane hadde såleis i mange år eit felles ansvar for å forvalte fiskeressursane i Nordsjøen, men dette ansvaret ligg no, som tidlegare nemnt, på alle tre partar, inklusive Storbritannia.

Eit viktig element i kvoteavtalen er byte av kvotar på dei eksklusive bestandane og på enkelte bestandar i Nordsjøen og vest for Irland. I denne utvekslinga av kvotar skal det vere balanse i dei gjensidige tildelingane.

Tabell 3.5 Byte av kvotar mellom Noreg og EU i Nordsjøen og andre område i 2025 (tonn).

Fiskeslag	Kvotar til Noreg i EU-sona	Kvotar til EU i norsk sone
Sei	1 500	
Lange		550
Brosme		50
Brisling	7 500	
Reker		50
Lysing		1 675
Andre artar	500	1 650
Tunge	5	
Breiflabb		1100
Sjøkreps		200
Kolmule	81 750	

Tabell 3.6 Kvotar til EU på eksklusive norske bestandar nord for 62° N i 2025 (tonn).

Fiskeslag	Kvotar
Torsk	10 316
Hyse	600
Sei	575
Blåkveite (bifangst)	175
Anna (bifangst)	225

Tabell 3.7 Kvotar til Noreg frå EU i Grønland si sone i 2025 (tonn).

Fiskeslag	Kvotar til Noreg
Reker	1 700
Blåkveite	925
Skoleist og isgalt	95
Uer	900

Nivået på og omfanget av kvotebyttet har tradisjonelt sett vore ei vidareføring av tidlegare fiske-mønster hos partane, men nivået har òg vore avhengig av variasjonar i storleiken på dei ulike

Tabell 3.8 Kvotar i Skagerrak og Kattegat i 2025 (tonn).

Fiskeslag	TAC	Kvotar til Noreg	Kvotar til EU
Torsk	2 846	92	2 754
Hyse	5 892	248	5 644
Kviting	455	8	447
Raudspette	20 838	417	20 421
Reker	3 190	1 487	1 703
Sild	22 793	3 038	19 755
Brisling	13 784	1 034	12 750

bestandane. Etter Brexit har omfanget av og innhaldet i byttet endra seg noko, ettersom mykje av dei kvotane Noreg tidlegare bytte til seg frå EU, vart fiska i britisk farvatn. Når britane no ikkje lenger er ein del av EU, er byteforholdet annleis.

Kontroll

Arbeidet med kontroll og overvaking av ressursuttaket er ei viktig oppgåve. Samarbeidet mellom Noreg og EU omfattar til dømes utveksling av fangststatistikk og landingsdata, inklusive fiske-riaktivitet frå tredjeland og annan relevant informasjon. Posisjonsrapportering og elektronisk fangst- og aktivitetsrapportering er viktige reiskapar i kontrollverksemda, begge regulerte i eigne avtaler mellom Noreg og EU.

2025-avtalen

Som nemnt blir totalkvotane avtalte i trepartsavtalen mellom Noreg, EU og Storbritannia. Det som står igjen for Noreg og EU å avtale, er byte av kvotar og sonetilgang, i tillegg til vidare framdrift i samarbeidet om kontroll. Noreg og EU vart samde om ein bilateral avtale for 2025 den 5. desember 2024. Partane gjennomførte tre forhandlingsrundar, og i år som tidlegare år var spørsmål om sonetilgang blant dei vanskelege i forhandlingane.

Avtalen om fiske i Skagerrak/Kattegat

EU forhandlar om fiske i Skagerrak på vegner av Danmark og Sverige. Dei årlege avtalane om fisket i Skagerrak/Kattegat har tidlegare bygd på trepartsavtalen av 1966 mellom Noreg, Danmark

og Sverige. Ifølgje denne avtalen var farvatnet utanfor 4 nautiske mil å sjå på som opne hav. I dag har landa territorialfarvatn ut til 12 nautiske mil og økonomisk sone utanfor det. Det finst såleis ikkje opne hav i Skagerrak. Med sikte på å endre rammeverket slik at det vart i tråd med moderne havrett, starta Noreg difor ein prosess som etter kvart resulterte i at Noreg sa opp Skagerrak-avtalen i 2009. Overenskomsten tok slutt 7. august 2012. Ein ny avtale om norsk, dansk og svensk fiske i Skagerrak vart endeleg signert 15. januar 2015.

Den årlege avtalen fastset totalkvotar og fordelinga av desse for bestandane torsk, hyse, kviting, raudspette, sild, brisling og reker. Det norske fisket utgjør ein liten del av det totale fisket, og silde- og rekefisket er av størst interesse for norske fiskarar. EU (Danmark og Sverige) har størstedelen av dei enkelte kvotane.

For fisket i Skagerrak og Kattegat i 2025 vart Noreg og EU samde om ein avtale 5. desember 2024.

Opphøyr av ordninga med grensekryssande fiske i Skagerrak

Noreg har i lengre tid vore oppteken av å styrkje kontrollen og handhevinga av fiskeria i norsk økonomisk sone i Skagerrak. I Skagerrak har norske, danske og svenske fartøy kunna praktisere eit såkalla grensekryssande fiske. Det inneber at fartøya har kunna fiske kvar som helst i området (utanfor 4 nautiske mil), utan å måtte heve reiskapen når dei har kryssa grensa mellom dei ulike økonomiske sonene i Skagerrak, slik som elles i Nordsjøen. Denne praksisen har ført til dårleg oversikt over uttaket og svekt kontroll og handheving.

Dette har vore tema mellom Noreg og EU over lang tid, og ein har forsøkt å finne tekniske løysingar som sikrar ein tilstrekkeleg god kontroll, samstundes med at fiskarar skal kunne drive det grensekryssande fisket. Stortinget tok òg opp spørsmålet i handsaminga av Meld. St. 8 (2021–2022). Ein har ikkje lykkast med å finne passande tekniske løysingar, og Noreg avgjorde difor i november 2022 at grensekryssande fiske skulle opphøyre. Frå 1. januar 2024 vart difor grensekryssande fiske forbode for fartøy over 12 meter, og frå 1. januar 2025 vart forbodet utvida til også å gjelde for fartøy under 12 meter. Det er etter dette dermed forbode for norske, svenske og danske fartøy å krysse grensa til og frå norsk økonomisk sone utan først å heve reiskapen. Forbodet mot grensekryssande fiske er ei oppføl-

Tabell 3.9 Kvotar til Sverige i norske farvatn i Nordsjøen i 2024 (tonn).

Norsk økonomisk sone sør for 62° N	Kvotar
Torsk	382
Hyse	707
Sei	880
Lyr og kviting	190
Reker	123
Sild	863
Makrell	246
Industrifisk (augepål, kolmule, tobis)	800

ging av Stortingets oppmodingsvedtak i Innst. 293 S (2021–2022).

Sverige-avtalen

Utvidinga av norsk fiskerijurisdiksjon i 1977 fekk betydning for svenske fiskarar som hadde hatt eit tradisjonelt fiske i Nordsjøen i område som etter 1977 inngjekk i Noregs økonomiske sone. Desse fiskarane hadde ikkje alternativt driftsgrunnlag langs svenskekysten. Dette var bakgrunnen for at Noreg tilbød Sverige ein nabolandsavtale om fiskeri som sikra svenske fiskarar retten til å halde fram med eit avgrensa fiske i norsk sone i Nordsjøen. Svenske fiskarar får tildelt kvotar på torsk, hyse, kviting, lyr, sei, sild, makrell, reker og industrifisk. Struktura i avtalen med Sverige har vore stabil, og det har såleis ikkje blitt opna for nye fiskeri.

Sverige-avtalen for 2025 vart underteikna 5. desember 2024.

Fiske i dei nordlege farvatna

Heilt sidan første gongen torskefisket i fiskevernsone ved Svalbard vart kvoteregulert, i 1986, har det blitt gjeve ein torskekvote til fartøy frå EU-land. Denne kvoten har vore ein fast del av totalkvoten for torsk avtalt mellom Noreg og Russland, og er ein del av dei såkalla tredjelandskvotane i kvotefordelinga som blir avtalt med Russland. Prosentsatsen vart i si tid rekna ut på grunnlag av tredjelandfiske i det området som vart fiskevernsone, som del av det samla torskefisket i alle område, i tiåret før sona vart oppretta i 1977.

Etter at Storbritannia gjekk ut av EU og den felles fiskeripolitikken frå 2021, vart den delen av fisket i referanseperioden som britiske fartøy hadde stått for, trekt ut. Dette var parallelt til, men med motsett forteikn frå, den metoden som vart brukt for den tidlegare austtyske og polske delen då desse vart inkluderte i andelen til EU-fartøy.

Denne reguleringa vekte reaksjonar både frå EU og frå Storbritannia, og det vart ført samtalar med begge partar utover i 2021. Med Storbritannia kom vi til ei forståing i desember 2021. Dette er omtalt nedanfor, i kapittel 3.2.4.

EU reagerte særleg på at prosentsatsen som vart nytta for deira fartøy i 2021, var betrakteleg lågare enn den dei sjølve hadde brukt i avtalen som var gjord mellom EU og Storbritannia om deling av kvotar i samband med at Storbritannia gjekk ut av EU. Frå norsk side vart dette avvist, med ei påpeiking av at det er opp til Noreg å fastsetje kvotar i dei norske sonene, og at EU og Storbritannia ikkje har rett til å avtale noko om desse kvotane.

28. april 2022 kom vi til ei forståing med EU om fiske i dei nordlege farvatna, på same måte som med Storbritannia i desember 2021. Forståinga er basert på at det er Noreg, og Noreg aleine, som kan fastsetje reguleringar av fisket i fiskevernsona. Ho inneheld òg ei anerkjenning av at det etablerte fiskerisamarbeidet mellom kyststatane i nord har gjeve berekraftige resultat gjennom mange tiår.

Forståinga gjekk vidare ut på at Noreg fastsette ein høgare torskekvote for 2022 enn for 2021, for fartøy frå medlemsstatar i EU. EU skulle på si side gjennomføre visse tekniske reguleringar for å fremje berekraftig fiske i området. Desse gjaldt (1) å forby bruk av den såkalla oppsamlingsposen, som samlar opp bifangst av botnfisk som blir sortert ut av sorteringsrista i trålen ved rekefiske i Smottholet, (2) å anerkjenne og fastsetje ein kvote som er stadfesta av kyststatane, for uer til fiske i internasjonalt farvatn i Norskehavet og (3) å avrekne bifangst av torsk i rekefisket i Smottholet mot torskekvoten som Noreg gjev for fiskevernsona.

Frå norsk side stadfesta vi at torskekvoten for fartøy frå EU-land ville bli fastsett etter ein høgare prosentsats enn den som vart nytta i 2021, noko vi gjennomførte allereie i 2022. Frå EU si side stadfesta dei at dei ville fastsetje nokre reguleringar for sitt eige fiske i internasjonalt farvatn i Barentshavet og Norskehavet slik Noreg hadde ønskt. Dette var eit viktig resultat, som har til formål å sikre eit samla berekraftig fiske,

og som byggjer opp under den etablerte modellen for forvaltninga av ressursane i området. Dette burde difor ha blitt sluttstreken for ein årelang diskusjon mellom Noreg og EU om reguleringa av desse fiskeria.

Men etter fleire år og rundar med konsultasjonar på ulike nivå greidde Noreg og EU likevel ikkje å bli samde om implementeringa av forståinga. I påvente av full implementering av dei tre nemnde tiltaka frå EU si side valde Noreg ei stegvis tilnærming til kvotefastsetjinga i 2023 og 2024, men signaliserte samstundes at Noreg ville gje full utteljing i kvoten, i tråd med lovnaden i forståinga, dersom EU implementerte alle krava som låg til grunn for forståinga. Særleg vart kravet om at EU skulle innføre forbod mot å bruke oppsamlingspose ved rekefiske i Smottholet, ei vanskeleg sak.

I eit nytt forsøk på å oppnå semje vart det i løpet av sommaren 2024 gjennomført samtalar på politisk nivå mellom utanriksminister Espen Barth Eide og EU-kommisjonens eksekutive visepresident Maroš Šefčovič. Samtalane munna ut i ei brevveksling 8. og 11. november 2024 der det vart stadfesta og tydeleggjort at Noreg, i tråd med havretten, har rett til å fastsetje kvotar og til å regulere og forvalte fiskeriressursane i havområda som er underlagde norsk suverenitet, inkludert i fiskevernsona ved Svalbard. Noreg sa seg òg samd i å tildele EU ein torskekvote på 2,8274 prosent av referansekvoten på torsk i fiskevernsona rundt Svalbard. Dette motsvarer 9 217 tonn for 2025.

EU ville på si side fastsetje ein kvote tilsvarende den norske kvotefastsetjinga i sine reguleringar, noko som vart stadfesta i EUs såkalla TAC- og kvoteforordning for 2025. Vidare avrekner EU alle fangstar av torsk frå kvoten Noreg har fastsett, både i fiskevernsona og i Smottholet. EU ville òg støtte fastsetjinga av ein uerkvot til fiske i internasjonalt farvatn i Norskehavet, i tråd med tilrådinga frå kyststatane.

Noreg og EU er framleis ikkje samde om bruken av oppsamlingspose i Smottholet. Bruk av oppsamlingspose leier til auka bifangst av torsk, blåkveite og hyse. Slik bifangst er uønskt frå eit fiskeriforvaltingsperspektiv. Noreg har difor arbeid i fleire år for å få i stand eit forbod i Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen (NEAFC), noko vi fekk gjennomslag for i 2022. Men EU og Island har reservert seg mot forbodet og er difor ikkje bundne av det. Noreg har teke saka opp med EU og vil halde fram med å arbeide for at alle land som fiskar i Smottholet, sluttar seg til forbodet.

3.2.4 Noreg – Storbritannia

Noreg og Storbritannia inngjekk i 2020 ein overordna rammeavtale om fiskerisamarbeid. Avtalen legg til rette for at partane kan inngå avtalar om sonetilgang og kvotebyte, og vidare inneheld han føresegner om berekraftig ressursutnytting og samarbeid om forskning, kontroll og lisensiering.

Forholdet mellom Noreg og Storbritannia på fiskeriområdet er godt. Vi har tidlegare samarbeidd om kontroll av norske og britiske fartøy som fiskar i statane sine respektive jurisdiksjonsområde. Langt på veg deler Noreg og Storbritannia syn på overordna prinsipp for fiskeriforvaltning, noko som kjem til uttrykk i rammeavtalen frå 2020.

Etter at Storbritannia gjekk ut av EU og frå 1. januar 2021 ikkje lenger var omfatta av den felles fiskeripolitikken til EU (EU Common Fisheries Policy, CFP), har landet blitt ein viktig kyststat for bestandar som er delte mellom Noreg, Storbritannia og andre kyststatar i Nordaust-Atlanteren. Tradisjonelt har det vore viktig for Noreg å ha tilgang til å fiske i farvatn som no er britiske jurisdiksjonsområde.

Noreg og Storbritannia inngjekk for første gong ein bilateral avtale om tilgang og kvotebyte for 2022. Avtalen vart vidareført i 2023 og 2024 og er også vidareført for 2025. For botnfisk har partane avtalt gjensidig tilgang til ein samlekvote på 30 000 tonn i norske og britiske farvatn i Nordsjøen (inkl. områda rundt Shetland). I dei norske reguleringane har vi delt noko av denne samlekvoten på ulike fiskeartar som sei, lange, brosme, torsk, hyse og lysing. Målet med ordninga er å føre vidare fisket slik det var tidlegare.

Lenger vest i britisk farvatn har Noreg bytt til seg 560 tonn lange og 200 tonn brosme pluss nokre kvotar til å dekkje bifangst. I norsk økonomisk sone i Barentshavet har britane bytt til seg 1 000 tonn torsk og noko bifangst.

Når det gjeld det pelagiske fisket, har Noreg fått tilgang til å fiske inntil 20 000 tonn nordsjøsild i britisk farvatn, medan Storbritannia har fått tilgang til å fiske inntil 20 000 tonn norsk vårgytande sild i norsk farvatn.

Fiske i dei nordlege farvatna

Hausten 2021 vart det ført samtalar med Storbritannia om ei forståing om fiske i dei nordlege farvatna.

Storbritannia har i denne forståinga stadfesta at dei ikkje vil drive fiske i dei nordlege farvatna (dei såkalla ICES-områda 1 og 2) ut over kvotar

tildelte av kyststatane (Noreg og Russland) eller etter samarbeid og konsultasjonar med desse kyststatane, med unntak for fiske i internasjonalt farvatn i Norskehavet (Smotthavet) på bestandar som Storbritannia sjølv er kyststat til. Storbritannia har òg stadfesta at dei anerkjenner Noreg sine suverene rettar og jurisdiksjonsområde i fiskevernsona ved Svalbard. Dette er uavhengig av den ulike forståinga som Noreg og Storbritannia har av det geografiske verkeområdet for regelen om lik handsaming ved fiske i Svalbardtraktaten.

Noreg har stadfesta at vi til gjengjeld vil tildele ein viss kvote på torsk til britiske fartøy i fiskevernsona ved Svalbard, innanfor den avsetjinga som blir gjort for slikt fiske frå tredjelandsfartøy i denne sona i kvotefordelinga avtalt mellom Noreg og Russland, så lenge Storbritannia held seg til denne forståinga.

Dette vil byggje opp under den eksisterande forvaltingsmodellen i desse områda, gjennom samarbeidet mellom Noreg og Russland, og bidra til å sikre at totalkvotane for dei ulike bestandane ikkje blir overfiska. Storbritannia har i forståinga anerkjent at dette norsk-russiske samarbeidet har sikra berekraftige fiskeri.

Begge partar har lojalt følgd opp forståinga, òg når det gjeld forslag til relevante vedtak på årsmøta i NEAFC dei seinare åra.

I 2022 stemte Storbritannia for det norske forslaget om å forby bruken av det vi kallar ein oppsamlingspose, i rekefisket i internasjonalt farvatn. Dette forbodet, som vart vedteke mot stemmene frå EU og Island, som begge seinare reserverte seg mot vedtaket, har som formål å redusere bifangsten av særleg torsk og blåkveite i rekefiske. Storbritannia stemte vidare for det norske forslaget, i både 2022, 2023 og 2024, om storleiken på kvoten av uer i internasjonalt farvatn i Norskehavet. Under årsmøtet hausten 2024 vart dette forslaget vedteke med konsensus.

3.2.5 Noreg – Færøyane

Noreg og Færøyane vart 17. desember 2024 samde om ein tosidig avtale om fiskerisamarbeid og kvotebyte for 2025. Avtalen byggjer på ein rammeavtale frå 1979 om gjensidige fiskerettar. Strukturen i bytet går grovt sett ut på at Færøyane får torsk, sei og hyse i Barentshavet, medan Noreg får lange/blålange, brosme og makrell av Færøyane. I tillegg får Noreg fiske delar av kolmulekvoten sin i færøysk fiskerisone mot at Færøyane får fiske torsk og hyse som dei har bytt til seg frå Russland, i norske farvatn.

Norske fiskarar får ein kvote for 2025 på 2 500 tonn lange/blålange, 1 400 tonn brosme og 600 tonn andre artar som bifangst. Noreg får òg 5 150 tonn makrell. Makrellkvoten kan fiskast i den økonomiske sona til Noreg eller på det opne havet. Færøyane får ein kvote på 3 910 tonn torsk, 980 tonn hyse, 500 tonn sei og 400 tonn andre artar i norsk økonomisk sone. Av kvotar som dei har fått gjennom byteavtalen med Russland, kan Færøyane i tillegg fiske opptil 7 445 tonn torsk, 1 000 tonn hyse og 600 tonn andre artar som bifangst i norske farvatn.

I avtalen forpliktar Færøyane seg til å avgrense det totale fisket sitt i Barentshavet til dei artane og kvotane dei har fått tildelt i avtalane med Noreg og Russland, utan omsyn til om fisket skjer i eller utanfor jurisdiksjonsområda til Noreg og Russland.

3.2.6 Noreg – Grønland

Noreg og Grønland vart 27. november 2024 samde om ein tosidig avtale om gjensidige fiskekvotar for 2025. Avtalen byggjer på ein rammeavtale frå 1992. Samarbeidet på fiskeriområdet med Grønland fungerer godt og omfattar òg kontrollsamarbeid og forskingssamarbeid. For norske fiskarar er kvotane på dei kommersielt viktige artane blåkveite, uer og torsk av størst verdi. I tillegg til desse kvotane får Noreg tradisjonelt mellom anna reker, blåkveite og uer frå EU i grønlandske farvatn.

Grønlandske fiskarar får i 2025 ein kvote på 3 700 tonn nordaustarktisk torsk, 675 tonn nordaustarktisk hyse, 575 tonn nordaustarktisk sei og inntil 425 tonn andre artar som bifangst (uer og blåkveite) i havområda under norsk jurisdiksjon.

I avtalen forpliktar Grønland seg til å avgrense det totale fisket sitt i Barentshavet til dei artane og kvotane dei har fått tildelt i avtalane med Noreg og Russland, utan omsyn til om fisket skjer i eller utanfor jurisdiksjonsområda til Noreg og Russland.

I 2025 kan Noreg fiske følgjande kvantum i sona til Grønland:

- ved Vest-Grønland: 700 tonn blåkveite
- ved Aust-Grønland: 320 tonn blåkveite, 500 tonn uer fiska med botntrål/line, 540 tonn brosme, 150 tonn skoleist, 30 tonn kveite og 325 tonn bifangst av andre artar
- ved Aust- og Vest-Grønland: 1 350 tonn torsk

Noreg og Grønland inngjekk ein avtale om kontrollsamarbeid 4. mars 2005. Avtalen er vidareført

i 2025. Forskingssamarbeidet blir vidareført i tråd med rammeavtalen frå 1992.

3.2.7 Noreg – Island (Smottholavtalen)

Noreg, Island og Russland inngjekk i 1999 ein trepartsavtale om visse samarbeidsforhold på fiskeriområdet (Smottholavtalen). Gjennom denne avtalen greidde norske og russiske styresmakter å gjere slutt på det uregulerte islandske fisket på regulerte bestandar i internasjonalt område i Barentshavet. Ein protokoll til Smottholavtalen regulerer bytet av fisk mellom Island og Noreg. Etter denne protokollen får Island tildelt eit kvantum nordaustarktisk torsk i Noreg si økonomiske sone nord for 62° N. I tillegg kjem ein bifangstkvote på andre artar i torskefisket på 30 prosent. Som kompensasjon for den islandske torskekvoten har norske fiskarar ein kvote botnfisk og ein loddekvote i Islands økonomiske sone. Botnfiskkvoten ligg fast på 500 tonn pluss bifangst. Loddekvoten blir justert i takt med totalkvoten for nordaustarktisk torsk.

For 2024–2025-sesongen er det ikkje ein norsk kvote relatert til Smottholavtalen. Dette kjem av at byte under Smottholavtalen blir suspenderte i tilfelle der totalkvoten for nordaustarktisk torsk blir fastsett under 350 000 tonn. For 2025 er totalkvoten for denne bestanden fastsett til 340 000 tonn.

Den samla norske loddekvoten er likevel større, ettersom Noreg òg har ein del som kyststat gjennom fiskerisona ved Jan Mayen. Lodde har tidlegare òg inngått i kvotebytet med EU, ved at EU har fått lodde frå Grønland gjennom avtalen dei har med Grønland.

Det er opne opp for eit begrensa loddefiske denne sesongen (sjå nærmare omtale i kapittel 3.3.2).

3.3 Kyststatsavtalar og andre fleirsidige avtalar

3.3.1 Forvaltninga av norsk vårgytande sild

Norsk vårgytande sild er rekna som ein av dei største fiskebestandane i Nord-Atlanteren og den største sildebestanden i verda.

18. januar 2007 vart det underteikna ein ny kyststatsavtale mellom EU, Færøyane, Island, Noreg og Russland om forvaltninga av NVG-sild. Denne avtalen gav Noreg 61 prosent av NVG-silda. Avtalen inneheldt òg den same langsiktige forvaltingsplanen partane vart samde om under den tidlegare avtalen frå 1996. Partane var i tillegg samde om tosidige avtalar om sonetilgang.



Figur 3.5 Sildefiske ein tidleg dag i november.

Foto: Jørgen Ree Wiig, Fiskeridirektoratet.

Storbritannia deltok for første gong på kyststatsmøtet hausten 2020 og skreiv under avtalen på lik line med dei andre partane. Kyststatane vart i eit møte våren 2021 samde om at EU ikkje lenger er kyststat for NVG-sild, men at Storbritannia no har fått denne statusen.

Færøyane har over fleire år kravd ein høgare del av den totale kvoten, noko som har ført til at heile spørsmålet om delinga mellom partane har blitt opna på nytt. Kyststatane har forhandla om delinga i fleire rundar, men har ikkje greidd å bli samde om ein ny fempartsavtale.

I 2013 og 2014 inngjekk Noreg, EU, Island og Russland ein firepartsavtale med ein kvote til Færøyane basert på deira tradisjonelle del av silda. For 2015 og 2016, derimot, inngjekk ikkje partane firepartsavtalar. Frå 2017 har alle fem kyststatane vore samde om totalkvote (TAC), og for 2025 er partane samde om ein totalkvote på NVG-sild på 401 794 tonn.

På kyststatsmøtet hausten 2020 vart det lagt fram ein rapport utarbeidd under leiing av forskarar frå Havforskningsinstituttet, men med deltaking av forskarar frå dei andre partane, der sonetilhøyrsla til silda vart oppdatert. I rapporten gjekk forskarane òg gjennom metodikk for å berekne sonetilhøyrsla for ein bestand. Denne

rapporten vart oppdatert til kyststatsmøtet hausten 2024 og vil òg bli oppdatert i åra framover.

Fram til no er det ikkje oppnådd ein avtale om fordelinga av andelar til statane, og kvotane blir fastsette unilateralt. Noreg tok føring og fastsette ein unilateral andel på 65,6 prosent NVG-sild i 2024 for å bidra til å få ned overfisket på bestanden. Island og Færøyane reduserte òg sine andelar høvesvis likt som Noreg i 2024. I desember 2024 vart Noreg og Færøyane samde om ein kyststatsavtale om NVG-sild med eit tilhøyrande sonearrangement. Avtalen gjev Noreg ein kyststatsandel på 64,18 prosent og Færøyane ein kyststatsandel på 10 prosent. Noreg har med dette redusert sin unilaterale andel av norsk vårgytande sild dei to siste åra frå 76 prosent til 64,18 prosent, og Færøyane har redusert sin unilaterale andel frå 22 prosent til 10 prosent. Samla tek Noreg og Færøyane ned overfisket utover totalkvoten med 23,87 prosentpoeng. Dei har med dette teke eit stort ansvar saman for å få ned det totale fiskepresset på norsk vårgytande sild. I tillegg til avtalen om storleiken på dei nasjonale kvotane har Noreg og Færøyane inngått ein avtale som gjev færøyske fartøy tilgang til å fiske NVG-sild i norsk økonomisk sone og norske fartøy tilgang til å fiske kolmule i færøysk økono-



Figur 3.6 Sildefiske på Kvæningen.

Foto: Jørgen Ree Wiig, Fiskeridirektoratet.

misk sone. Avtalen varer til ein av partane eller partane saman seier han opp.

Kyststatane er samde om å halde fram forhandlingane om ein heilskapleg fordelingsavtale i 2025 òg.

3.3.2 Forvaltinga av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen

Trepartsavtalen om loddebestanden ved Island, Grønland og Jan Mayen vart første gong undertekna 12. juni 1989. Dei mest sentrale elementa i denne avtalen er fastsetjinga av kvoten, andelsfordelinga mellom partane og tekniske reguleringar for gjennomføringa av sjølve fisket. Det er lodde i Jan Mayen-sona som gjer at Noreg blir rekna som kyststat til denne loddebestanden. Avtalen frå 2018 innebar ei endring i fordelinga mellom landa, basert på biologiske forhold og vandringsmønsteret til lodda dei seinare åra. I tillegg til kyststatsandelen får Noreg overført lodde frå Island gjennom den såkalla Smottholavtalen (sjå nærmare omtale i kapittel 3.2.7).

Når det gjeld sesongen 2024–2025, er det opna for eit begrensa loddefiske.

Etter kyststatsforhandlingar mellom partane hausten 2022 valde Island å seie opp rammeverket for lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen den 12. oktober 2022. Fisket gjekk likevel som nor-

malt i sesongane 2022–2023 og 2023–2024, i samsvar med oppseiingsklausulen i dette rammeverket frå 2018.

Det er i gang forhandlingar om ein ny avtale. Forhandlingane starta med at Grønland og Island kravde at den norske andelen skulle reduserast til 1 prosent. Etter grundige avvegingar kom vi fram til at vi måtte godta dette. Forhandlingane vil no halde fram om andre forhold i avtalen og om vilkåra for fiske i den islandske økonomiske sona. Det at fisket berre går føre seg der, er årsaka til at Island har ein sterk forhandlingsposisjon i denne avtalen.

3.3.3 Forvaltinga av kolmule

Etter fleire år med forhandlingar inngjekk kyststatane EU, Noreg, Island og Færøyane ein rammeverk om forvaltinga av kolmule 16. desember 2005. Denne har vore følgt opp med årlege kvoteavtalar. Fordelinga var slik at ein først avsette ei viss mengd til fiske i internasjonalt farvatn (Russland og Grønland), og så delte kyststatane det resterande kvantumet.

Etter initiativ frå EU har partane utarbeidd ein felles rapport om sonetilhøyrslø for kolmulebestanden. Med utgangspunkt i rapporten har EU kravd ein høgare del av totalkvoten. Færøyane har følgt opp og krev òg ein høgare del. Kyststatane

har forhandla i fleire rundar dei seinaste åra om ei ny deling av totalkvoten. Fram til no har dette ikkje lykkast. I forhandlingane for 2017 greidde partane likevel å bli samde både om storleiken på totalkvoten og om ein ny forvaltingsplan for fisket. Dette sikrar at alle kyststatane har eit felles utgangspunkt når dei fastset sine respektive kvotar. Planen er evaluert av ICES og er rekna for å vere innanfor føre-var-rammer. Planen blir følgd for 2025 òg.

I forhandlingane for 2025 vart partane samde om ein totalkvote (TAC) på 1 447 054 tonn. TAC er basert på rådgjeving frå ICES og forvaltingsplanen som er evaluert av ICES. På same måten som for norsk vårgytande sild deltok Storbritannia for første gong i forhandlingane om kolmule hausten 2020.

3.3.4 Forvaltinga av makrell

Sjølv om makrellbestanden har vore i ganske god forfatning dei seinare åra, er bestanden på veg nedover. Hausten 2024 vart kyststatane samde om ein totalkvote (TAC) på 576 958 tonn. Dette er i samsvar med rådet frå ICES for 2025 og inneber ein reduksjon frå rådet for 2024 på 22 prosent.

Noreg, EU og Færøyane inngjekk i 2014 ein femårig rammeavtale for forvalting av makrell, som i 2018 vart forlengd ut 2020. Noreg hadde primært ønskt å føre vidare denne avtalen med fire partar etter at Storbritannia vart ein sjølvstendig kyststat i 2021. Storbritannia var ikkje villig til å føre vidare elementet om gjensidig løyve til å fiske i sonene til kvarandre, som var eitt av to hovudelement i det gamle avtaleverket og svært viktig for den norske flåten. Det var difor ikkje grunnlag for å inngå nokon ny avtale då.

I 2023 signerte Noreg og Storbritannia ein tosidig avtale for makrell. Avtalen sikra Noreg tilgang til å fiske 60 prosent av den nasjonale kvoten i britiske farvatn. Denne tilgangen vart nytta fullt ut.

Trass i ei rekkje forhandlingsrundar vart kyststatane til makrell ikkje samde om fordeling av makrellbestanden i 2024. I mangel av ein fullstendig avtale inngjekk Noreg, Storbritannia og Færøyane ein trepartsavtale om forvalting av makrellen i juni 2024. Trepartsavtalen gjeld forvalting, fordeling og tilgang til å fiske makrell i farvatna til kvarandre og handlar om storleiken på dei nasjonale kvotane, sonetilgang og vitskapleg samarbeid. Avtalen sikrar mellom anna den norske flåten høve til å fiske 60 prosent av den nasjonale makrellkvoten i britiske farvatn, medan Færøyane har høve til å fiske 40 prosent av sin nasjonale kvote i norske farvatn. Avtalen reduserer det

samla fiskepresset på makrellbestanden og er utforma slik at det er mogleg å inkludere dei resterande kyststatane (EU, Island og Grønland) dersom det er ønskjeleg. Avtalen gjeld, inntil vidare, for tre år, noko som bidreg til å gjere situasjonen meir stabil og føreseieleg for den norske næringsnæringa.

Kyststatane startar nye forhandlingar vintren 2025, og siktemålet er å oppnå ein ny, heilskapleg kyststatsavtale der alle kyststatane er med. Frå norsk side blir det lagt vekt på at det må vere ein klar samanheng mellom sonetilhøyrsla til makrellen, det vil seie kor mykje og kor lenge makrellen oppheld seg i kvar økonomiske sone, og eigardelane partane til slutt endar opp med. I påvente av ein heilskapleg kyststatsavtale for makrell har Noreg sett seg ein førebels kvote på 130 000 tonn. Denne kvoten vil bli justert når forhandlingane blir avslutta til våren.

3.3.5 Forvaltinga av uer

Det finst fleire artar av uer i Nordaust-Atlanteren. Det er størst kommersiell interesse knytt til snabeluerbestandane i Irmingerhavet, i Barentshavet og i Norskehavet. Desse blir utnytta av fleire statar.

Snabeluer i Barentshavet og Norskehavet

I 2005 starta eit nytt fiskeri etter snabeluer på det opne havet i Norskehavet. Bestanden det blir fiska på, er hovudsakleg i norsk sone, men delar av bestanden dreg på næringsvandring i område utanfor norsk fiskerijurisdiksjon i om lag tre månader om hausten.

Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen (NEAFC) sette i 2008 i gang ei uavhengig utgreiing med tanke på å etablere eit vitskapleg fundament for ein fordelingsnøkkel. Rapporten etter utgreiinga konkluderte med at sonetilhøyrsla til Noreg ligg på rundt 74 prosent. Russland er òg kyststat til snabelueren, og Noreg og Russland vart i oktober 2014 samde om ei fordeling av bestanden: 72 prosent til Noreg, 18 prosent til Russland, 5,9 prosent til det opne havet i Norskehavet og 4,1 prosent til tredjelandts bifangst i fiskevernsona ved Svalbard.

Andelen til internasjonalt farvatn har blitt diskutert gjennom fleire år, og det har særleg vore EU som ikkje har akseptert denne. Under årsmøtet i NEAFC i november 2024 fekk Noreg for andre gong aksept i NEAFC for ei regulering med ein kvote basert på 5,9 prosent, noko som vil seie 3 964 tonn for 2025, for fiske på det opne havet i Norskehavet, i tråd med den avsetjinga

Noreg og Russland er samde om. Forslaget fekk for første gong støtte frå alle kontraktspartane i NEAFC (sjå nærmare omtale av årsmøtet i kapittel 3.4.1).

Snabeluer i Irmingerhavet

Partane i prosessen om fordeling og regulering av snabeluer i Irmingerhavet er kyststatane Island, Grønland og Færøyane og observatørane EU, Noreg, Storbritannia og Russland.


Under årsmøtet i NEAFC i 2021 fremja Island og Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland) eit forslag om å ikkje hauste snabeluer i Irmingerhavet i 2022, 2023 og 2024. Eit liknande forslag vart fremja av Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland), EU, Island og Storbritannia under årsmøtet hausten 2024. Forslaget vart vedteke og gjeld for 2025, 2026 og 2027. Russland var einaste kontraktspart som stemte imot, og har reservert seg mot vedtaket. Det samla uttaket av bestanden har i lang tid vore altfor høgt. Uttaket var vesentleg høgare enn tilrådinga frå ICES i 2024 og, fordi Russland, som ikkje godtek fordelingsnøkkelen og tilrådinga frå ICES, har gjeve seg sjølv ein svært høg kvote.

3.4 Internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonar

3.4.1 Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen (NEAFC)

NEAFC skal sørge for ei langsiktig bevaring og best mogleg utnytting av fiskeressursane i konvensjonsområdet. Kommisjonen skal leggje til rette for ei samfunnsøkonomisk optimal og miljøvennleg utnytting av fiskebestandane. Partane til NEAFC er Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland), EU, Island, Noreg, Russland og Storbritannia. Sekretariatet ligg i London.

Den viktigaste oppgåva til NEAFC er å vere med og utvikle ei meir økosystembasert forvaltning av havområda og gode regionale kontrollregime. Ansvarsområda til NEAFC (vanlegvis kalla reguleringsområdet) er i utgangspunktet avgrensa til områda utanfor dei økonomiske sonene til partane. Når det gjeld reguleringar av fisket på bestandar som vandrar både innanfor og utanfor dei økonomiske sonene til partane, har kommisjonen i første rekkje ein samordnande funksjon. NEAFC kan likevel gjere vedtak om reguleringstiltak innanfor den økonomiske sona til ein part dersom vedkommande part ønskjer det og støttar at det blir sett i verk eit reguleringsstil-



Figur 3.7 Konvensjonsområdet til NEAFC ligg innanfor dei stipla linene, ansvarsområde er merkte i oransje.

tak. NEAFC-konvensjonen gjeld i utgangspunktet for alle fiskeressursar i konvensjonsområdet. Unntaket er sjøpattedyr og langtmigrerende artar dersom dei er omfatta av andre internasjonale avtalar (til dømes tunfisk).

Fiskerireguleringar for 2025

NEAFC har i første rekkje ein viss samordnande funksjon i reguleringa av fisket etter bestandar som vandrar mellom dei økonomiske sonene til partar og internasjonalt farvatn. Dette gjeld kolmule, norsk vårgytande sild, makrell og uer. Det blir vanlegvis inngått kyststatsavtalar for desse bestandane. Desse avtalane er omtalte i kapitla ovanfor.

Arbeidet i NEAFC er påverka av Russlands angrepskrig mot Ukraina ved at eit fleirtal av partane ikkje har vilja delta på møte med Russland i NEAFC-undergrupper og -komitear i 2024. Dette har ført til at Russland reserverer seg mot vedtak dei ikkje er samde i eller har hatt moglegheit til å vere med og diskutere.

Gjennom kyststatsavtalen for kolmule blir det sett av ein del til fiske i NEAFC sitt regulerings-

område for ikkje-kyststatar. Dette blir regulert av NEAFC. I tillegg kan kyststatane fiske sin del av totalkvoten på dei enkelte artane i internasjonalt farvatn. Basert på forslag frå kyststatane vedtek kommisjonen regulering av fisket etter dei enkelte artane i internasjonalt farvatn.

Årsmøtet vedtok ei regulering av fisket etter kolmule basert på kyststatsavtalen om ein totalkvote på 1 447 054 tonn. Vedtaket inneber ei avgrensing på 115 185 tonn for fiske i internasjonalt farvatn, fordelt på Danmark (Grønland) og Russland. NEAFC-reguleringa inneber i tillegg at kyststatane kan fiske dei nasjonale kvotane sine i internasjonalt farvatn. Årsmøtet vedtok òg ei regulering av fisket etter norsk vårgytande sild basert på kyststatsavtalen om ein totalkvote på 401 794 tonn. Også denne reguleringa inneber at kyststatane kan fiske dei nasjonale kvotane sine i internasjonalt farvatn. I tråd med kyststatsavtalen for makrell for 2025 vedtok årsmøtet òg ein totalkvote på 576 958 tonn. Partane kan fiske dei nasjonale kvotane sine i internasjonalt farvatn. Alle reguleringane er i tråd med tilrådingane frå ICES.

Noreg og Russland er kyststatar til snabeluere i Norskehavet og vart i oktober 2014 samde om ei fordeling av bestanden på bakgrunn av ein sonetilhørslerapport utarbeidd av forskarar frå NEAFC-landa. Avtalen inneheld òg ein kvote til internasjonalt farvatn. I tråd med tilrådinga frå forskarane og kvoten som er sett av i avtalen mellom Noreg og Russland, la Noreg fram eit forslag om ei NEAFC-regulering for 2025. Forslaget til regulering med ein kvote på 3 964 tonn for fiske på det opne havet i Norskehavet vart vedteke ved konsensus.

Partane i prosessen om fordeling og regulering av snabeluer i Irmingerhavet er kyststatane Island, Grønland og Færøyane og ikkje-kyststatane EU, Noreg, Russland og Storbritannia. Island har, i tråd med ICES-rådgevinga, ønskt eit forbod mot direktefiske i fleire år, noko Noreg har støtta. Forslaget har tidlegare ikkje fått tilstrekkeleg fleirtal, men dette endra seg på årsmøtet i 2020, og forslaget vart vedteke på nytt under årsmøtet i 2021. Forbodet mot fiske etter uer i Irmingerhavet vedteke under årsmøtet i 2021 vart revidert under årsmøtet i 2023 og deretter vidareført under årsmøtet i 2024. Vedtaket inneber ein nullkvote og forbod mot å tilby omlastings-, forsynings- og støtetenester til fartøy i internasjonalt farvatn med fangstar av bestanden om bord, og gjeld for perioden 2025–2027. NEAFC-forbodet mot direktefiske etter uer i Irmingerhavet er i tråd med tilrådinga frå ICES. Russland har i etterkant av årsmøtet reservert seg mot vedtaket, og forbodet gjeld difor ikkje for fartøya deira.

Kontraktspartane vart òg samde om å føre vidare reguleringa av fisket etter hyse ved Rockall.

Områdeforvaltning

NEAFC vedtok for første gong i 2004 å stengje enkelte område for botntråling og fastståande reiskapar for å verne sårbare marine økosystem. I åra etter har kommisjonen med jamne mellomrom gjort justeringar i områda og stengt nye område i tråd med tilrådingar frå ICES. Det er no i alt 13 område innanfor reguleringsområdet til NEAFC som er stengde for botnfiske.

Alle tiltaka som er vedtekne om stengde område og botnfiske, er element i oppfølginga NEAFC har gjort av fire relevante resolusjonar i perioden mellom 2006 og 2016 og FAO-retningslinene om botnfiske frå 2008. NEAFC vedtok i 2014 eit nytt og betre regelverk for botnfiske og vern av sårbare marine økosystem.

Regelverket inneber at reguleringsområdet til NEAFC er delt inn i tre kategoriar: stengde område, eksisterande botnfiskeområde og avgrensa botnfiskeområde. Dei stengde områda er område der sårbare marine økosystem er påviste og ICES har tilrådd stenging. I tillegg til å liste opp dei stengde områda definerer regelverket kva for område som per i dag er rekna for å vere eksisterande fiskeområde og dermed opne for fiske. Område som verken er stengde for botnfiske eller omfatta av eksisterande fiskeområde, utgjer dei avgrensa botnfiskeområda. Desse er ikkje opne for ordinært botnfiske, men NEAFC kan gje løyve til forsøksfiske i områda. Regelverket stiller strenge krav til slikt prøvofiske. Mellom anna skal det gjennomførast konsekvensutgreiingar før det er aktuelt å vurdere eit forsøksfiske, og sjølve forsøksfisket er underlagt eigne rapporteringsreglar. Fartøya må òg ha observatørar om bord. I etterkant av eit forsøksfiske skal det gjennomførast ei evaluering for å vurdere om eit botnfiske vil kunne ha betydeleg negativ påverknad på dei sårbare marine økosystema i området, og om det dermed bør stengjast, eller om området kan bli opna som eit eksisterande botnfiskeområde. Dersom fartøy i ordinært fiske eller i forsøksfiske støyter borti sårbare marine økosystem (korallar og svamp), pliktar dei å stoppe fisket, rapportere hendinga og flytte seg minst to nautiske mil bort frå staden med sårbare økosystem.

I tråd med krava i NEAFC-regelverket gjennomfører NEAFC kvart femte år ei evaluering av om reguleringa har vore effektiv når det gjeld vern av sårbare marine økosystem. Evalueringa i 2019 konkluderte med at reguleringa fungerer etter formålet, men foreslo likevel enkelte forbe-

tringspunkt. Dette har blitt diskuterte i dei permanente arbeidsgruppene i NEAFC dei siste åra, og oppfølgingsarbeidet held fram i 2025. Då blir det òg gjennomført ei ny evaluering.

Årsmøtet i 2024 vedtok òg å melde inn dei stengde områda i reguleringsområdet til NEAFC som andre effektive arealbaserte bevaringstiltak (OECM-tiltak) til konvensjonen om biologisk mangfald (CBD). I 2024 har det vore arbeid med innmeldinga, og rapporten til konvensjonen er send. Innmeldinga av dei stengde områda synleggjer korleis fiskeriforvaltning bidreg til at ein når handlingsmåla for berekraftig bruk fram mot 2030 (sjå nærmare omtale av CBD i kapittel 2.3). Som ledd i arbeidet med rapporteringa har NEAFC samarbeidd med den regionale havmiljøorganisasjonen OSPAR om å skrive ei felles framstilling av korleis tiltaka i begge organisasjonane verker saman og forbetrar forholda i det marine miljøet. Framstillinga følgjer rapporten til CBD.

Kontrollamarbeid

Kampen mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske har vore høgt prioritert i NEAFC i fleire år. Arbeidet har resultert i eit omfattande kontroll- og handhevingsregelverk, som mellom anna inneheld krav til rapportering av fiskeriaktivitet, reglar om inspeksjon til sjøs, hamnestatskontroll og svar-tilisting.


På årsmøtet i 2018 vedtok partane endringar i kontroll- og handhevingsregelverket for å leggje til rette for implementering av eit nytt og heilelektronisk rapporteringssystem. Dei nye rapporteringskrava tok til å gjelde 15. januar 2024, og Noreg må ha implementert dei nye løysingane innan to år.

Kontrollamarbeidet i NEAFC har elles vore prega av Russlands angrepskrig mot Ukraina, noko som har ført til at partane i den permanente kontrollkomiteen (PECMAC) i NEAFC ikkje har hatt formelle møte sidan 2023.

3.4.2 Den nordvestatlantiske fiskeriorganisasjonen (NAFO)

Det overordna målet til NAFO er å bidra til langsiktig bevaring og berekraftig bruk av fiskeriresursane i konvensjonsområdet og til samstundes å bevare dei marine økosystema der desse ressursane finst.

NAFO har 13 medlemsland: Canada, Cuba, Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland), EU, Frankrike (på vegner av Saint Pierre og



Figur 3.8 Konvensjonsområdet til NAFO.

Miquelon), Island, Japan, Noreg, Russland, Storbritannia, Sør-Korea, Ukraina og USA. Fire av medlemslanda er kyststatar i konvensjonsområdet. Det gjeld USA, Canada, Frankrike (på vegner av Saint-Pierre og Miquelon) og Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland). NAFO-sekretariatet ligg i Halifax i Canada.

NAFO har i dei seinare åra lagt vekt på å modernisere organisasjonen og har innført nødvendige endringar av NAFO-konvensjonen. Den nye konvensjonen frå 2008 tek mellom anna omsyn til føre-var-prinsippet, økosystembasert forvaltning, etablering av ein mekanisme for tvisteløysing og strukturelle endringar av organisasjonen. Noreg ratifiserte den reviderte konvensjonen i 2009, og konvensjonen vart gjeldande 18. mai 2017.

Fastsette kvotar for 2025

Den viktigaste bestanden for Noreg i NAFO er torsk i reguleringsområde 3M (sjå kart i figur 3.8), der vi har ein kvoteandel på 9,25 prosent. Etter ti år med fiskeforbod (moratorium) vart direktefisket etter torsk i 3M opna igjen i 2010. Partane vedtok ein totalkvote for fisket i 2025 på 12 613 tonn, noko som er ein auke på om lag 7,7 prosent frå fjorårskvoten på 11 708 tonn. Bestanden har over tid hatt ei svak rekruttering. Det såg ei stund ut til at måtehald i kvotefastsetjinga dei seinaste åra hadde effekt og bidrog til å betre tilstanden for bestanden. Rådgevinga for 2025 indikerte derimot at eit nytt botnnivå for bestandsrekrutteringa er nådd. Det er difor framleis grunn til å overvake bestanden nøye og ha ei forsiktig tilnærming dei neste åra, noko Noreg og enkelte andre kontraktspartar, som Canada, Storbritannia og USA, argumenterte for under årsmøtet.

Noreg har sidan 1993 fiska reker på Flemish Kapp. Det har gått føre seg to separate rekefiskeri i dette området, eitt i reguleringsområde 3M og eitt i reguleringsområde 3L. På grunn av den dårlege bestandssituasjonen vedtok NAFO, i tråd med tilrådinga frå havforskarane, å stoppe rekefisket i område 3M i 2011. Bestandssituasjonen for reker i 3M såg ut til å ha blitt noko betre, og i tråd med tilrådinga frå forskarane vart fisket opna med verknad frå 1. januar 2020. Fisket vart lukka igjen i 2021, i tråd med vitskapleg rådgeving, og fisket har vore stengt sidan då.

Rekefisket i 3M er regulert med fiskedøgn, noko som er eit lite tilfredsstillande reguleringsregime. Hausten 2023 møttest partane for å drøfte moglegheitene for å gjere om fiskedøgnreguleringa til eit kvoteregime. Diskusjonen var eit framhald av forhandlingane frå året før. Noreg og EU hadde i forhandlingane i 2022 lagt fram eit felles forslag om konvertering til eit kvoteregime og fordeling av kvotar mellom relevante kontraktspartar. Dette forslaget vart godt teke imot i 2022 og vart diskutert på nytt under rekemøtet i 2023. Også Canada, USA, Frankrike (på vegner av St. Pierre og Miquelon) og Russland la fram forslag til eller presenterte tankar om ein modell for konvertering frå fiskedøgn til kvotefordeling mellom partane. Partane lykkast heller ikkje denne gongen med å bli samde om eit nytt forvaltingsregime eller om noka kvotefordeling. Det vart ikkje halde eit eige rekemøte i 2024, men Noreg og EU har uttalt seg positivt om å arbeide vidare med saka i 2025.

I åra før 2011 låg totalkvoten for reker i reguleringsområde 3L på 30 000 tonn. For 2011 tilrådde

vitskapskomiteen i NAFO å redusere den totale fangsten. Partane var i åra etter samde om behovet for ein reduksjon, men vart ikkje samde om å redusere den totalt tillatne fangsten like mykje som forskarane tilrådde. Noreg og fleire land stemte imot å fastsetje høgare rekekvotar enn det tilrådinga frå forskarane sa. Då bestanden vart ytterlegare redusert, vart partane på årsmøtet i 2014 samde om å innføre fiskeforbod for denne bestanden òg. Fisket har sidan vore stengt.

Rådgevinga for 2025 stadfesta at situasjonen for rekebestanden i reguleringsområde 3L er svak, og årsmøtet vedtok å vidareføre moratoriet for 2025. Noreg har kvoterettar i NAFO på 30 prosent av totalkvoten for lodde i reguleringsområde 3NO. Som følgje av den svake bestandssituasjonen har det lenge vore forbode å drive direktefiske på denne arten, og forbodet vart vidareført for 2025.

Torskebestanden i område 2J3KL kollapsa på 1980-talet, og fisket har vore stengt sidan 1992. I juni 2024 vedtok Canada, som er kyststat til bestanden, å gjenopne fisket. Totalkvoten vart fastsett til 18 947 tonn. 95 prosent av totalkvoten er reservert for Canada (18 000 tonn). Dei resterande 5 prosentane av kvoten, tilsvarende 947 tonn, er sette av til fiske for dei 12 andre partane i NAFOs reguleringsområde (internasjonalt farvatn i område 3L). Under årsmøtet vart det vedteke ein ny fordelingsnøkkel for desse 12 partane. Etter ønske frå Canada vart det òg vedteke at reguleringsåret for torskekvoten i 2J3KL skal gjelde frå juni til juni året etter. I tråd med det nye forvaltingsregimet er Noreg sin kvote fram til juni 2025 på 19,14 tonn.

I 2024 vart det vedteke ein ny forvaltingsplan for blåkveite som i utgangspunktet skal gjelde fram til 2035. For 2025 vart det i tråd med den nye forvaltingsplanen fastsett ein totalt tillaten fangst på 10 960 tonn. Noreg har ingen del i denne bestanden, men når totalkvoten kjem opp i 30 000 tonn eller meir, har Noreg rett til å fiske på ein eigen kvote som blir sett av til land utan fast kvotedel.

Regulering av fiske med botnreiskapar

I tråd med fire relevante resolusjonar i perioden mellom 2006 og 2016 har NAFO lagt stor vekt på å regulere fisket med botnreiskapar slik at sårbare marine økosystem blir skåna. NAFO har òg arbeidd med å setje i verk FAOs retningsliner for djuphavsviske på det opne havet.

Ulike område i konvensjonsområdet er delte inn i tre kategoriar: noverande område, stengde

område og nye fiskeområde. NAFO har formelt vedteke eit kart som viser dei noverande fiskeområda. Det blir stilt særleg strenge krav til fisket i nye område, men også i noverande fiskeområde er det strenge miljøkrav. Det gjeld særleg dersom ein ønskjer å nytte nye reiskapstypar, eller dersom ny vitenskapleg informasjon seier at dagens fiskepraksis bør endrast.

Ei evaluering av NAFO-regelverket for vern av sårbare marine økosystem, som den gongen omfatta 19 stengde område, vart avslutta i 2021. På bakgrunn av evalueringa har nye område gradvis blitt omfatta av reguleringa. Per i dag er i alt 27 område stengde fram til utløpet av 2026. Dette omfatar 15 område med konsentrasjonar av koral lar og svamp som har særleg sårbare økosystem, og 12 undersjøiske fjell.


NAFO har i tillegg vedteke regelverk for kva fartøya skal gjere dersom reiskapar kjem i kontakt med sårbare økosystem under fiske. Fartøy pliktar ved samanstøyt, uavhengig av område, å stoppe fisket, rapportere hendinga og flytte seg minst to nautiske mil bort frå staden med sårbare marine økosystem. I utgangspunktet er fiske med botnreiskapar ikkje tillate i dei nye områda. Det er likevel høve til eit forsøksfiske, men dette er strengt regulert. Mellom anna pliktar fartøya å ha ein vitenskapleg observatør om bord. På grunnlag av rapportar frå forsøksfiske og vitenskapleg rådgjeving kan NAFO opne for generelt fiske i avgrensa område.

Kontrollsamarbeid

Kampen mot urapportert, uregulert og ulovleg fiske (UUU-fiske) har hatt høg prioritet i NAFO i fleire år. Arbeidet har resultert i eit omfattande kontroll- og handhevingsregelverk, som mellom anna inneheld krav til posisjonsrapportering, rapporteringsplikter, reglar om inspeksjon til sjøs, hamnestatskontroll, svartelisting og eit observatørprogram.

3.4.3 Den internasjonale kvalfangstkommissjonen (IWC)

Noreg er ein av dei opphavlege partane til konvensjonen om regulering av kvalfangst av 1946, som regulerer fangst og bevaring av større kvalartar. Konvensjonen har i dag 88 partar. Den internasjonale kvalfangstkommissjonen er overvåkingsorganet til konvensjonen. IWC har som hovudoppgåve å sikre ei berekraftig forvaltning og bevaring av dei større kvalartane. I 1982 vedtok IWC eit totalfor-



Figur 3.9 Underområde i forvaltninga av vågekval.

bod mot all kommersiell kvalfangst med verknad frå 1986. Noreg har reservert seg mot forbodet og er difor ikkje bunde av det. Frå 1994 til 2006 forsøkte IWC å få på plass eit revidert forvaltingsregime for å opne for kommersiell kvalfangst utan å lykkast. Japan la i 2018 fram eit forslag til reform av organisasjonen utan å lykkast. Forslaget tok sikte på mellom anna å opne for alminneleg berekraftig kvalfangst. Som ei følgje av nederlaget og lang tid med frustrasjon over IWCs dysfunksjon melde Japan seg ut av IWC 26. desember 2018. Japans utmelding vart gjeldande 30. juni 2019.

Forskarane i IWC har etablert prosedyrar for å vurdere dei ulike kvalbestandane og uttaket av dei. Kvotetrekningsmodellane er konservative for å sikre ei føre-var-tilnærming. Den norske kvoten på vågekval blir fastsett på bakgrunn av det arbeidet som er gjort i vitskapskomiteen til IWC. 2025-kvoten er sett til 1 406 vågekval. Kvoten kan fangast i heile forvaltingsområdet til IWC, som er noko større enn havområda under norsk jurisdiksjon. Det vil seie at det òg kan drivast fangst i internasjonalt farvatn mellom Noregs økonomiske sone og fiskerisone ved Jan Mayen.

I tråd med kvoteberekningsmodellen skal vågekvalbestanden vurderast på nytt i vitskapskomiteen til IWC kvart sjette år på grunnlag av teljingar som er gjennomførte dei siste seks åra. Samstundes skal oppdelinga av havområdet i underområda vurderast på nytt. Tilpassingar av simuleringsmodellane til fangstar, bestandstal og biologiske data for å teste forvaltingsstrategiar har teke mykje tid og vart fullførte ved årsmøtet i 2017. Med utgangspunkt i den reviderte forvaltingsprosedyren vil ein ha ei gjennomgåande trygg forvaltning av vågekvalen. Dette vart handsama og godkjent på årsmøtet til vitskapskomiteen i 2022 og gjeld for ein ny seksårsperiode (2021–2027).

3.4.4 Den nordatlantiske sjøpattedyrkommisjonen (NAMMCO)

Den nordatlantiske sjøpattedyrkommisjonen vart etablert i 1992. Hovudgrunnane for å etablere organisasjonen var å leggje til rette for internasjonalt samarbeid på dei områda der IWC ikkje har kompetanse (småkval, sel og kvalross), og sikre ein internasjonal samarbeidsstruktur i tilfelle IWC skulle bryte saman.

Hovudoppgåva til NAMMCO er å arbeide for vern og forvaltning av sjøpattedyr i Nord-Atlanteren basert på vitenskaplege råd. Arbeidet er konsentrert om småkval, sel og kvalross, men omfattar dei store kvalartane òg. Noreg, Færøyane, Grønland og Island er medlem i kommisjonen. Danmark, Canada, USA og Japan møter regelmessig som observatørar. På grunn av situasjonen i Ukraina opptre Russland ikkje som aktiv observatør til NAMMCO og deltek heller ikkje i arbeidsgruppene.

NAMMCO har lykkast godt i arbeidet med å forbetre fangstmetodar – eit arbeid som er av interesse langt utover medlemslanda i organisasjonen. Representantar frå alle dei nordiske landa, og frå Japan, USA og Canada, deltek i dette arbeidet. Resultata gjev grunnlag for å forbetre fangstmetodane og setje standardar for fangst på sjøpattedyr, og Noreg har no utarbeidd ein standard for bruk av våpen i vågekvalfangsten. Vitenskapskomiteen i NAMMCO gjev råd og deltek i forskinga på sjøpattedyr i Nord-Atlanteren. Komiteen deltek dessutan i arbeidet med å lage ein plan for å organisere og gjennomføre teljetokt for kval som omfattar heile Nord-Atlanteren.

3.4.5 Kommisjonen for bevaring av dei marine levande ressursane i Antarktis (CCAMLR)

Kommisjonen for bevaring av dei marine levande ressursane i Antarktis forvaltar konvensjonen med same namn. CCAMLR-kommisjonen vart etablert i 1981 med Noreg som ein av grunnleggjarane. Konvensjonen er ein del av Antarktistraktaten og vart gjeldande frå 1982. Sekretariatet og hovudkvarteret til kommisjonen ligg i Hobart på Tasmania i Australia. Hittil er 36 land part i CCAMLR-konvensjonen, medan EU og 24 land er medlem i CCAMLR-kommisjonen. Det er Utanriksdepartementet som leier den norske delegasjonen til CCAMLR, der mellom anna Nærings- og fiskeridepartementet deltek.

Mandatet til CCAMLR om å forvalte dei marine ressursane på ein balansert måte ligg i for-


målsparagrafen. Det inneber at prinsippa om vern og rasjonell bruk av ressursane er sidestilt. Føresetna viser at ein ønskjer å leggje til rette for berekraftig fiske i konvensjonsområdet.

CCAMLR har heilt frå starten vore ein viktig aktør i utviklinga av internasjonal havressursforvaltning og har hatt stor suksess i kampen mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske etter tannfisk.

Fiskeri

Interessa for å fiske i Antarktis gjeld i hovudsak bestandane av kril og tannfisk. CCAMLR vedtek årleg totalkvotar for dei ulike artane, basert på tilrådingar frå vitenskapskomiteen til kommisjonen. Kommisjonen kan òg på vitenskapleg grunnlag fastsetje forbod mot å fiske på enkelte fiskeslag innan eitt eller fleire underområde. CCAMLR deler ikkje totalkvotane mellom dei enkelte medlemmene. Det er såleis open for eit «olympisk fiske», der alle fiskar inntil fisket blir stoppa når totalkvotane er tekne.

Det er store krilressursar i konvensjonsområde. Anslag for opphavleg biomasse er 60 millionar tonn i det havområdet der det blir fiska i dag, som i hovudsak er dei vestlege delane av atlantisk sektor og langs Antarktishalvøya. I dette området har CCAMLR vedteke ein totalkvote på 5,61 millionar tonn. Likevel er fangsten etter råd frå vitenskapskomiteen avgrensa til maksimalt 620 000 tonn. Og for å hindre for stort fiskepress i enkeltområde der kril er viktig mat for fugl og pattedyr, har det vore semje om å fordele totalfangsten på fire av underområda viste i figur 3.10. På kommi-



Figur 3.10 Konvensjonsområdet til CCAMLR og dei ulike underområda.

sjonsmøtet hausten 2024 greidde ikkje partane å semjast om at fisket framleis skulle fordelast over dei fire områda. Dette kan opne for eit meir konsentrert fiske i fangstsesongen 2025. Dei siste åra har totalfangsten av kril vore mellom 230 000 og 420 000 tonn. Den norske flåten fiskar årleg om lag 50–70 prosent av den samla fangsten av kril i havområda rundt Antarktis. Dei norske krilfartøya har alltid med seg ein internasjonal observatør som tek prøvar av fangstane og rapporterer til CCAMLR om gjennomføringa av fisket, bifangst av fisk og eventuelle tilfelle av skadar på fugl og sjøpattedyr.

Den samla fangsten i det kvoteregulerte fisket etter tannfisk i Antarktis har dei siste åra lege kring 15 000 tonn årleg av dei to artane som blir fiska. Dette er eit svært lågt fangstnivå sett i forhold til det svære geografiske området fiskeriet skjer i. Tannfisken blir fiska på djupt vatn, mellom 500 og 2 000 meter. Dette er eit lite, men nokså lønnsamt fiskeri. Noreg har ikkje notifisert fartøy for dette fisket i 2025.

Miljø og forskning

Vitskapskomiteen i CCAMLR er sentral i utviklinga av forskingsplanar i havområda rundt Antarktis, òg når det gjeld forskinga på kril. Noreg gjev viktige bidrag til dette arbeidet. Mellom anna starta Havforskningsinstituttet i 2011 eit program for overvaking av kril ved Sør-Orknøyane som enno held fram. Ved hjelp av fartøy frå krilindustrien gjennomfører instituttet eit tokt ei knapp veke i året etter eit fast mønster og med vitskapleg akustisk instrumentering for å vurdere mengda og samansetjinga av krilbestanden i dette fiskeriområdet.

CCAMLR si samla vurdering av krilbestanden byggjer på data frå ei stor basisundersøking så langt tilbake som i år 2000. Seinare er kunnskapen supplert med ei rekkje enkeltstudiar. Dei viktigaste blir gjennomførte årleg i dei tre beste fiskeområda. Ein av desse studiane er det norske toktet med fiskefartøy. Desse undersøkingane dekkjer berre avgrensa delar av utbreiingsområdet til krilen. CCAMLR er likevel trygg på at uttaket av kril er berekraftig i forhold til storleiken på bestanden, ettersom fisket er avgrensa samanlikna med både kvotane og bestandsvurderinga. Det viktigaste elementet i reguleringa av krilfisket i dag er omsynet til sjøfugl og sjøpattedyr fordi dei beitar på kril i nokre av dei same områda som krilfisket går føre seg i. Dersom uttaket av krilressursen i Antarktis skal aukast, må vedtak om dette byggje på vitskaplege undersøkingar og råd som

viser at auka fangst er forsvarleg ut frå produksjons- og bestandsforholda for kril og næringsforholda for fugl og pattedyr.

I 2017 fremja Noreg forslag om å gjennomføre omfattande undersøkingar av kril i 2019 og annonserte planar om ekspedisjon med det nye polare forskingsfartøyet «Kronprins Haakon» vinteren 2018–2019. Det norske initiativet vart helst velkommen av CCAMLR, og vitskapskomiteen og kommisjonen slutta seg til og bidrog til planane.

Undersøkinga med seks–sju fartøy koordinert av norske forskarar vart gjennomført i januar–februar 2019. Det norske forskingsfartøyet opererte saman med fartøy og landstasjonar frå andre CCAMLR-medlemmer. I tillegg bidrog krilindustriassosiasjonen ARK (Association of Responsible Krill harvesting companies) med eit eige leigefartøy og omfattande innsats under norsk forskarleiing. Til saman sikra forskings- og leigefartøy god dekning i alle viktige fiskeriområde og heile det same området som vart undersøkt i år 2000. I tillegg til det store kriltoktet vart det gjennomført undersøkingar i underområde for å granske forholda for pingvin og sel som et kril. Frå landstasjonar vart satellittmerkte pingvinar og selar overvakte under beitevandringar i krilområda. Under kriltoktet vart det samla svære data-mengder om fysisk-kjemiske forhold og plante- og dyreplankton. Langs med kurslinene vart det registrert observasjonar av fugl og kval. Utbytet av toktet strekkjer seg dermed langt utanom den auka kunnskapen om krilressursane. Dette har relevans for mellom anna klimaforskning og generell økosystemforståing.

Under årsmøtet i 2011 vedtok CCAMLR forvaltningstiltak CM 91/04, som legg fast eit rammeverk for etableringa av eit sett med representative marine beskytta område i Antarktis.

Etter fleire års arbeid vart det under årsmøtet i 2016 gjort vedtak om å etablere eit marint beskytta område i Rosshavet. Området dekkjer eit areal på 1,55 millionar kvadratkilometer. Av dette er 1,12 millionar kvadratkilometer (72 prosent) underlagde strenge restriksjonar, som vil seie at berre eit visst forskingsfiske er lov.

Området beskyttar sårbare naturområde og dyregrupper, inkludert landbaserte toppredatorar som selar og pingvinar, som er avhengige av tilgang til mat i nærleiken av områda dei forplantar seg i. Sårbare botnhabitat og oppvekstområde for yngel og ungfisk blir òg tekne vare på.

Området er utvikla i tråd med den beste tilgjengelege kunnskapen og i tråd med norske prinsip.

Forslag til marine beskytta område er òg under arbeid for områda i Aust-Antarktis, i Weddelhavet og langs Antarktishalvøya.

3.4.6 Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk (ICCAT)

ICCAT vart etablert i 1966. Noreg har vore medlem sidan 2004. Organisasjonen har ansvar for å bevare og forvalte tunfisk og tunfiskliknande artar i Atlanterhavet og Middelhavet. Kommisjonen har 53 avtalepartar, inkludert EU på vegner av medlemslanda. Ansvarsområdet til organisasjonen omfattar kring 30 artar, mellom anna makrellstørje, som særleg i 1950-åra vart fiska i store kvantum langs norskekysten. Overfiske førte til ein kraftig reduksjon i bestanden, og førekomstane i farvatna våre var nærmast ikkje-eksisterande i fleire tiår. Dei seinare åra har bestanden teke seg opp igjen, og no er det makrellstørje i norske farvatn igjen.

På bakgrunn av bestandssituasjonen og fordi totalkvoten vart sett høgare enn tilrådd, hadde Noreg forbod mot fiske og landing av makrellstørje i perioden 2007–2013. Den negative trenden er no snudd, og tilstanden til bestanden er mykje betre.

ICCAT vedtok på årsmøtet i 2017 ein ny forvaltingsplan for makrellstørje, og gjekk offisielt over frå ein gjenoppbyggingsplan til ein forvaltingsplan. Noreg var aktivt med i forhandlingane om planen og fekk mellom anna forhandla fram betre reglar for bifangst og reglar som varetok land med ilandføringsplikt. I tillegg fekk Noreg, som kyststat, forhandla fram ein gradvis auke av den nor-

ske eigarparten av makrellstørjebestanden i løpet av perioden forvaltingsplanen gjeld for.

På årsmøtet i 2022 vart det vedteke ein ny prosedyre for forvaltning av makrellstørje i Atlanterhavet, ein såkalla MSE-modell (management strategy evaluation model). Noreg forhandla seg fram til ein årleg kvote på 368 tonn for forvaltingsperioden 2023–2025, før overføring av unyttta kvantum mellom kvoteår.

I 2024 var det fire notfartøy og eitt linefartøy som deltok i direktefisket etter makrellstørje. I gruppa for småskala kystfartøy var det totalt 24 fartøy som fekk tilgang, men berre sju fartøy leverte fangst. Fisket i gruppa for småskala kyst er regulert som eit «olympisk fiske», der fartøya ikkje får tildelt individuelle kvotar, men fisket blir stoppa når ein reknar ut at gruppekvoten på 4 018 tonn er fiska opp. I 2024 deltok i tillegg 79 fiskelag i rekreasjonsfisket etter makrellstørje, og 34 av desse deltok òg i merk-og-slepp-fiske. År to av pilotprosjektet om levandelagring av makrellstørje vart òg gjennomført, og Noreg leverte ein rapport frå prosjektet til ICCAT også i 2024. Målet er å bruke tre år på forsøk som kan vise at vi kan få til levandelagring av makrellstørje i Noreg. Totalt vart 132 tonn av den norske kvoten landa i 2024.

ICCAT har tidlegare vedteke reglar for bifangst av pelagiske haiartar i fisket etter tunfisk og tunfiskliknande artar i heile konvensjonsområdet. Reguleringane omfattar påbod om utkast, men i dei seinaste vedtaka finst det unntak for partar som har påbod om ilandføring som ein del av den generelle fiskerilovgjevinga, og for partar som ikkje har desse haiartane i sine farvatn.

4 Bestandane – status og rådgjeving


Dette kapitlet gjer greie for tilstanden til dei viktigaste fiskebestandane Noreg deler med andre land, og dei vitskaplege råda om korleis bestandane bør regulerast. For kvart geografiske område – Barentshavet, Norskehavet og Nordsjøen – gjev vi innleiingsvis ei kort oversikt over tilstanden i økosystemet og dei viktigaste bestandane der. I omtalen av kvar bestand viser vi den historiske utviklinga i bestandsstorleik, gytebestand og fangstar i tillegg til tilrådd og avtalt totalkvote dei siste fem åra.

Dette kapitlet presenterer òg fiskedødeligheita (for dei fleste bestandar for dei siste 10–15 åra) etter dagens forvaltingsplan (F_{mgt}), der det er på plass ein forvaltingsplan, eller den sist estimerte verdien av maksimalt langtidsutbytte (F_{msy}). Vi gjer merksam på at desse verdiane har blitt endra i den siste tiårsperioden for fleire av bestandane. Fordi ein kvart år får ny informasjon om kvar bestand, endrar biletet av den historiske utviklinga til bestanden seg, spesielt har det vore slik dei siste åra. Dette er illustrert i rådet frå ICES, under «Quality of the assessment», der det for kvar bestand er figurar som viser historiske endringar i bestandsvurderinga (gytebestand, fiskedødeligheit og rekruttering). I tillegg til å vise effekten av nye data reflekterer desse figurane metodeendringar.

4.1 Barentshavet

Gytebestanden av torsk i Barentshavet har i perioden 2008–2022 vore på det høgaste nivået vi har hatt i etterkrigstida, men har blitt kraftig redusert frå det historiske toppnivået i 2013 og er framleis på veg nedover. Også hyse- og blåkveitebestanden er på eit relativt lågt nivå, medan snabeluerbestanden er på eit stabilt og høgt nivå. Loddebestanden er svært variabel. Det var ikkje loddefiske i 2016 og 2017, men i 2018 vart det opna for fiske på denne bestanden igjen. Fisket vart så stengt igjen i 2019–2021 og opna igjen i 2022–2024, før det vart stengt nok ein gong i 2025.

Det står bra til med vågekval og grønlandssel, som er dei to sjøpattedyrbestandane som det blir




Figur 4.1 Barentshavet – straumar og djupn.

fangsta på i Barentshavet. For begge bestandane, spesielt grønlandssel, er fangsten lågare enn kvoterådet. Kvoten for vågekval blir fastsett av Noreg basert på metodar utvikla i IWC, slik det er omtalt i kapittel 3.4.3.

Barentshavet er eit relativt grunt havområde som ligg på kontinentalsokkelen nord for Noreg og Russland, jf. figur 4.1. Barentshavet er sterkt prega av varmt atlantisk vatn som strøymer inn frå sørvest. Det er i stor grad det som gjer at dette havområdet ikkje berre er leveleg, men eit svært produktivt hav. Områda på denne breiddegraden på motsett side av jordkloden er dekte med is året rundt, då dei ikkje har denne innstrøyminga av varmt vatn. Dei siste åra har det vore mykje varmt atlantehavsvatn nord i Barentshavet og nord for Svalbard. Det varme vatnet skaper stor produksjon av plankton og godt med mat til både lodde og torsk. Torsk og lodde hadde i fleire av åra på 2010-talet den nordlegaste utbreiinga som er registrert i målingane til Havforskningsinstituttet gjennom dei siste 40 åra.

Noreg og Russland har i mange år hatt eit særst godt samarbeid om forskning i Barentshavet,



Figur 4.2 Økosystemet i Barentshavet.

Illustrasjon: Havforskningsinstituttet.


og dette har gjeve god kunnskap om fiskebestandane og økosystemet.

Som følge av Russlands militære angrep på Ukraina vedtok ICES å suspendere russiske delegatar, medlemmer og ekspertar mellombels frå aktivitetane til ICES frå og med 30. mars 2022. Kvoteråda for fellesbestandar med Russland (torsk, hyse, blåkveite, lodde og snabeluer) for 2025 vart difor, som for 2023 og 2024, utarbeidde av ei felles norsk-russisk forskargruppe, som la til grunn eksisterande ICES-metodikk for desse bestandane.

Det er funne over 200 fiskeartar i Barentshavet, men berre nokre få har kommersiell verdi. Dette er først og fremst den nordaustarktiske torsken (den største torskebestanden i verda), den nordaustarktiske hysa, den nordaustarktiske blåkveita, vanleg uer, snabeluer og lodde. I tillegg spelar reker, snøkrabbe og kongekrabbe viktige økonomiske roller. Rekefisket har auka dei siste åra. Snøkrabbe breier seg vestover og nordover i Barentshavet. Det har blitt utvikla eit kommersielt fiske på denne bestanden, og norsk fangst av snøkrabbe er allereie fleire gonger større enn norsk fangst av kongekrabbe.

Figur 4.3 viser det samla fangstkvantumet av botnfisk og pelagisk fisk i Barentshavet frå starten av førre hundreåret og fram til 2023. Den pelagiske fisken er nesten berre lodde, med eit lite innslag av polartorsk først i 1970-åra. Tidlegare var det lita interesse for å fiske lodde, men nedgangen i sildebestanden i Norskehavet i 1960-åra gjorde at fiskeflåten som før fiska sild, no søkte etter nye bestandar å fiske på. Utover i 1970-åra utvikla det seg eit omfattande loddefiske, som nådde ein topp i 1977 med ein fangst på om lag tre millionar tonn.


Kvantommet av fiska lodde har vore mykje mindre sidan 1990 enn det var i 1970-åra og tidleg i 1980-åra, sjølv om ikkje loddebestanden har vore så mykje mindre. Vi ser då bort frå dei fire periodane då loddebestanden var særst liten og fisket vart stoppa. Denne utviklinga i fisket heng saman med at torskebestanden, som har lodde som det viktigaste føret sitt, var svært stor på 2010-talet, og dessutan breier seg lenger nord og aust no enn før og overlappar geografisk med loddebestanden ein mykje lengre periode av året. Torsken et difor ein langt større del av loddebestanden no enn tidlegare.



Figur 4.3 Fisket i Barentshavet frå 1903 til 2023. Totalfangst – alle land.


Av figur 4.4 ser vi at torsken konsumerte meir enn 8 millionar tonn mat årleg rundt 2010, og det går tydeleg fram at lodda utgjorde størstedelen av konsumet. I 2023 hadde konsumet minka til om lag 3,4 millionar tonn. Innsamlinga av mageprøvar frå torsk er eit sams norsk-russisk prosjekt. Det kom i stand i 1984 som eit første steg mot fleirbestandsforskning og -forvaltning. Ved å studere kva

den viktigaste rovfisken i Barentshavet et, har vi lært svært mykje om korleis dette økosystemet fungerer. Det er denne kunnskapen som ligg til grunn når vi no ser forvaltninga av lodde og torsk i samanheng og tek med i bestandsvurderinga for torsk og hyse kor mykje småtorsk og småhyse den store torsken set til livs.



Figur 4.4 Torskebestanden sitt konsum av ulike byttedyr frå 1984 til 2023.

Boks 4.1 Nordaustarktisk torsk



Figur 4.5 Torsk

Foto: Øystein Paulsen, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: torsk – *Gadus morhua*

Maksimal storleik: 169 cm og 55 kg

Levetid: maks 25 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 1,3 millionar tonn (totalbestand 3 år gammal og eldre fisk)

Kvotefor 2025: 340 000 tonn (TAC)

Norsk fangstverdi (2024): om lag 7,5 milliardar kroner (kysttorsk inkludert)

Fakta om bestanden: Største torskbestand i verda. Beitar på fisk og krepsdyr, mest lodde. Bestanden er no utbreidd i mesteparten av Barentshavet, også nord for polarfronten. I første halvår er gytefisken (skrei) fordelt langs norskekysten, for det meste sør til Lofoten, men enkelte år finst det skrei heilt til sør for Stad. Gyteperioden er mars–april.

Fisket

Gjennomsnittleg årsfangst sidan 1946 er 673 000 tonn. Fram til om lag 1980 vart det teke store fangstar, men dei gjekk jamt nedover, med unntak av periodar då særskilte årsklassar kom inn i fisket. Fisketrykket var for høgt, og bestanden minka. Etter kvart som det kom på plass strengare reguleringar, og særleg då haustingsregelen vart innført etter tusenårsskiftet, snudde den negative trenden, og bestanden byrja å auke igjen, jf. figur 4.7. I periodar var ulovleg, uregulert og urapportert fiske eit stort problem, men etter 2009 har det ikkje vore registrert urapportert overfiske av kvoten. Dette heng saman med innføringa av hamnesatsregimet til NEAFC, aktivt kontrollsamarbeid mellom landa og auka interesse for problemet både i næringa og på politisk hald.

Norsk fangst har dei siste åra vore om lag 45 prosent av total rapportert internasjonal fangst. Nesten alt utanlandsk fiske på nordaustarktisk torsk skjer med botntrål, men i det norske fisket er 65–70 prosent av fangsten teken med andre reiskapar.

Status og råd

Bestanden minka fram til tusenårsskiftet, men auka deretter til eit svært høgt nivå, før han igjen har gått nedover etter 2013, jf. figur 4.7. Ein viktig grunn til auken etter tusenårsskiftet var truleg betre ungfiskvern gjennom stenging av område med småfisk og bruk av sorteringsrist i trålfiskeria. Dessutan har det vore betre samsvar mellom tilrådde kvotar og fiske etter 2007 enn tidlegare. Det var òg svært gunstige




Figur 4.6 Utbreiingsområde og gyteområde for nordaustarktisk torsk.

forhold for torsken i Barentshavet tidleg på 2010-talet; høgare temperaturar gjorde det mogleg for torsken å breie seg ut over eit mykje større område enn før. Matfatet vart då større, og det var òg generelt god mattilgang. Rekrutteringa til bestanden har vore rimeleg bra, og nedgangen i individuell vekst har vore mindre enn ein skulle vente med ein så kraftig auke i bestanden. Dei siste åra har likevel utbreiingsområdet minka. Det kjem truleg mellom anna av nedgang i bestanden.

Boks 4.1 forts.

Takka vere alle desse faktorane har gytebestanden i perioden 2009–2019 vore på det høgaste nivået vi har hatt i etterkrigstida. Sidan rekrutteringa dei siste åra har vore under middels og uttaket har auka samanlikna med bestandsstorleiken, er gytebestanden på veg nedover. Fiskepresset (den faktiske fishedødelgheita) var, etter det vi no veit, under det som forvaltingsplanen tilseier, i perioden 2008–2017. Han har deretter auka jamt og er no godt over det nivået som forvaltingsplanen tilseier.

I den siste bestandsvurderinga klassifiserte den norsk-russiske forskargruppa fiskepresset til å vere over føre-var-nivået, medan gytebestanden vil falle under føre-var-nivået i 2025. Den norsk-russiske forskargruppa tilrådde ein kvote for 2025 på 311 587 tonn i tråd med gjeldande forvaltingsplan. Kvoten for 2025 vart fastsett til 340 000 tonn, dette er den lågaste kvoten sidan 1991. Det avtalte fangstnivået vil innebere at gytebestanden vil gå ned frå 2025 til 2026, medan totalbestanden er venta å stabilisere seg.



Figur 4.7 Utviklinga i bestand og fangst av nordaustarktisk torsk.

Tabell 4.1 Tilrådd totalkvote (TAC), avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustarktisk torsk dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES ¹	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2021	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 886	886	767	792
2022	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 708	708	719	675
2023	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 567	567	583	710
2024	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	<453	453		566
2025	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 312	340		

¹ Rådet for 2023, 2024 og 2025 vart gjeve av ei norsk-russisk forskargruppe og ikkje av ICES.

Boks 4.2 Nordaustarktisk hyse



Figur 4.8 Hyse

Foto: Thomas de Lange Wenneck, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: hyse – *Melanogrammus aeglefinus*

Maksimal storleik: 110 cm og 14 kg

Levetid: maks 20 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 0,42 millionar tonn (totalbestand 3 år gammal og eldre fisk)

Kvote for 2025: 130 000 tonn (TAC)

Norsk fangstverdi (2024): 1,3 milliardar kroner

Fakta om bestanden: Beitar på fisk og botndyr. Bestanden er no utbreidd i store delar av Barentshavet. I første halvår er gytefisken fordelt i dei vestlege delane av Barentshavet og langs vestkanten av Tromsøflaket. Gyteperioden er mars–april.

Fisket

Gjennomsnittleg årsfangst sidan 1946 er 143 000 tonn, men fangstane har variert mykje: frå 20 000 til 320 000 tonn, jf. figur 4.10. Saman med Russland står Noreg for størstedelen av husefangsten. Også Færøyane, Storbritannia, Grønland, Tyskland og Frankrike fiskar på bestanden. Dei norske fangstane er i stor grad bifangst i trålfisket etter torsk, men line og snurrevad er òg viktige reiskapar. Dei andre landa fiskar hovudsakleg hyse med botntrål.

Status og råd


Bestanden av nordaustarktisk hyse var på 2010-talet på eit historisk høgt nivå, jf. figur 4.10. Rekrutteringa til bestanden har vore over langtidsgjennomsnittet sidan 2000, og årsklassane 2005–2006 var særst sterke. Dei seinare årsklassane har vore rundt middels nivå, og bestanden kom difor ned på eit meir normalt nivå. Den sterke 2016-årsklassen førte til at nedgangen i bestanden i ein periode stoppa opp, men sidan årsklassane 2018–2020 er svake, ventar vi ein vidare nedgang i bestanden fram til 2021-årsklassen kjem inn i bestanden. Hysa har hatt ei vidare utbreiing i Barentshavet det siste tiåret samanlikna med tidlegare, og dette er truleg ein kombinert effekt av at bestanden er stor, og at temperaturauken har gjort det mogleg for hysa å utvide leveområdet sitt mot nord og aust.



Figur 4.9 Utreiingsområde og gyteområde for nordaustarktisk hyse.

Kvoten for 2025 er fastsett til 130 000 tonn. Fiskedødelegheita var, etter det vi no veit, merkbart under det som forvaltingsplanen tilseier, i perioden 2008–2016, medan dødelegheita i 2018–2023 var over det forvaltingsplanen tilseier.

Boks 4.2 forts.



Figur 4.10 Utviklinga i bestand og fangst av nordaustarktisk hyse.

Tabell 4.2 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustarktisk hyse dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES ¹	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2021	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 233	233	205	171
2022	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 179	179	177	167
2023	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 170	170	179	170
2024	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 128	141		150
2025	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 107	130		

¹ Rådet for 2023, 2024 og 2025 vart gjeve av ei norsk-russisk forskargruppe og ikkje av ICES.

Boks 4.3 Nordaustarktisk sei



Figur 4.11 Sei

Foto: Thomas de Lange Wenneck, Havforskinginstituttet.

Artsnamn: sei – *Pollachius virens*

Maksimal storleik: 130 cm og 20 kg

Levetid: maks 30 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 838 000 tonn (totalbestand 3 år gammal og eldre fisk)

Kvote for 2025: 193 117 tonn (TAC)

Norsk fangstverdi (2024): om lag 2,1 milliardar kroner

Fakta om bestanden: Opptre både pelagisk og ved botnen. Beitar mest på krepsdyr og fisk. Bestanden er utbreidd langs norskekysten frå Stad til Varanger og nord-over til vest for Svalbard. Gyter på kystbankane og langs kanten av kontinentalsokkelen frå kysten i Møre og Romsdal til fjordane i Finnmark. Gyteperioden er i februar–mars.

Fisket


Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1960–2023 var på 163 000 tonn og har variert mellom 67 000 og 264 000 tonn, jf. figur 4.13. Noreg har dominert fisket med over 90 prosent av fangstane dei siste åra. Dei ti siste åra har trålfisket stått for om lag 34 prosent av dei norske landingane, not har stått for 23 prosent, garn for 19 prosent, snurrevad for 18 prosent og line og jukse for 5 prosent.

Status og råd

Det vart gjennomført ein metoderevisjon i 2023–2024. Etter denne revisjonen vart bestandsnivået justert ned, men trendane i bestandsutviklinga er uendra.

Seibestanden nord for 62° N var på eit historisk høgt nivå i 2001–2007, men deretter gjekk bestanden kraftig ned. Etter 2011 har bestanden teke seg opp igjen, og han ser no ut til å stabilisere seg rundt 1 million tonn.


ICES tilrådde ein totalkvote for 2025 på 193 117 tonn, og det vart òg den som Nærings- og fiskeridepartementet fastsette. Fiskedødeligheita var, etter det vi no veit, merkbart under det forvaltingsplanen tilseier, i perioden 2014–2023, men har auka sidan 2021. Sidan 2016 er det ikkje observert sterke årsklassar, slik at rekrutteringa



Figur 4.12 Utviklinga i bestand og fangst av nordaustarktisk sei.

har vore under middels dei siste åra, noko som sannsynlegvis har ført til sterkare fiskepress på yngre årsklassar (3- og 4-åringar).

Boks 4.3 forts.



Figur 4.13 Utbreiingsområde og gyteområde for nordaustarktisk sei.

Tabell 4.3 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustarktisk sei dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2021	Følg den avtalte forvaltingsplanen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk.	< 198	198	188	437
2022	Følg den avtalte forvaltingsplanen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk.	< 197	197	206	473
2023	Følg den avtalte forvaltingsplanen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk.	< 227	227	218	521
2024	Følg den avtalte forvaltingsplanen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk.	< 223	223		486
2025	Følg den avtalte forvaltingsplanen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk.	<193	<193		

Boks 4.4 Nordaustarktisk blåkveite



Figur 4.14 Blåkveite

Foto: Thomas de Lange Wenneck, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: blåkveite – *Reinhardtius hippoglossoides*

Maksimal storleik: 120 cm og 20 kg. Hofisken blir større og eldre enn hannfisken.

Levetid: truleg meir enn 30 år

Bestandsstorleik: 108 000 tonn (2024) (total bestand som kan fiskast, dvs. fisk \geq 45 cm)

Kvote for 2025: 19 000 tonn (TAC)

Norsk fangstverdi (2024): om lag 521 millionar kroner


Fakta om bestanden: Ein arktisk fisk som lever i vatn kaldare enn 4 °C, og som opptretr både pelagisk og ved botnen. Beitar mest på fisk, blekksprutar og krepsdyr. Bestanden er utbreidd langs Eggakanten frå Nordsjøen til Frans Josefs land og i djupe område av Barentshavet. Gyter langs Eggakanten frå Vesterålen til Svalbard. Gyteperioden er om vinteren med topp i desember–januar.

Fisket

Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1964–2023 var på 24 000 tonn, men har variert mellom 10 000 og 90 000 tonn, jf. figur 4.16. I perioden før 1984 tok Noreg under halvparten av totalfangsten dei fleste åra, men har sidan dominert i dette fisket. Frå og med 2010 har fisket vore kvoteregulert og fordelt med 51 prosent til Noreg, 45 prosent til Russland og 4 prosent til andre land. Vel 60 prosent av fangsten blir fanga med botntrål, knapt 30 prosent med line og resten med garn eller andre reiskapar.


Status og råd

Det vart gjennomført ein metoderevisjon i 2022–2023. Etter denne revisjonen vart bestandsnivået justert kraftig ned, men trendane i bestandsutviklinga er uendra. Haustingsraten har auka jamt sidan 2009 og er no godt over førevar-nivået, og gytebestanden vil i 2025 vere like under førevar-nivået. Råda frå den norsk-russiske forskargruppa er baserte på ei maksimalt-langtidsutbyte-tilnærming, og for 2025 gav gruppa råd om ein kvote på maksimalt 12 431 tonn, jf. tabell 4.4. Som vanleg dei siste åra vart det fastsett ein kvote for 2025 (19 000 tonn) som er høgare enn tilrådd.



Figur 4.15 Utbreiingsområde og gyteområde for nordaustarktisk blåkveite.

Boks 4.4 forts.



Figur 4.16 Utviklinga i bestand og fangst av nordaustarktisk blåkkeite.


Tabell 4.4 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustarktisk blåkkeite dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES ¹	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand ²
2021	Føre-var-tilnærming	< 23	27	28	66
2022	Føre-var-tilnærming	< 19	25	28	59
2023	Føre-var-tilnærming	< 18	25	27	51
2024	Maksimalt-langtidsutbyte-tilnærming	< 16	21		44
2025	Maksimalt-langtidsutbyte-tilnærming	< 12	19		

¹ Rådet for 2023–2025 vart gjeve av ei norsk-russisk forskargruppe og ikkje av ICES.

² Gytebestand av hofisk.

Boks 4.5 Snabeluer i ICES- område I og II



Figur 4.17 Snabeluer

Foto: Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: snabeluer – *Sebastes mentella*

Maksimal storleik: 47 cm og 1,3 kg

Levetid: over 70 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 1,6 millionar tonn (totalbestand 2 år gammal og eldre fisk)

Kvote for 2025: 69 177 tonn (TAC)

Norsk fangstverdi (2024): om lag 765 millionar kroner (begge uerartane samla)

Fakta om bestanden: Beitar mest på fisk og kril. Bestanden er utbreidd i Barentshavet, ved Svalbard og langs kontinentalskråninga mot Norskehavet.


Føder levande ungar i mars–april langs Eggakanten.

Fisket

Gjennomsnittleg årsfangst av snabeluer i perioden 1992–2022 var på om lag 21 000 tonn, jf. figur 4.19, men var over 100 000 tonn i 1970–1980-åra og heile 300 000 tonn i 1976. Alt fiske etter snabeluer, inkludert bifangst, går føre seg med trål. Snabeluer blir dels fiska i Barentshavet, dels på det opne havet i Norskehavet (Smotthavet). Det er hovudsakleg Noreg og Russland som fiskar etter denne arten.


Status og råd

Gytebestanden auka jamt frå 1992 til 2007 og har frå og med 2007 vore mellom 800 000 og 1 100 000 tonn (jf. figur 4.19). Det er ikkje vedteke nokon forvaltingsplan for snabeluer, men den norsk-russiske forskargruppa har tilrådd, basert på føre-var-tilnærming, at fangsten i 2025 ikkje bør overstige 67 191 tonn, og at fangsten i 2026 ikkje bør overstige 69 177 tonn, jf. tabell 4.5. Fastsett kvote for 2025 er lik tilrådd kvote. Ein metoderevisjon for snabeluer og vanleg uer vart gjennomført i 2018. Dessutan vart ulike forvaltingsreglar for snabeluer evaluerte.



Figur 4.18 Utbreiingsområde og gyteområde for snabeluer.

Boks 4.5 forts.



Figur 4.19 Utviklinga i bestand og fangst av snabeluer i ICES-område 1 og 2.

Tabell 4.5 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av snabeluer i ICES-område 1 og 2 dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES ¹	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand ²
2021	Føre-var-tilnærming	< 66	66	63	997
2022	Føre-var-tilnærming	< 67	67	62	996
2023	Føre-var-tilnærming	< 67	67	60	1 018
2024	Maksimalt-langtidsutbyte-tilnærming	< 70	70		
2025	Maksimalt-langtidsutbyte-tilnærming	< 67	<67		

¹ Rådet for 2023 og seinare år vart gjeve av ei norsk-russisk forskargruppe og ikkje av ICES.

² Noreg og Russland har dei siste åra fordelt snabeluerkvoten med utgangspunkt i ein totalkvote som svarer til den vitskapelege rådgevinga, og i tråd med dette er det no fastsett regulering av snabeluerfisket i den internasjonale delen av Norskehavet, jf. omtale i kapittel 3.4.1.

Boks 4.6 Lodde i Barentshavet



Figur 4.20 Lodde

Foto: Jan de Lange, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: lodde – *Mallotus villosus*

Maksimal storleik: 20 cm og 50 g

Levetid: maks 5 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 0,9 millionar tonn (bestand 1 år gammal og eldre fisk)

Kvote for 2025: 0 tonn (TAC)

Norsk fangstverdi (2024): 662 millionar kroner


Fakta om bestanden: Lodda er ein planktonetar, som berre gyter ein gong før ho døyr. Ho er mat for mange artar av fisk, sjøpattedyr og sjøfugl. Ho gyter ved Finnmarkskysten i mars–april og beitlar over store delar av Barentshavet om sommaren og hausten. Lodda legg egg sine på botnen, slik som silda og nokre få andre artar gjer.

Fisket

Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1965–2024 er på 612 000 tonn, men har variert mellom 0 og 3 millionar tonn, jf. figur 4.22. I løpet av dei siste tretti åra har loddefisket blitt stoppa i tre periodar på fem år kvar fordi bestanden av naturlege årsaker nærast har kollapsa. Ein fjerde periode med stopp i fisket varte berre i to år (2016–2017), og fisket vart opna igjen i 2018, men vart stengt på nytt i 2019–2021 og enno ein gong i 2025. Loddekvoten blir delt mellom Noreg og Russland i forholdet 60/40. Tidlegare vart det fiska både om vinteren før gytinga ved kysten og om hausten i beiteområda, men på 2000-talet har det berre vore opna for fiske om vinteren før gytinga. På norsk side er loddefisket hovudsakleg eit ringnotfiske, medan Russland fiskar lodde med flytetral.


Status og råd

Både 2019- og 2020-årsklassen for lodde i Barentshavet var sterke og gav grunnlag for opening av fiskeri i tre år på rad frå 2022. Etter dette har rekrutteringa vore relativt svak, og i tråd med rådet og forvaltingsplanen for lodde vart det fastsett nullkvote for 2025. Det vart gjennomført ein metoderevisjon for denne bestanden i 2022.



Figur 4.21 Utbreiingsområde og gyteområde for lodde i Barentshavet.

Boks 4.6 forts.




Figur 4.22 Utvikling i bestand og fangst av lodde i Barentshavet.

Tabell 4.6 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og modnande bestand (tusen tonn) av lodde i Barentshavet dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES ¹ SSB = gytebestand	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Modnande bestand
2021	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	0	0	0	1 459
2022	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	< 70	70	65	817 ²
2023	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	< 62	62	61	1 286
2024	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	< 196	196	169	534
2025	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	0	0		

¹ Rådet for 2023–2025 vart gjeve av ei norsk-russisk forskargruppe og ikkje av ICES.

² Estimert for norsk sone i Barentshavet.



Figur 4.23 Norskehavet – straumar og djupn.


4.2 Norskehavet

Livet i Norskehavet er prega av at det er eit djuphav; mange stader er det djupare enn 3 000 meter, jf. figur 4.23. Det er difor berre på kontinental-sokkelen og eit stykke nedover skråninga mot djuphavet vi finn botnfisk. Dei store og kommersi-

elt viktige bestandane i Norskehavet er difor å finne i dei frie vassmassane; vi kallar dei pelagiske bestandar. Dei tre viktigaste er sild, makrell og kolmule.


Etter ein historisk ekspansjon av makrellbestanden som omfatta store delar av Norskehavet og havområda ved Island og Grønland heilt nord til Svalbard, har utbreiinga av makrellbestanden og mengda av han minka betydeleg det siste tiåret – først i vestlege område, deretter i nordlege og nordvestlege. Dei fire siste åra har det ikkje vore registrert makrell i grønlandske farvatn og berre mindre mengder heilt aust i islandske farvatn. Denne nedgangen i vest har ikkje forskarane forstått fullt ut, men utviklinga fell saman med ein kraftig nedgang i gytebestanden dei siste åra og at nye årsklassar etter 2018 har etablert meir austlege og nordlege vandringsruter i Norskehavet.

Det har historisk vore eit svært stort fiske på desse tre artane i Norskehavet. Rundt tusenårsskiftet var den samla fangsten oppe i nesten 4 millionar tonn, jf. figur 4.25. Etter dette gjekk fangsten ned til godt under 3 millionar tonn rundt 2010. Fangstane tok seg opp igjen fram til 2017 til litt over 3 millionar tonn og har sidan lege på rundt 3 millionar tonn. Makrell- og sildebestanden er begge på veg nedover, medan kolmulebestanden er i vekst.



Figur 4.24 Økosystemet i Norskehavet.

Illustrasjon: Havforskningsinstituttet.



Figur 4.25 Fisket av norsk vårgytande sild, makrell og kolmule frå 1980 til 2023.¹

¹ Fangstar tekne utanfor Norskehavet er inkluderte.

Etter mange år med råd om nullfiske for hai-artane pigghå og håbrann gav ICES i 2022 kvote-råd for begge desse artane for åra 2023 og 2024, og i 2024 kom dei med nye råd for 2025 og 2026. Råda for 2025 er 22 309 tonn for pigghå og 231 tonn for håbrann. Desse artane finst både i Norskehavet, i Nordsjøen og i område lenger sør og vest. Det er ikkje inngått nokon kvoteavtale for 2025 med andre land for desse artane og heller ikkje fastsett nokon norsk kvote, men det vart opna for norsk fiske på begge artane frå og med 2023.

Norskehavet er prega av varmt atlantehavsvatn som strøymer inn frå sør. Langs Aust-Grønland strøymer det kaldt arktisk vatn inn frå nord og skaper eit skilje, ein polarfront, mellom det varme vatnet i aust og det kalde i vest. Heile havområdet er blitt varmare det siste tiåret, og dette påverkar òg livet i havet på ulikt vis.

Sidan Norskehavet er så mykje djupare enn Nordsjøen og Barentshavet, finst det eit element i dette økosystemet som ikkje finst i det andre – eit organisk lag frå 400 til 800 meters djup. Dette laget består av småorganismar av mange slag, både planktonorganismar og mesopelagiske fiske- artar, som lysprikkfisk. Desse organismane lever av den biomassen som søkk ned frå dei øvre laga, der sjølve produksjonen, basert på det fotosyntetiserande planteplanktonet, skjer. Dyreplanktonet, som hovudsakleg består av ørsmå krepssdyr som

raudåte og kril, et planteplanktonet og fører energien oppover i næringskjeda. Sidan tidleg på 2000-talet har dyreplanktonmengdene i Norskehavet vist ein negativ trend, men denne trenden flata ut rundt 2009, og dei siste åra har det igjen vore ein auke. No er tettleiken av dyreplankton i Norskehavet oppe på same nivået som i Barentshavet.

Snabelueren (sjå førre delkapittel), som finst både i Barentshavet og i Norskehavet, er på eit stabilt høgt nivå, medan den vanlege ueren er raudlista som «sterkt trua». Brosme og lange, som er blant dei viktigaste kommersielle artane i denne gruppa, ser ut til å liggje på eit stabilt nivå, sjølv om det har vore ein svak nedgang dei siste åra. Blåkveite, som gyter langs Eggakanten i det nordaustlege Norskehavet, og den nordaustarktiske seien, som har ei vid utbreiing langs norskekysten, er begge omtalte i det førre kapitlet.

Selbestandane i Norskehavet har hatt ulik utvikling. Medan grønlandsselen i Vestisen (områda langs austkysten av Grønland) er i bra forfatning og toler hausting, er klappmyssbestanden i Vestisen freda fordi han er på eit lågt nivå samanlikna med tidlegare.

På og langs kontinentalsokkelen i aust er ei grundig kartlegging av botndyrsamfunna i gang gjennom MAREANO-programmet. Det blir stadig gjort nye funn av korallrev, korallskog og område med svamp og sjøfjør.

Boks 4.7 Norsk vårgytande sild



Figur 4.26 Sild

Foto: Kjartan Mæstad, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: sild – *Clupea harengus*

Maksimal storleik: 40 cm og 500 g

Levetid: maks 25 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 3,1 millionar tonn (gytebestand)

Kvota for 2025: 401 794 tonn (TAC)

Norsk fangstverdi (2024): om lag 2,8 milliardar kroner


Fakta om bestanden: Silda er ein planktonetar. Ho er mat for mange artar av fisk og kval. Ho gyter langs kysten frå Møre til Nordland i februar–mars og beitar over store delar av Norskehavet om sommaren og hausten. Silda legg egg sine på botnen, slik som lodda og nokre få andre artar gjer. Yngelen blir ført med straumen nordover langs kysten og endar opp i Barentshavet, der silda lever i kring tre år før ho vandrar ut i Norskehavet.

Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av norsk vårgytande (NVG) sild i perioden 1950–2023 er om lag 712 000 tonn, men det har vore store variasjonar knytte til endringar i storleiken av bestanden, jf. figur 4.28. Når bestanden har vore på topp, har det vore teke fangstar på opp mot 2 millionar tonn, medan det vart full stopp i fisket då bestanden braut saman i 1960-åra. Minstemålet på NVG-sild er 25 cm, så fisket skjer på vaksen sild, hovudsakleg under gyteinnsiget langs norskekysten om vinteren, medan ho er på beitevandring i Norskehavet om sommaren, og når ho vandrar mot kysten av Nord-Noreg for å overvintre om hausten. Det norske fisket, som for det meste skjer om vinteren når silda har høgast kvalitet, skjer hovudsakleg med ringnot.


Status og råd

2016-årsklassen vil venteleg dominere i fangstane i 2025, men 2021- og 2022-årsklassane er begge over middels store og vil bidra i fangstane frå 2025/2026. Bestandsvurderinga syner at gytebestanden er estimert til å vere under 3,184 millionar tonn, som er føre-var-grensa, både i 2024 og i 2025. Tiltrådd totalkvota for 2025 er på 401 794 tonn, jf. tabell 4.7. Fiske-dødelegheita var, etter det vi no veit, i snitt like over F_{mgt} (0,14) i perioden 2009–2022 og er i 2023 estimert til å vere ca. 30 prosent over.



Figur 4.27 Utbreiingsområde og gyteområde for norsk vårgytande sild.

Boks 4.7 forts.



Figur 4.28 Utviklinga i bestand og fangst av norsk vårgytande sild.

Tabell 4.7 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av norsk vårgytande sild dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2021	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 651	907 ¹	852	4 079
2022	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 599	836 ¹	814	4 129
2023	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 511	698 ¹	681	3 774
2024	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 390	470 ¹		3 103
2025	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 402	402		

¹ Summen av nasjonale kvotar. Det er inngått avtale om TAC, men ikkje om fordelinga av TAC.

Boks 4.8 Makrell



Figur 4.29 Makrell

Foto: Leif Nøttestad, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: makrell – *Scomber scombrus*

Maksimal storleik: 65 cm og 3,5 kg, sjeldan over 1 kg

Levetid: maks 25 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 2,8 millionar tonn (gytebestand)


Kvota for 2025: 576 958 tonn (TAC)

Norsk fangstverdi (2024): 5,4 milliardar kroner

Fakta om bestanden: Makrellen et dyreplankton, fiske-larvar og småfisk. Han gyter sentralt i Nordsjøen (mai–juli), vest for Irland (mars–juli) og i portugisiske farvatn (februar–mai). Frå 2016 har makrellen i større grad òg gytt og hatt oppvekstområde lenger nord i Norskehavet, noko vi ikkje har registrert før i historia. Frå 2017 har den vestlege utbreiinga av makrell minka kraftig. I åra 2020–2024 vart det ikkje registrert makrell i grønlandske farvatn, og utbreiinga i islandske farvatn vart kraftig redusert i perioden 2017–2024. Makrellen er framleis vidt utbreidd i Norskehavet om sommaren, men utbreiinga har blitt merkbar mindre i løpet av det siste tiåret. Dette gjeld først og fremst dei vestlege områda, men òg i dei nordlegaste havområda i Norskehavet. Makrellen stod meir vestleg fordelt på toktet i 2024 samanlikna med i 2023.

Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av nordaustatlantisk makrell i perioden 1980–2024 var 795 000 tonn, og uttaket har vore rekordhøgt dei siste åra, med årlege totalfangster frå 1 million tonn til 1,4 millionar tonn, jf. figur 4.31. I snitt har dei årlege totalfangstane vore meir enn 1 million tonn dei siste 10 åra. Det knyter seg likevel stor uvisse til om dei rapporterte fangstane gjev eit godt bilete av dei reelle fangstane, særleg i perioden fram til 2005. Truleg har fangstane vore langt høgare i denne perioden enn tala viser. Fisket går hovudsakleg føre seg i eit direkte fiske med ringnot og trål. I dei sørlege områda tek dei òg ein del makrell som bifangst i trål. Det norske fisket går føre seg med ringnot, men ei mindre mengd blir fanga med garn, dorg og trål. Dette fisket går mest føre seg om hausten i den nordlege delen av Nordsjøen, i Norskehavet og i Skagerrak. I seinare år, spesielt frå 2018 til 2023, har makrellen i stadig mindre grad vandra langt mot nord og vest. Nokre fangstar blir kvart år, og også i 2024, tekne utanfor Nord-Noreg.



Figur 4.30 Utbreiingsområde og gyteområde for nordaustatlantisk makrell.


Boks 4.8 forts.

Status og råd

ICES vurderer at makrellbestanden er i god forfatning, men at han ikkje lenger blir hausta berekraftig.

Gytebestanden er estimert til å ha auka etter 2006 til eit maksimumsnivå på 7,3 millionar tonn i 2015, men har sidan minka årleg til 2,8 millionar tonn i 2024 (figur 4.31). Han har likevel vore over $MSY B_{trigger}$ sidan 2008. Fiskedødelegheita har minka sidan 2003 og var lågare enn F_{msy} frå 2003 til 2020. Fiskedødelegheita auka deretter i åra 2021–2024 og er no langt høgare enn F_{msy} . Det har vore ei rekkje sterke årsklassar sidan

2001, og årsklassane frå og med 2011 er estimerte til å vere over gjennomsnittet, med unntak av dei siste åra. Samstundes er rekrutteringsestimata ved alder 0 veldig usikre, og årsklassestyrken blir først tydeleg når fisken kjem inn i det kommersielle fiskeriet ved alder 2 til 3. Rekrutteringsindeksen for makrellbestanden blir no estimert ved alder 2 i ICES. Rådet frå ICES for fisket i 2025 er å følgje ei MSY-tilnærming, tilsvarende ein fangst på 576 958 tonn, jf. tabell 4.8. Fiskedødelegheita var, etter det vi no veit, under F_{msy} (0,26) i perioden 2009–2020, medan dødelegheita i 2021–2024 var høgare enn F_{msy} , og aukande dei siste åra.



Figur 4.31 Utviklinga i bestand og fangst av nordaustatlantisk makrell.

Tabell 4.8 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustatlantisk makrell dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC ¹	Fangst	Gytebestand
2021	MSY-tilnærming	< 852	1 199	1 082	4 304
2022	MSY-tilnærming	< 795	1 131	1 047	3 769
2023	MSY-tilnærming	< 782	782	1 057	3 184
2024	MSY-tilnærming	< 739	739		2 775
2025	MSY-tilnærming	< 577	577		

¹ Summen av nasjonale kvotar. Det er inngått avtale om TAC, men ikkje om fordelinga av TAC.

Boks 4.9 Kolmule



Figur 4.32 Kolmule

Foto: Jan de Lange, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: kolmule – *Micromesistius poutassou*

Maksimal storleik: 50 cm og 800 g

Levetid: sjeldan over 10 år, maks 20 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 6,8 millionar tonn (gytebestand)

Kvote for 2025: 1 447 054 tonn (TAC)

Norsk fangstverdi (2024): om lag 1,35 milliardar kroner


Fakta om bestanden: Kolmulen et for det meste stort dyreplankton, men store individ et òg fiskeyngel. Han oppheld seg mest i dei midtre vasslaga, på djupner frå 100 til 600 meter. Kolmulen har ei vid utbreiing i Nordaust-Atlanteren frå Kanariøyane og Azorane til eit stykke inn i Barentshavet og nord til Svalbard. Arten gyter vest for Irland på ettervinteren.

Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av nordaustatlantisk kolmule i perioden 1981–2023 er 1 046 000 tonn, og uttaket har variert mykje i takt med storleiken på bestanden, jf. figur 4.34. Hovudfisket skjer langs kontinentalskråninga og bankane vest for Dei britiske øyane og ved Færøyane, der kolmulen samlar seg for å gyte om våren. Fisket går føre seg med flytetral. Noreg har historisk sett dominert dette fisket og tok fram til 2004 om lag 40 prosent av den totale fangsten. Seinare har den norske delen gått tilbake (22 prosent i 2023), og Island, EU, Storbritannia, Færøyane og Russland tek no ein større del av totalfangsten.

Status og råd

Etter ein topp i bestandsstorleiken rundt 2003 minka bestanden kraftig fram til 2009, jf. figur 4.34. Etter dette steig gytebestanden fram til 2017 og var då tilbake på om lag same nivået som tidleg på 2000-talet. Årsklassane frå 2004 til 2009 var svært svake samanlikna med i tiåra før, men frå 2009 vart rekrutteringa betre, og ho var over gjennomsnittsnivå fram til 2016. Den låge rekrutteringa saman med auka fiskepress i perioden etter 2016 førte til ein nedgang i bestanden. Sterke årsklassar i 2020 og 2021 har snudd denne trenden, bestandsstorleiken har auka igjen etter 2021 og er no tilbake på historiske nivå.




Figur 4.33 Utbreiingsområde og gyteområde for nordaustatlantisk kolmule.

Boks 4.9 forts.

Rådet frå ICES for fisket i 2025 er å følgje den avtalte forvaltingsplanen, som svarer til ein fangst på 1 447 054 tonn, jf. tabell 4.9. Fiskedødelegheita var, etter det vi no veit, rundt 50 pro-

sent under styringsmålet for uttak (F_{mgt}) i perioden 2009–2013, medan dødelegheita etter 2013 har lege om lag 37 prosent over (for kolmule er $F_{mgt} = F_{msy} = 0,32$).



Figur 4.34 Utvikling i bestand og fangst av nordaustatlantisk kolmule.


Tabell 4.9 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustatlantisk kolmule dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2021	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 929	1 210 ¹	1 140	3 899
2022	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 753	924 ¹	1 036	4 503
2023	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 1 359	1 669 ¹	1 733	6 402
2024	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 1 529	1 878 ¹		6 828
2025	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 1 447			


¹ Summen av nasjonale kvotar. Det er inngått avtale om TAC, men ikkje om fordelinga av TAC.

4.3 Nordsjøen og Skagerrak

I lange periodar har botnfisken vore viktigast i fiskeriet i Nordsjøen og Skagerrak. Dei siste fem åra har totalfangsten av pelagisk fisk og botnfisk i Nordsjøen vore rundt 1,2–2,0 millionar tonn. Av dette har fangstar av artar som sild, makrell, augepål, tobis, brisling og kolmule vore 1,0–1,7 millionar tonn. Fiskedødelegheita har gått nedover dei siste åra for både torsk, hyse, sei, kviting og raudspette og er no på det lågaste nivået i tidsserien for alle desse fem botnfiskbestandane. Både i 1970- og i 1980-åra var rekrutteringa til fleire artar av torskefisk svært god, og det vart hausta rundt 1 million tonn botnfisk berre frå dette området. Det er vanskeleg å peike på éi enkelt årsak til nedgangen ein har sett for fleire artar dei siste tiåra, men både overfiske og utkast har utan tvil hatt mykje av skulda, i tillegg til klimaendringar. I ei årrekke har dessutan mange av bestandane i Nordsjøen hatt dårleg rekruttering anten gytebestanden var stor eller liten, utan at ein sikkert har kunna peike på årsakene til dette. Men no står det svært bra til med både hyse og kviting, medan seien ligg rundt føre-var-nivået og det står dårleg til med ein av dei tre underbestandane for torsk. Oppgangen for hyse og kviting kjem både av at rekrutteringa har blitt noko betre, og av betre overleving.




Figur 4.35 Nordsjøen og Skagerrak – straumar og djupn.



Figur 4.36 Økosystemet i Nordsjøen og Skagerrak.

Illustrasjon: Havforskningsinstituttet



Figur 4.37 Fisket i Nordsjøen og Skagerrak frå 1963 til 2023.

Om det er djupna som pregar Norskehavet, så er det grunna som pregar Nordsjøen. Det er grunnast i sør, for det meste mindre enn 50 meter, og djupnar gradvis mot nord, men også her er det mindre enn 200 meter. Langs norskekysten går det ei djuprenne – Norskerenna – som følgjer kysten rundt og endar i Skagerrak. Norskerenna har eit maksdjup på 250–700 meter. Det sørlege områ-

det er varmare enn områda lenger nord, og atlantisk vatn kjem inn både gjennom Den engelske kanalen og nord for Dei britiske øyane, jf. figur 4.35. Nordsjøen er eit svært produktivt område der det har vore hausta mykje sjømat på eit lite areal. Her finst både pelagisk fisk, botnfisk, reker og kreps.

Boks 4.10 Nordsjøsil



Figur 4.38 Sild

Foto: Jan de Lange, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: sild – *Clupea harengus*

Maksimal storleik: 35 cm og 400 g

Levetid: maks 15 år

Bestandsstorleik (2023): om lag 1,52 millionar tonn (gytebestand)

Kvote for 2025: 388 542 tonn (TAC)

Norsk fangstverdi (2024): 1,3 milliardar kroner


Fakta om bestanden: Silda er ein planktonetar. Ho er mat for mange artar av fisk og kval. Ho gyter i den vestlege delen av Nordsjøen frå august til januar og beitar over store delar av Nordsjøen, Skagerrak og Kattegat. Silda legg egga sine på botnen.

Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av nordsjøsil i perioden 1960–2023 er kring 487 000 tonn, og uttaket har variert i takt med storleiken på bestanden, frå nesten null på slutten av 1970-åra til toppar på 1,2 millionar tonn før og 0,9 og 0,6 millionar tonn etter, jf. figur 4.40. Sildefisket i Nordsjøen går føre seg i eit direkte fiske med ringnotfartøy og trålarar og som bifangst i industritrålfisket. Danmark, Noreg og Nederland tek brorparten av fangstane. Det norske fisket har variert mellom null og 605 000 tonn, og gjennomsnittet ligg på 117 000 tonn.

Status og råd


Bestanden har full reproduksjonsevne og blir hausta berekraftig. ICES vurderer bestanden til å vere i ein fase med låg produktivitet, og rekrutteringa har etter 2001 stort sett vore lågare enn langtidsgjennomsnittet. Men fiskepresset er redusert, og gytebestanden har etter 1995 vore over føre-var-grensa. ICES gav i 2024 råd basert på MSY-tilnærminga om eit maksimalt uttak på 410 707 tonn i 2025, jf. tabell 4.10. Fiskedødelegheita var, etter det vi no veit, heile 74 prosent under F_{msy} (0,32) i perioden 2009–2011. I 2013–2019 låg dødelegheita i snitt 34 prosent under, medan ho i 2023 er estimert til å ha vore rundt 28 prosent lågare. Årsaka til at fiskedødelegheita (F) ligg langt under, er ein kombinasjon av



Figur 4.39 Utbreiingsområde og gyteområde for nordsjøsil.

at F_{msy} vart oppjustert frå 0,26 til 0,31 i 2021 og vidare auka til 0,32 i 2024, at ein god del av fangsten er sild som er eldre enn dei aldersgruppene som er med i utrekninga av $F(2-6)$, og ein tendens til å underestimere storleiken på gytebestanden.

Boks 4.10 forts.



Figur 4.40 Utviklinga i bestand og fangst av nordsjøsilde.

Tabell 4.10 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordsjøsilde dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC ¹	Avtalt TAC ²	Fangst	Gytebestand ³
2021	MSY-tilnærming	< 366	356	365	1 462
2022	MSY-tilnærming	< 532	428	462	1 675
2023	MSY-tilnærming	< 415	396	420	1 519
2024	MSY-tilnærming	< 532	510		
2025	MSY-tilnærming	< 411	389		

¹ Alle flåtar (A–D).² Direktefisket i Nordsjøen (A-flåten).³ På gytetidspunktet (september).

Boks 4.11 Sei i Nordsjøen, Skagerrak, Rockall og vest for Skottland



Figur 4.41 Sei

Foto: Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: sei – *Pollachius virens*

Maksimal storleik: 115 cm og 20 kg

Levetid: maks 20 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 186 000 tonn (gytebestand)

Kvote for 2025: 79 071 tonn (TAC). Nordsjøen og Skagerrak: 71 638 tonn, vest for Skottland: 7 433 tonn

Norsk fangstverdi (2024): om lag 415 millionar kroner


Fakta om bestanden: Sei finst på begge sider av det nordlege Atlanterhavet og er delt inn i mange bestandar. Seien lever hovudsakleg ved botnen, men kan gå opp i sjøen for å beite.

Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av nordsjøsei i perioden 1967–2023 er kring 152 000 tonn. Uttaket har variert i takt med storleiken på bestanden, og var langt høgare fram til midten av 1980-åra, jf. figur 4.43. Seien blir hovudsakleg fiska med trål, både av EU og av Noreg. For Noregs del blir om lag 85 prosent av seifangstane tekne med trål og litt over 5 prosent med not på kysten av Vestlandet.


Status og råd

Det er uklare bestandsgrenser, og difor blir seien i Nordsjøen og Skagerrak slått saman med seien vest for Skottland i bestandsvurderinga og kvoterådgevinga. Storleiken på gytebestanden har variert utan klare trendar. I perioden frå 1997 til 2019 var han over føre-var-grensa, bortsett frå i 2013, medan gytebestanden var under frå 2020 til 2023. I 2024 var estimatet igjen over grensa. Rekrutteringa har sidan 2003 vore under langtidsgjennomsnittet. Tiltrådd kvote for 2025 er basert på maksimalt langtidsutbyte og gjev ein totalfangst på 79 071 tonn i Nordsjøen/Skagerrak og vest for Skottland. EU, Noreg og Storbritannia har styrt uttaket etter MSY. Fiske-dødelegheita var, etter det vi no veit, omtrent F_{pa} (0,392) mellom 2000 og 2012. Ho gjekk ned til gjennomsnittleg 10 prosent over F_{msy} (0,316) i perioden 2013–2021 og har lege rundt F_{msy} sidan 2022.



Figur 4.42 Utbreiingsområde og gyteområde for sei i Nordsjøen, i Skagerrak og vest for Skottland.

Boks 4.11 forts.



Figur 4.43 Utviklinga i bestand og fangst av sei i Nordsjøen, i Skagerrak og vest for Skottland.

Tabell 4.11 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av sei i Nordsjøen, i Skagerrak og vest for Skottland dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2021	MSY-tilnærming	< 66	65	51	164 ¹
2022	MSY-tilnærming	< 50	50	54	150 ¹
2023	MSY-tilnærming	< 59	59	61	161 ¹
2024	MSY-tilnærming	<74	74		186
2025	MSY-tilnærming	<79	79		

¹ Bestandsvurderingsmodellen vart oppdatert i 2024. Tidlegare estimat for gytebestanden er oppdaterte i tråd med den nye modellen.

Boks 4.12 Torsk i Nordsjøen, Skagerrak og den austlege engelske kanalen



Figur 4.44 Torsk

Foto: Espen Bierud, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: torsk – *Gadus morhua*

Maksimal storleik: 100 cm og 20 kg


Levetid: maks 15 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 80 000 tonn (total gytebestand på alle tre underbestandar: «Southern»: 11 981 tonn, «Northwestern»: 54 257 tonn, «Viking»: 14 031 tonn)

Kvote for 2025: 25 028 tonn (TAC), av desse 19 910 tonn i Nordsjøen, 2 846 tonn i Skagerrak, 1 114 tonn vest for Skottland og 1 158 tonn i den austlege engelske kanalen

Norsk fangstverdi (2024): om lag 165 millionar kroner

Fakta om bestanden: Torsk finst på begge sider av det nordlege Atlanterhavet og er delt inn i mange bestandar. Han lever hovudsakleg ved botnen, men kan gå opp i sjøen for å beite. Medan småtorsk et mest dyreplankton og krepsdyr, et større torsk mest fisk, som augepål, sild, tobis og småtorsk. Etter metoderevisjonen i 2023 vart nordsjøtorsken delt inn i tre underbestandar med eigne gytefelt (sjå figur 4.45). Utanom gytetida blandar desse underbestandane seg. Metoderevisjonen førte òg til at torsken vest for Skottland, som tidlegare vart handsama som ein eigen bestand i rådgjevingssamanheng, vart slått saman med bestanden i Nordsjøen, Skagerrak og den austlege engelske kanalen. Gytinga går føre seg frå januar til april.



Figur 4.45 Utbreiingsområde og gyteområde for torsk i Nordsjøen, Skagerrak og den austlege engelske kanalen.



Figur 4.46 Områdeinndeling for underbestandar av torsk i Nordsjøen, i Skagerrak, i den austlege engelske kanalen og vest for Skottland.

Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av nordsjøtorsk i perioden 1963–2023 er kring 183 000 tonn, men med ein kraftig reduksjon av fangsten, i takt med reduksjon i bestanden, gjennom perioden, jf. figur 4.47. Fram til slutten av 1980-åra var fangsten på eit nivå rundt 250 000–300 000 tonn, men vart så gradvis redusert til

rundt 40 000 tonn og låg på dette nivået fram til 2019. I 2020–2023 var fangstane på mellom 20 000 og 32 000 tonn. Torsk blir for det meste fanga i eit blandingsfiskeri med trål saman med hyse, kviting, sjøkreps, raudspette og tunge.


Boks 4.12 forts.

I det norske fisket blir litt over halvparten teken med garn, ein firedel med trål og ein femdel med line. Alle land som grensar til Nordsjøen, fiskar torsk, men Danmark, Storbritannia og Noreg er dei viktigaste aktørane.

Status og råd

ICES vurderer no at gytebestanden i det vestlege området («Northwestern» i figur 4.45) og i «Viking»-området er over føre-var-grensa, medan han er under det kritiske nivået i det sørlege området. ICES har difor tilrådd å bruke ei maksimalt-langtidsutbyte-tilnærming for den sørlege bestanden og å bruke ei føre-var-tilnær-

ming for å gje råd for underbestandane «Northwestern» og «Viking». Tiltrådd kvote for 2025 er maksimalt 15 511 tonn, jf. tabell 4.12. Dette talet er summen av kvoteråda for dei tre underbestandane – 9 920 tonn for «Northwestern», 3 343 tonn for «Viking» og 2 248 tonn for den sørlege bestanden. ICES seier òg at kvoteråda for kvar av underbestandane ikkje må takast som områdevis råd. Fiskedødelegheita er for alle underbestandane den lågaste i tidsserien, som går tilbake til 1983, og mellom F_{msy} og føre-var-nivået for alle dei tre underbestandane. Kvoten vart fastsett til 25 028 tonn, noko som er ein nedgang på 20 prosent frå 2024-kvoten.



Figur 4.47 Utviklinga i bestand og fangst av torsk i Nordsjøen, i Skagerrak, i den austlege engelske kanalen og vest for Skottland.

Tabell 4.12 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av torsk i Nordsjøen, Skagerrak og den austlege engelske kanalen og vest for Skottland dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst ¹	Gytebestand ¹
2021	MSY-tilnærming	< 15	16	20	50
2022	MSY-tilnærming	< 14	16	23	77
2023	MSY-tilnærming	< 26	27	32	84
2024	MSY- og føre-var-tilnærming	< 15	31		80
2025	MSY- og føre-var-tilnærming	< 16	25		

¹ Oppdatert i tråd med siste bestandsvurdering og inkluderer difor området vest for Skottland også før 2024.

Boks 4.13 Hyse i Nordsjøen, Skagerrak og vest for Skottland



Figur 4.48 Hyse

Foto: Thomas de Lange Wenneck, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: hyse – *Melanogrammus aeglefinus*

Maksimal storleik: 60 cm og 4 kg

Levetid: maks 15 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 681 000 tonn (gytebestand)

Kvote for 2025: 112 435 tonn (TAC), av desse 95 862 tonn i Nordsjøen, 5 892 tonn i Skagerrak og 10 681 tonn vest for Skottland

Norsk fangstverdi (2024): om lag 35 millionar kroner


Fakta om bestanden: Hysa finst på begge sider av det nordlege Atlanterhavet og er delt inn i mange bestandar. Ho lever hovudsakleg ved botnen, og dei viktigaste byttedyra er botndyr som børstemark, muslingar og slangestjerner. Tobis- og sildeegg står òg på menyen. Gytefelta ligg i den sentrale Nordsjøen, og gytinga går føre seg frå mars til mai.

Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av hyse i Nordsjøen og Skagerrak og vest for Skottland i perioden 1972–2023 er vel 150 000 tonn. Fangsten har gjennom mesteparten av denne perioden blitt redusert i takt med ein minkande bestand, jf. figur 4.50. Sidan 2008 har fangsten lege mellom 36 000 og 67 000 tonn. Fangsten i 2023 var den høgaste sidan 2007. Hyse blir hovudsakleg fanga med botntrål og i mindre grad med snurrevad. Hyse er mållart for delar av flåten, men blir òg fanga i blandingsfiskeri saman med mellom anna torsk, kviting og sjøkreps.


Status og råd

ICES vurderer bestanden til å vere i god stand og berekraftig hausta. Rekrutteringa har sporadisk vore sterk, og 2019- og 2020-årsklassane er vurderte til å vere dei største sidan 2000. Det vart gjennomført ein metoderevisjon i 2022. Det er førebels ikkje utarbeidd nokon forvaltingsplan for heile området. Basert på maksimalt langtidsutbyte meiner ICES at den totale fangsten ikkje bør overstige 112 435 tonn i 2025, jf. tabell 4.13. I 2023 var fiskedødegheita, etter det vi no veit, på 0,084. Det er under F_{msy} (0,194) og den lågaste verdien i tidsserien, som går tilbake til 1972.



Figur 4.49 Utbreiingsområde og gyteområde for hyse i Nordsjøen, i Skagerrak og vest for Skottland.

Boks 4.13 forts.



Figur 4.50 Utviklinga i bestand og fangst av hyse i Nordsjøen, i Skagerrak og vest for Skottland.

Tabell 4.13 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av hyse i Nordsjøen, i Skagerrak og vest for Skottland dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2021	MSY-tilnærming	< 69	50	44	238
2022	MSY-tilnærming	< 129	53	57	437
2023	MSY-tilnærming	< 127	68	67	581
2024	MSY-tilnærming	<149	119		681
2025	MSY-tilnærming	<112	112		

Boks 4.14 Kviting i Nordsjøen og den austlege engelske kanalen



Figur 4.51 Kviting

Foto: Jan de Lange, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: kviting – *Merlangius merlangus*

Maksimal storleik: 55 cm og 1,5 kg

Levetid: maks 12 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 374 000 tonn (gytebestand)

Kvotefor 2025: 139 425 tonn (TAC), av desse 111 861 tonn i Nordsjøen og 27 564 tonn i den austlege engelske kanalen

Norsk fangstverdi (2024): om lag 2,1 millionar kroner


Fakta om bestanden: Kvitingen er utbreidd i det austlege Atlanterhavet og er delt inn i mange bestandar. Han lever hovudsakleg ved botnen på 10–200 meters djup, men kan gå opp i sjøen for å beite. Kvitingen et i hovudsak fisk, som sild, augepål og tobis, og yngel av torsk, hyse og kviting. Det er gytefelt i både den sørlege og den nordlege Nordsjøen. Gytinga går føre seg over ein lang periode om våren og sommaren.

Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av kviting i Nordsjøen i perioden 1978–2023 er kring 81 000 tonn, men har dei siste ti åra lege mellom 28 000 og 36 000 tonn, jf. figur 4.53. Kviting blir fanga i eit blanda fiskeri der mållartane er anten torsk og hyse, flatfisk eller sjøkreps, og som bifangst i industritrålfisket. Bifangsten i industritrålfisket har minka dei seinare åra, ettersom meir selektive reiskapar har blitt tekne i bruk. Storbritannia er den viktigaste aktøren i fisket, og den norske fangsten har dei siste åra vore rundt 1 000 tonn.


Status og råd

Gytebestanden og fisketrykket har vore relativt stabile sidan 2002, og gytebestanden er no over føre-var-nivået og har auka betydeleg dei siste 5 åra. Rekrutteringa har jamt over vore låg sidan 2003, men 2019- og 2020-årsklassane er sterke. Basert på maksimalt langtidsutbyte meiner ICES at totalfangsten ikkje bør overstige 188 148 tonn i 2025. Fiskedødelegheita var, etter det vi no veit, 0,10 i 2022, noko som er den lågaste i tidsserien frå 1978 til i dag og langt under F_{msy} (0,393).



Figur 4.52 Utbreiingsområde og gyteområde for kviting i Nordsjøen og den austlege engelske kanalen.

Boks 4.14 forts.



Figur 4.53 Utviklinga i bestand og fangst av kviting i Nordsjøen og den austlege engelske kanalen.

Tabell 4.14 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av kviting i Nordsjøen og den austlege engelske kanalen dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2021	MSY-tilnærming	< 27	26	33	290
2022	MSY-tilnærming	< 89	33	28	346
2023	MSY-tilnærming	< 110	43	28	363
2024	MSY-tilnærming	<128	96		374
2025	MSY-tilnærming	<188	139		

Boks 4.15 Raudspette i Nordsjøen og Skagerrak



Figur 4.54 Raudspette

Foto: Merete Kvalsund, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: raudspette – *Pleuronectes platessa*

Maksimal storleik: 70 cm og 3,5 kg

Levetid: maks 20 år

Bestandsstorleik (2024): om lag 998 000 tonn (gytebestand)

Kvotefor 2025: 175 593 tonn, av desse 155 755 tonn i Nordsjøen og 20 838 tonn i Skagerrak

Norsk fangstverdi (2024): om lag 1,8 millionar kroner.

Dei siste åra har Noreg berre utnytta ein liten del av kvoten, og i 2024 var den norske fangsten på 67 tonn. Fangstar nord for 62° N (utanfor rådsområdet for nord-sjøbestanden) var til samanlikning 991 tonn, med ein totalverdi på 8 millionar kroner.


Fakta om bestanden: Raudspette finst på begge sider av det nordlege Atlanterhavet – på austsida frå Middelhavet til Barentshavet – og er delt inn i mange bestandar. Bestanden i Nordsjøen er den største. Raudspetta lever på botnen ned til om lag 200 meters djup. Raudspetta et børstemark, skjel, maneter, krepsdyr, pigghudar og små fisk. Gyteområda finst i dei sentrale og sørlege delane av Nordsjøen, men det er ingen klare skiljelinjer mellom bestandane. Gyttinga går føre seg i januar og februar.

Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av raudspette i Nordsjøen i perioden 1960–2023 er kring 159 000 tonn og har variert ein del i takt med utviklinga i bestanden, jf. figur 4.56. Raudspette blir hovudsakleg fiska med bomtrål i sørlege og sentrale delar av Nordsjøen og i eit blandingsfiskeri med botntrål i dei sørlege delane av Nordsjøen. Målarten er tunge, og det går føre seg eit omfattande utkast av undermåls raudspette i blandingsfisket. I Skagerrak blir raudspetta fiska i eit direkte fiskeri med garn og snurrevad, men òg i eit blandingsfiske saman med torsk og sjøkreps. Utkastet er likevel avgrensa sidan reiskapen har stor maskevidd og difor fiskar selektivt. Nederland, Danmark og Storbritannia dominerer fisket. Noreg disponerer 7 prosent av totalkvoten i Nordsjøen og 2 prosent av kvoten i Skagerrak.

Status og råd


ICES vurderer bestanden til å vere i god stand og berekraftig hausta. Bestanden er på eit høgt nivå, som vist i figur 4.56. Rekrutteringa har vore om lag som langtidsgjennomsnittet, men fiskepresset har minka til under nivået for høgt langtidsutbyte. ICES tilrår, basert på maksimalt langtidsutbyte, at fangsten i 2025 ikkje bør overstige 176 593 tonn, jf. tabell 4.15. Fiskedødeleg-



Figur 4.55 Utbreiingsområde og gyteområde for raudspette i Nordsjøen og Skagerrak.

heita har, etter det vi no veit, vore under F_{msy} (0,152) heilt sidan 2007 og var i 2023 nede på 0,065. Det er den lågaste verdien i tidsserien, som går tilbake til 1957.

Boks 4.15 forts.



Figur 4.56 Utviklinga i bestand og fangst av raudspette i Nordsjøen og Skagerrak.

Tabell 4.15 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av raudspette i Nordsjøen og Skagerrak dei siste fem åra.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2021	MSY-tilnærming	< 168	163	73	771
2022	MSY-tilnærming	< 143	143	65	749
2023	MSY-tilnærming	< 150	151	62	873
2024	MSY-tilnærming	< 155	155		998
2025	MSY-tilnærming	< 176	176		

Boks 4.16 Reker



Figur 4.57 Reke

Foto: Øystein Paulsen, Havforskningsinstituttet.

Artsnamn: reke – *Pandalus borealis***Maksimal storleik:** 16 cm og 20 g**Levetid:** 5 år, men i dette området lever dei fleste berre i 3 år**Bestandsstorleik (2024):** 8374 tonn (gytebiomasse av ho-reker).**Kvotefor kvoteåret 1. juli 2024–30. juni 2025:** 4 557 tonn (TAC)**Norsk fangstverdi (2024):** 262 millionar kroner**Fakta om bestanden:** Reke finst på kontinentalsoklane og i fjordar og kyststrøk på begge sider av det nordlege Atlanterhavet og er delt inn i mange bestandar. Det er den kommersielt viktigaste skaldyrarten i Nord-Atlanteren.*Fisket*

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av reker i Skagerrak i perioden 1971–2023 er kring 11 000 tonn. Uttaket har variert i takt med storleiken på bestanden, jf. figur 4.59. Rekene blir fiska med trål, av både Noreg, Sverige og Danmark. Fisket er kvoteregulert, og Noreg har 59 prosent av totalkvoten.

Status og råd

Denne bestanden blir dekt av eit norsk forskingstokt i januar kvart år. Tidlegare vart kvoterådet for inneverande kalenderår oppdatert rett etter toktet, og det vart gjeve eit førebels råd for første halvdel av neste kalenderår. I 2023 vart EU og Noreg samde om ein ny forvaltingsplan, der kvoteåret går frå 1. juli til 30. juni året etter. Endringa vart gjort for å unngå å gje både førebelse og endelege råd.

Den tilrådde endelege kvoten for perioden 1. juli 2024–30. juni 2025 var på 4 557 tonn. EU og Noreg sette den endelege kvoten lik den tilrådde.


Bestanden gjennomgjekk ein metoderevisjon i 2022, noko som resulterte i ein ny bestandsmodell og nye referansepunkt. Bestandsstorleiken og fiskedødelegheita blir no rekna ut som relative og ikkje absolutte verdier. Bestanden gjennomgjekk òg ei evaluering av



Figur 4.58 Utbreiingsområde og gyteområde for reke i Skagerrak og Nordsjøen.

forvaltingsplanar (MSE) i 2023, noko som resulterte i eit endra bestandsvurderings- og kvoteår (1. juli–30. juni) i tillegg til nokre endringar i bestandsmodellen.

Boks 4.16 forts.

Figur 4.59 Utviklinga i bestand og fangst av reke i Skagerrak og Norskerenna.¹

¹ År refererer til bestandsvurderings- og kvoteår (juli–juni), slik at bestandsalet for 2024 refererer til 1. juli 2024.

Tabell 4.16 Tiltrådd TAC og avtalt TAC dei siste to kvoteåra, fangst og gytebestand (ho-reker) av reker i Skagerrak og Norskerenna dei siste fem åra.¹

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2020/2021				8,2	0,33
2021/2022				7,8	0,30
2022/2023				9,8	0,27
2023/2024	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 5,1	6,1	6,2	0,40
2024/2025	Følg den avtalte forvaltingsplanen.	< 4,6	4,6		0,58

¹ Kvoteåret går frå juli til juni neste år. Gytebestanden per 1. juli i starten av kvoteåret er vist relativt til MSY Btrigger.

Boks 4.17 Kysttorsk

Sør for 62° N

Tilstanden for kyst- og fjordtorsk på Vest-, Sør- og Austlandet har dei siste tiåra blitt mykje dårlegare, og fangstane er no berre 10–15 prosent av historisk nivå. Nedgangen har byrja tidlegare og vore sterkare di lenger aust ein kjem, og har vore spesielt sterk frå Telemark til svenskegrensa. Aust for Lindesnes har det difor blitt innført tiltak for å redusere fangstpresset og verne gytetorsken.

Frå 15. juni 2019 vart det forbode med direktefiske etter torsk innanfor grunnlina frå Telemark til svenskegrensa. Det vart òg forbode å fiske med botnsette garn. Yrkesfisket har dispensasjon frå tiltaka, men ikkje frå forbodet mot garnfiske grunnare enn 25 meter i perioden 15. juni–15. mars. I gyteområda til torsken er det fiskeforbod frå 1. januar til 30. april, med unntak av fiske på laks, sjøaure og annan anadrom fisk og undervassjakt. Havforskningsinstituttet vurderte effekten av tiltaka i 2022. Det var ingen teikn til at bestandssituasjonen hadde endra seg i Skagerrak eller i Ytre og Indre Oslofjord sidan tiltaka vart innførte i 2019.

Langs Skagerrakkysten finst to sameksisterande genetiske variantar av torsk. Den eine varianten dominerer inst i fjordane, medan den andre er vanlegare i dei litt meir eksponerte ytre områda og er genetisk svært lik nordsjøtorsken. Desse variantane er genetisk relativt ulike kvarandre, meir enn kva kysttorsk og skrei er i nord, og har mellom anna ulik vekst og ulikt vandringmønster. Yngel av begge variantar rekrutterer til og veks opp i fjordar og kystnære område.

Både strandnotserien (1919–) og garnserien (1984–1990, 2001–) til Havforskningsinstituttet stadfestar at torskebestandane har blitt ytterlegare reduserte dei siste tiåra, og klart mest i det austlege Skagerrak. Forskinga viser at det er fritidsfisket som står for det største uttaket av kysttorsk i Oslofjorden, og tiltaka som vart innførte i 2019, er retta mot å redusere dette fisket.

Det var ein kraftig nedgang i dei kommersielle torskefangstane i begge områda frå midt i 1990-åra fram til 2006. Torskefangstane i Skagerrak innanfor 12 nautiske mil var rundt 1 500 tonn årleg i 1970- og 1980-åra, gjekk ned til rundt 500 tonn på starten av 2000-talet og er no nede i rundt 100 tonn.

Vest for Lindesnes er kunnskapsgrunnlaget vesentleg dårlegare ettersom ein lenge har mangla standardisert overvaking. Som i Skagerrak har dei kommersielle fangstane gått kraftig ned dei siste tiåra. I perioden 1920–2000 varierte fangstane mellom 1 500 og 2 500 tonn, men etter 2002 har dei berre vore 200–300 tonn.

Tidsserien med fangstratar for garn og ruser frå Havforskningsinstituttet sine tokt på Vestlandet er kort (2015–2023) og viser ingen trend. Ein litt lengre tidsserie for garnfiske frå instituttet sin referan-

seflåte viser at fangsten per innsatseining har blitt redusert med 50 prosent frå 2006 til i dag.

Nord for 62° N

Denne bestanden blir overvaka med eit årleg tokt (kysttoktet) i oktober–november og har i mange år vore på eit relativt lågt nivå. I og med at kysttorsken blir fiska saman med nordaustarktisk torsk, som er ein mykje større bestand, er det krevjande å finne gode reguleringstiltak for kysttorsk som ikkje skaper problem for fisket etter nordaustarktisk torsk.

Etter råd frå ICES om ein ny gjenoppbyggingsplan for kysttorsk i nord bestilte Nærings- og fiske-ridepartementet i 2018 ein rapport frå Havforskningsinstituttet, i samråd med Fiskeridirektoratet, om kunnskapsstatusen, med forslag til forvaltningstiltak og ein ny gjenoppbyggingsplan. Havforskningsinstituttet publiserte i 2020 rapporten *Kysttorsk nord for 62-grader nord – Vurdering av status og forslag til forvaltningstiltak og ny gjenoppbyggingsplan*. Basert på denne rapporten, gjennomført metoderevisjon for kysttorsk i ICES og fleire innspel frå Havforskningsinstituttet har Fiskeridirektoratet gjennomført ei høyring om ei rekkje moglege forvaltningstiltak. Desse tiltaka handlar både om havdeling og om endringar i tekniske reguleringar. Fleire tiltak er innførte eller vil bli innførte i løpet av 2024–2025. Mellom anna er minstemålet for torsk innanfor 4 nautiske mil frå grunnlina auka frå 44 til 55 cm (frå 1. januar 2024).

Etter ein metoderevisjon i ICES av bestandsvurderinga for nordaustarktisk torsk og kysttorsk vart det i 2021 bestemt å dele opp vurderinga av kysttorskbestanden i to område – nord for 67° N og mellom 62 og 67° N. For kysttorsk nord for 67-graden er det godt nok datagrunnlag for ei aldersstrukturert, analytisk bestandsvurdering, medan bestanden mellom 62 og 67° N blir vurdert med metodikk for datafattige bestandar. Metoden vart i 2024 oppdatert til ein biomassemodell som skildrar utviklinga og statusen for den delen av bestanden som er rekruttert til fiskeria. Basert på den nye metodikken vart det gjeve separate kvoteråd for dei to bestandane for 2025. For bestanden nord for 67° N var 2025-kvoterådet 26 672 tonn basert på den nye forvaltingsplanen som er godkjend av ICES. Fiske-dødelegheita har lege over målet i forvaltingsplanen i store delar av tidsserien 1994–2023. For bestanden mellom 62 og 67° N var 2025-rådet på 1 926 tonn. Den kraftige nedgangen frå 2024-rådet (9 136 tonn) kjem av den oppdaterte metodikken, som gjev eit meir representativt bilete av bestandsstatusen. I området mellom 62 og 67° N var botntrålindeksen dei tre siste åra (2021–2023) den lågaste i heile tidsserien frå 2003. Vidare var gjennomsnittet av den kommersielle fangsten i 2019–2023 lågare enn i alle år før denne perioden.

5 Fisket etter avtalane i 2023 og 2024

Dette kapitlet gjer greie for hovudtrekka i fisket etter avtalane Noreg hadde med andre land i 2023 og 2024. Hovudvekta ligg på den norske utnyttinga av avtalane, i kva grad partane som får tildelt kvotar i havområda under norsk jurisdiksjon, faktisk nyttar desse kvotane, og verdien av fisket etter avtalane.

Det går godt i den norske fiskerinæringa, og norske fiskarar nyttar generelt kvotane godt. For dei kommersielt viktigaste bestandane blir kvotane nytta så godt som fullt ut, jf. tabell 5.1. For mange fiskeartar er det innført kvotefleksibilitet over år, dette gjeld mellom anna torsk, hyse, sei, snabeluer, norsk vårgytande sild, kolmule, sild sør for 62° N og makrell. Samanlikningar mellom kvotar og fangst i dei enkelte åra vil difor vere misvisande. For fiskeslaga det er kvotefleksibilitet på, er dette markert i fotnotane til tabellane i kapitlet. Innføringa av kvotefleksibilitet over år har gjort at kvotane i dei fleste tilfella blir fullt utnytta av alle partar. Variasjon i kvoteutnytting kan til dømes reflektere korleis fiskeflåten tilpassar seg til prisvariasjon over år, prioritering av annan aktivitet eller dårlege fangstforhold.

For dei bestandane vi deler med Russland, nyttar Noreg kvotane stort sett godt. Russland fiskar store delar av kvotane sine i Noreg si økonomisk sone og i fiskevernsona ved Svalbard.

Noreg nyttar kvotane på fellesbestandane i Nordsjøen godt med unntak av hyse-, kviting- og raudspetteknoten. Torskebestanden er på eit lågt nivå, men etter ein sterk nedgang der kvoten i 2020 vart om lag 30 prosent av kvoten i 2019, auka kvoten i 2023 og 2024. Når det gjeld seibestanden i Nordsjøen, aukar denne no etter å ha minka dei siste åra. Kvoten for 2023 var 21 prosent høgare enn kvoten for 2022.

Ifølgje offisiell fangststatistikk har EU dei seinare åra hatt relativt god utnytting av dei fleste fellesbestandane i Nordsjøen, det same gjeld kvotane dei har i norsk sone nord for 62° N.

Bortsett frå for hyse og kviting har Sverige nytta kvotane dei får i Noreg si økonomisk sone gjennom nabolandsavtalen, godt.

I 2021 vart Storbritannia ein eigen part i forhandlingane om forvaltninga av fiskebestandar i

Tabell 5.1 Norsk utnytting av nokre av dei kommersielt viktige kvotane i 2023 og 2024.

	Utnyttingsgrad ¹	
	2023	2024
<i>Barentshavet, Noreg – Russland</i>		
Torsk	109 %	96 %
Hyse	106 %	99 %
<i>Nordsjøen og Skagerrak, Noreg – EU</i>		
Sild	97 %	92 %
Sei	103 %	78 %
<i>Fleirpartsavtalar</i>		
Norsk vårgytande sild	100 %	102 %
Makrell	92 %	118 %
Kolmule	107 %	107 %

¹ Oversikta tek ikkje omsyn til overføringar over år (kvotefleksibilitet).

Nordsjøen og britisk sone. Dette medførte at EU-andelen i fellesbestandar vart redusert, og at tradisjonelle byteartar kom på britiske hender. Noregs andel i fellesbestandane i Nordsjøen heldt seg uendra. Det norske fisket i Skagerrak har dei siste åra i hovudsak vore konsentrert om reker, medan EU har fiska mest av artane torsk, raudspette, sild og reker i Skagerrak.

Avtalen mellom Noreg og Storbritannia for 2022 gjorde det mogleg for kvar part å fiske inntil 30 000 tonn botnfisk i kvarandre sine soner i Nordsjøen. Vidare fekk norske fartøy tilgang til å fiske 17 000 tonn nordsjøsild i britiske farvatn, og britane kunne fiske 17 000 tonn NVG-sild i Noreg si økonomisk sone (NØS). Partane bytte kvotar slik at Storbritannia fekk torskvote i NØS i nord og nokre artar i Nordsjøen, medan Noreg fekk kvotar i britisk sone vest for 4° V, i hovudsak på lange og brosme. Siden har avtalane vore tilsvarende. Avtalen for 2024 var i hovudtrekk lik, men enkelte kvotar vart justerte. Mellom anna vart

Noregs tilgang til å fiske nordsjøsild i Storbritannia si økonomiske sone auka til 20 000 tonn.

Noreg byter til seg kvotar på brosme og lange/blålange i Færøyane si økonomiske sone. Historisk har utnyttinga av kvotane variert, men i 2024 nytta Noreg kvotane godt. Færøyane har som oftast fiska opp torskeknoten sin i NØS, men i 2023 var det igjen nesten 1 800 tonn ved utgangen av året. Når det gjeld pelagiske fiskeri, auka Noreg sin tilgang til å fiske kolmule i Færøy-sona i 2023, og det vart fiska ein god del. Færøyane har god tilgang til å fiske pelagisk fisk i andre soner enn NØS.

Noreg har hatt godt utbytte av kvotane i sona til Grønland i 2023 og 2024. Det same har Grønland i NØS nord for 62° N. Dei siste åra har det norske fisket ved Grønland vore regulert gjennom fleire rulleringsordningar. Grønland har fiska med to fartøy dei to siste åra.

Norske fartøy har nytta kvotane på botnfisk ved Island godt dei seinaste åra. Dei siste åra har dette fisket vore regulert gjennom ei rulleringsordning basert på loddtrekking blant fartøy som har meldt seg på til dette fisket. Island har tradisjonelt nytta torskeknoten som dei er tildelte i NØS nord for 62° N, godt, samstundes som dei i stor grad utnyttar det kvantumet som kan fiskast som bifangst.

Alle kyststatane har nytta kvotane sine på kolmule godt. Det same har dei med kvoten på norsk vårgytande sild, med unntak av Færøyane, som dei siste åra har overført meir enn 10 prosent ubrukt sildekvote til neste år. I fisket etter makrell har kyststatane generelt utnytta kvotane sine dårlegare enn i dei andre pelagiske fiskeria dei siste åra. Også i dette fiskeriet har Færøyane i fleire år overført meir enn 10 prosent ubrukt kvote til neste år.

Det vart opna for eit loddefiske ved Grønland, Island og Jan Mayen sidan sesongen 2022–2023, medan ikkje for sesongen 2023–2024.

Tabell 5.2 gjev ei oversikt over verdien av dei viktigaste fiskeria i Noreg. Her ser vi på kvart av fiskeria, ikkje berre på verdien av kvar kvoteavtale. Noreg får til dømes kolmule i kyststatsavtalen om kolmule, men òg i den bilaterale avtalen med EU. Vi ser at torsken i Barentshavet utgjer om lag halvparten av verdien av fiskeria i tabell 5.2, medan makrellen står for cirka 18 prosent av verdien. Denne fordelinga vil variere som følge av endringar i både kvotane og prisane.

Tabell 5.2 Verdi for nokre av dei kommersielt viktige kvotane i 2023 og 2024.

	Kvoteverdi i millionar kroner (2024-verdi) ¹	
	2023	2024
Barentshavet, Noreg – Russland		
Torsk	8 904	8 391
Hyse	1 466	1 334
Nordsjøen og Skagerrak, Noreg – EU		
Sild	1 118	1 434
Sei	388	542
Fleirpartsavtalar		
Norsk vårgytande sild	3 774	2 811
Makrell	4 249	4 548
Kolmule	1 289	1 362


¹ Rekna med norske prisar for førstehandsomsetning (2024-verdi).

5.1 Verdien av fisket

Det er fleire faktorar som påverkar verdien av det norske fisket, mellom anna kvotar, prisen på råstoff, valutasvingingar og handelspolitikk. Generelle utviklingstrekk i samfunnet, som den teknologiske utviklinga, den generelle økonomiske utviklinga og demografiske trendar, har òg mykje å seie for fiskeria. I 2024 eksporterte Noreg villfanga fisk og fiskeprodukt for 44,9 milliardar kroner.

Dette delkapittelet gjer greie for hovudtrekka i utviklinga av verdien på kvotane for dei viktigaste fiskeslaga over tid og med vekt på perioden 2022–2024. Vi presenterer òg hovudtrekka i utviklinga av lønnsmda i den norske fiskeflåten generelt og for fartøygruppene i lønnsmdsgranskinga spesielt.

Innan botnfiskeria er det fiskeartane torsk, hyse, sei og reke som er dei kommersielt viktigaste, medan det innan pelagiske fiskeri er artane sild, makrell, kolmule og lodde som er kommersielt viktigast.



Figur 5.1 Utviklinga i kvote og kvoteverdi for torsk i Barentshavet.


5.1.1 Verdien av kvotane for norske fiskarar

For å finne verdien av kvotane som norske fiskarar kan fiske på etter avtalane, har vi først funne oppnådd gjennomsnittspris til fiskar per kilo fisk (rund vekt)¹ som er omsett. Denne bruker vi så som verdi per kilo kvote som er oppgjeven i dei enkelte reguleringsforskriftene. Det vi ser på her, er førstehandsverdien på fiskeslaga og ikkje den verdien fisken kan generere i form av vidaresal og ringverknader.


¹ Rund vekt, òg omtalt som levande vekt, er vekta av heil, ureinsa fisk.

5.1.1.1 Torsk og hyse

Trenden for både torsk og hyse er at kvoteverdien har minka dei siste åra. For hyse har kvoteverdien minka kvart år sidan 2021, medan det har vore tilsvarende for torsk sidan 2022. Kvotane har minka for begge fiskeslaga etter 2021, og den prosentvise endringa er størst for torsk med ein reduksjon på 50 prosent. For hyse er kvoten redusert med 38 prosent sidan 2021. I perioden 2021–2024 har prisane på torsk auka kvart år og totalt med i underkant av 80 prosent. Gjennomsnittsprisen for hyse har variert meir, og i 2024 var han 5 prosent høgare enn i 2021. Frå 2021 til 2024 vart kvoteverdien for



Figur 5.2 Utviklinga i kvote og kvoteverdi for hyse i Barentshavet.



Figur 5.3 Utviklinga i kvote og kvoteverdi for sild i Nordsjøen og Skagerrak.

torsk redusert med 11 prosent, medan kvoteverdien for hyse vart redusert med 35 prosent.

5.1.1.2 Sild, makrell og kolmule


Både kvoten og kvoteverdien for makrell, kolmule og sild i sør var høgare i 2024 enn i 2010. For norsk vårgytande sild (NVG-sild) var både kvoten og kvoteverdien i 2024 lågare enn i 2010.

For sild i Nordsjøen og Skagerrak har gjennomsnittsprisen variert gjennom heile perioden, og etter nokre år med stiging gjekk gjennomsnittsprisen ned både i 2021 og i 2022. Gjennom-


snittsprisen steig igjen i 2023, og i 2024 var han på same nivå som i 2023. Kvoteverdien har stige kvart år sidan 2021 og var i 2024 på det høgaste nivået i perioden 2010–2024.

Målt i 2024-verdi var 2024 året med høgast gjennomsnittspris på NVG-sild, med 10,99 kroner. Lågast gjennomsnittspris var det i 2010 med 4,23 kroner. Førebels gjennomsnittspris for 2024 er 43 prosent høgare enn i 2022. Kvoteverdien minka likevel med 19 prosent i same periode fordi kvotane vart reduserte med over 40 prosent.

Gjennomsnittsprisen på makrell har variert mykje i perioden 2010–2024. I 2024 var han over



Figur 5.4 Utviklinga i kvote og kvoteverdi for norsk vårgytande sild.



Figur 5.5 Utvikling i kvote og kvoteverdi for makrell.


50 prosent høgare enn i 2022. Gjennomsnittsprisen i 2024 var på 21,47 kroner. Trass i redusert kvote gjekk kvoteverdien difor likevel opp, og han har hatt ei positiv utvikling sidan 2019.

Gjennomsnittsprisen på kolmule har auka med 20 prosent frå 2022 til 2024, men var framleis lågare i 2024 enn i toppåret 2011. Samstundes har kvotane òg auka, og det gjer at kvoteverdien var mykje høgare i 2024 enn i 2022. Kvoteverdien har gått opp med over 130 prosent frå 2022 til 2024, medan kvoten har auka med 95 prosent i same periode.


5.1.2 Lønnsemda i den norske fiskeflåten

Fiskeridirektoratet samlar kvart år inn opplysningar om lønnsemda i og arbeidsinnsatsen frå den norske fiskeflåten. Alle registrerte fiskefartøy som har hatt ei fangstinntekt over ei minimumsgrense, som varierer etter storleiken på fartøya, inngår i lønnsemdsgranskinga. Desse fartøya står for rundt 90 prosent av den totale fangstinntekta i dei norske fiskeria.²

² Funna i lønnsemdsgranskinga blir publiserte på nettsidene til Fiskeridirektoratet i november eller desember året etter enda referanseår.



Figur 5.6 Utvikling i kvote og kvoteverdi for kolmule.




Figur 5.7 Utviklinga i driftsmarginen¹ for den norske fiskeflåten saman med trendline.

¹ Driftsmargin = (driftsresultat/driftsinntekter) * 100. Driftsmarginen gjev uttrykk for kor stor innteninga er for kvar 100 kroner ein sel for.


I Noreg har vi hatt lønnssemndsgranskingar sidan 1950, men den første tida berre for utvalde fartøygrupper og ikkje årleg. Sidan 1966 har lønnssemndsgranskingane vore gjennomførte årleg og etter kvart for heile fiskeflåten. I lønnssemndsgranskinga er det to ulike nøkkeltal som seier noko om lønnsmda – driftsmargin og totalkapitalrentabilitet. Nøkkeltalet driftsmargin viser kor mange kroner ein har tent per 100 kroner omsett, medan nøkkeltalet totalkapitalrentabilitet gjev uttrykk for avkastninga på den totale kapitalen.

Desse to nøkkeltala viser den same trenden, men sidan totalkapitalen har auka over tid, har betre lønnsemd ført til mindre utslag på totalkapitalrentabiliteten enn på driftsmarginen. I figurane i dette kapittelet har vi valt å vise lønnsmda i form av nøkkeltalet driftsmargin.

Dei underliggjande årsakene til den positive lønnssemndsutviklinga i perioden sett under eitt er fleire. Fleire av dei viktigaste fiskebestandane våre har vore i langt betre tilstand på 2000-talet enn dei var i 1990-åra. Samstundes har talet på merkeregis-



Figur 5.8 Utviklinga i driftsmarginen innan botnfiskeri og pelagiske fiskeri.



Figur 5.9 Utviklinga i driftsmarginen for kystfiskegrupper.


trerte fiskefartøy gått ned, noko som bidreg til reduserte kostnader og auka produktivitet.

Auka kvotar på viktige kommersielle artar som torsk, hyse og sei innanfor botnfiskeria og sild, makrell og kolmule innanfor pelagiske fiskeri har vore vesentleg for at den norske fiskeflåten i dag har god lønnsemd. Samstundes er det ikkje kvotane aleine som gjev god lønnsemd. Noreg er ein betydeleg eksportør av fisk – over 90 prosent av det vi haustar, blir eksportert. Situasjonen i markedene og prisendringar på kommersielt viktige fiskeslag har òg mykje å seie for korleis lønnsemda i den norske fiskeflåten endrar seg.

Figur 5.7 viser utviklinga i driftsmargin for den norske fiskeflåten frå 1980 til 2023.

Driftsmarginane i 2019 og 2020 var, saman med marginane i 2011 og 2016, dei høgaste som er målte. Driftsmarginen for åra 2021–2023 er litt lågare enn i 2020, men er framleis på eit høgt nivå. Førebelse tal for 2024 viser at fangstverdien for norske fartøy var litt lågare enn i 2023.

I pelagisk sektor har fangstverdien vore rekordhøg i perioden 2021–2024. Fangstverdien i torskesektoren var rekordhøg i 2022, men er lågare både i 2023 og i 2024. Korleis dette vil slå ut på lønnsemda, er vanskeleg å seie no, ettersom




Figur 5.10 Utviklinga i driftsmarginen for havfiskegrupper.

Boks 5.1 Utviklinga i dei norske fiskeria sidan etterkrigstida

Det årlege fangstkvantumet har variert naturleg med biologiske variasjonar og tilhøyrande kvotar. Enkelte periodar er sterkt påverka av kollaps i bestanden av norsk vårgytande sild og den sterke nedgangen i torskebestanden i 1980- og 1990-åra. Etter ein liten auke etter krigen har talet på fiskarar og fiskefartøy gått ned som følge av auka effektivitet på grunn av teknologisk utvikling og ein styrt struktureringspolitikk.

Dette har gjeve ein betydeleg produktivitetsvekst i fiskeria og syner at fangsten per fiskar har auka frå under 10 tonn per fiskar i 1945 til over 200 tonn i 2024. Den største auken i fangsten per fiskar har skjedd dei siste 30 åra, frå om lag 60 tonn i 1990 til toppen i 2022 med 226 tonn per fiskar. Det utgjer ein produktivitetsvekst på om lag 280 prosent i perioden, eller ein årleg auke på i underkant av 4 prosent.



Figur 5.11 Utviklinga i fangstkvantum, fiskarar og fangst per fiskar.

det totale kostnadsbiletet for 2024 ikkje er klart enno. Høge drivstoffprisar er eit moment som kan trekke lønnsmda for flåten nedover.

Medan figur 5.7 viser utviklinga i lønnsmda samla sett tilbake til 1980, viser figur 5.8 utviklinga i lønnsmda innanfor botnfiskeri og pelagiske fiskeri for perioden frå 2010 til 2023.

Innan botnfiskeria er torsk, hyse, sei og reke viktige kommersielle artar, medan det innan dei pelagiske fiskeria er artane sild, makrell, kolmule og lodde som er kommersielt viktigast. Driftsmarginen innan dei pelagiske fiskeria har over tid vore høgare enn driftsmarginen innan botnfiskeria. Også i 2023 var driftsmarginen innan dei pelagiske fiskeria høgare enn for botnfiskeria, og avstanden auka noko etter reduksjon i åra 2021 og 2022.

Det er store variasjonar i lønnsmda både mellom fartøy innan ei flåtegruppe og mellom flåte-

grupper. Figur 5.9 og 5.10 viser utviklinga i driftsmargin for høvesvis utvalde kystfiskegrupper og havfiskegrupper for åra 2010–2023. Det har tradisjonelt vore ringnotsnurparar og torsketrålalar som har oppnådd høgast driftsmargin. Dei siste åra har også dei pelagiske trålarane hatt høg driftsmargin, og i 2019 og 2020 var det denne fartøygruppa som oppnådde den høgaste marginen. I perioden 2021–2023 var det igjen ringnotsnurparane som oppnådde høgast driftsmargin, med høvesvis 27,4 prosent, 24,6 prosent og 28,3 prosent. Innanfor kystfiske er det kystnotfartøy som har oppnådd høgast driftsmargin dei siste åra. I 2023 hadde desse fartøya ein driftsmargin på 24,4 prosent. Dei konvensjonelle kystfiskefartøya og kystretrålalar ligg noko lågare i driftsmargin, med høvesvis 15,3 prosent og 5,6 prosent i 2023.

5.2 Tosidige avtalar

5.2.1 Noreg – Russland

Noreg har i all hovudsak ei høg utnytting av kvotane på dei fiskebestandane vi forvaltar saman med Russland. Noreg har god tilgang på desse bestandane i eiga sone, og vi nyttar difor lite av sonetilgangen vi har i den økonomiske sona til Russland. Justert for kvotefleksibilitet ligg utnyttingsgraden på 100 prosent for både torsk og hyse i begge åra. Den kystnære flåten har hatt utfordringar med tilgangen til hysebestanden dei siste åra, men dette endra seg i 2024. Noreg utnytta kvotane på lodde, snabeluer og blåkveite godt begge åra.

Russland utnyttar òg kvotane sine godt. Dei fiskar betydelege delar av kvotane sine på torsk, sei, steinbit, uer og norsk vårgytande sild i norsk økonomisk sone.

Tabell 5.3 Norske kvotar på og fangstar av fellesbestandane i Barentshavet.

Art	Kvotar ¹ (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
Torsk ³	269 451	214 967	294 344	207 110
Hyse ³	86 556	72 173	91 505	71 412
Blåkveite	12 735	10 823	13 500	10 402
Uer (<i>Sebastes mentella</i>) ⁴	43 981	46 418	44 541	46 832
Lodde	37 150	117 550	37 652	117 555

¹ Etter tilbakeføring av uutnytta kvote avsett til tredjeland.

² Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 15. januar 2025, inklusive forskingsfangst og ungdoms- og rekreasjonsfisket.

³ Oversikta tek ikkje omsyn til overføringar over år (kvotefleksibilitet).

⁴ Etter kvotebyte med andre land.

Tabell 5.4 Russiske kvotar på og fangstar av fellesbestandane i Barentshavet.

	Kvotar ¹ (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
Torsk ³	248 782	200 124	276 920	210 518
Hyse ³	75 177	61 605	81 750	57 976
Blåkveite	11 325	9 638	11 316	-
Uer (<i>Sebastes mentella</i>) ^{3,4}	15 120	15 730	13 964	-
Lodde	24 850	78 450	23 043	51 128

¹ Etter overføring til Noreg, men før eventuell tilbakeføring av uutnytta tredjelandskvote.

² Fangsttala for 2023 og 2024 er rapporterte frå russiske styresmakter til norske styresmakter. Fangst av blåkveite og uer var ikkje med i rapporten for 2024.

³ Oversikta tek ikkje omsyn til overføringar over år (kvotefleksibilitet).

⁴ Av totalkvoten kunne 1 100 tonn berre takast som bifangst.

Tabell 5.5 Norske kvotar og fangstar i russisk økonomisk sone.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
Torsk	200 000	200 000	5 769	2 862
Hyse	47 000	47 000	10 887	3 238
Blåkveite	11 985	10 073	3	8
Uer (<i>Sebastes mentella</i>)	46 081	48 518	-	-
Lodde	36 900	117 300	-	-
Reker	4 650	4 650	-	-
Grønlandssel ²	7 000	-	-	-
Steinbit	2 500	2 500	458	402
Flyndre	200	200	-	-
Bifangstkvote	500	500	50	40

¹ Fiskeridirektoratets register for elektroniske fangst- og aktivitetsdata per 15. januar 2025.

² Talet på dyr, ikkje tonn.

Tabell 5.6 Russiske kvotar og fangstar i norske havområde.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
<i>NØS nord for 62° N</i>				
Torsk	200 000	200 000	61 912	58 453
Hyse	47 000	47 000	12 795	12 176
Blåkveite	10 575	8 888	1 502	590
Lodde	24 600	78 200	2 170	49 798
Sei ²	12 100	12 100	11 560	12 127
Steinbit	5 000	5 000	4 930	3 582
Uer ³	2 200	2 200	1 213	1 430
Snabeluer ³	14 020	14 630	2 763	4 576
Kolmule	23 666	26 628	168	1 260
Norsk vår-gytande sild	65 532	51 330	54 966	24 090
Andre artar	2 500	2 500	1 684	1 081

Fiskerisona ved Jan Mayen

Norsk vår-gytande sild	65 532	51 330	-	-
Kolmule	23 666	26 628	-	-

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 15. januar 2025.² Sei kunne berre takast som bifangst i 2023 og 2024.³ Russiske fartøy kunne fiske snabeluerkvoten i eit direktefiske i NØS nord for 62° N; resterande uer kunne berre takast som bifangst.**5.2.2 Noreg – EU – Storbritannia**

I 2021 vart Storbritannia ein eigen part i forhandlingane om forvaltninga av fiskebestandar i Nordsjøen. Dette medførte at EU-andelen i fellesbestandane vart redusert, og at tradisjonelle byteartar kom på britiske hender. Noregs andel i fellesbestandane i Nordsjøen heldt seg uendra. Dermed vart det store reduksjonar i EU-kvotane i 2021, samanlikna med i 2020. Noreg og Storbritannia vart ikkje samde om ein byte- eller tilgangs-avtale for 2021. Dermed fekk ikkje norske fartøy moglegheit til å fiske i britisk sone, og vice versa. Men partane vart samde om ein avtale for 2022. Avtalen for 2024 er i hovudsak basert på denne avtalen. Tabell 5.7, 5.8 og 5.9 viser kvotane og fangstane til høvesvis Noreg, EU og Storbritannia i 2023 og 2024.

Tabell 5.7 Norske kvotar på og fangstar av fellesbestandane i Nordsjøen.

Art	Kvotar ¹ (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
Torsk	3 299	3 851	3 484	3 661
Hyse	12 725	22 620	2 419	2 379
Sei ^{3,5}	26 875	35 008	28 066	27 461
Kviting	3 429	7 670	1 014	315
Raudspette	9 305	9 549	40	38
Nordsjøild ^{4,5}	116 971	150 630	113 534	138 157

¹ Etter overføringar til/frå EU og tredjeland.² Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 17. januar 2025.³ Seikvote i Skagerrak og Nordsjøen.⁴ Tabellen syner nordsjøildkvoten inkludert den delen av Skagerrak-kvoten som kan takast ut i Nordsjøen, før kvotefleksibilitet.⁵ Oversikta tek ikkje omsyn til kvotefleksibilitet.

Tabell 5.8 EUs kvotar på og fangstar av fellesbestandane i Nordsjøen.

Art	Kvotar ¹ (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2023	2024	2023	2024 ²
Torsk	8 471	9 436	5 986	4 631
Hyse	8 416	13 476	5 349	4 934
Sei ³	20 313	24 875	17 761	15 421
Kviting	9 455	19 420	2 141	2 157
Raudspette	88 433	90 755	14 028	9 396
Nordsjøild ^{3,4}	204 762	259 913	198 247	205 747

¹ Etter overføringar mellom Noreg og EU og før overføring til tredjeland.² 1. januar 2024–31. oktober 2024.³ Oversikta tek ikkje omsyn til kvotefleksibilitet.⁴ I tillegg kjem ein bifangstkvote for sild på 7 971 tonn i 2023 og 8 110 tonn i 2024. Av desse vart høvesvis 6 806 tonn og 4 192 tonn fiska (tal frå Fiskeristyrelsen i Danmark).

Tabell 5.9 Storbritannias kvotar på og fangstar av fellesbestandane i Nordsjøen.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2023	2024	2023	2024 ¹
Torsk	9 882	11 613	11 413	10 486
Hyse	37 261	65 325	31 635	28 378
Sei	6 186	8 105	8 048	6 336
Kviting	21 410	49 607	10 710	8 246
Raudspette	35 184	36 109	1 404	3 721
Nordsjøsild	77 725	103 545	78 390	93 428

¹ 1. januar 2024–10. oktober 2024.

5.2.3 Noreg – EU

Som følge av at Storbritannia har forlate EU, er det ikkje lenger mogleg for EU å gjennomføre byte med Noreg på same nivå som tidlegare. Grunnen er at dei fleste artane som inngjekk i bytet på EU si side, oppheld seg i britiske farvatn. Einaste art av betydning i EU-sona er kolmule, som

norske fartøy fiskar i irsk sone. Utanom kolmule fiskar norske fartøy minimale mengder i jurisdiksjonsområda til EU, jf. tabell 5.10. Noreg får òg kvotar ved Grønland, som i tidlegare år. Desse blir godt utnytta. EU får kvotar på mellom anna torsk, hyse og sei i NØS nord for 62° N og på fleire artar i Nordsjøen.

Fisket i Skagerrak og Kattegat

I Skagerrak og Kattegat har EU dei siste åra nytta kvotane på torsk, hyse, sild og reker best. Det er i hovudsak Danmark og Sverige som fiskar på desse kvotane, men andre EU-land har mindre kvotar for enkelte artar. På eige grunnlag kvote-regulerer EU òg andre bestandar enn dei det er fastsett kvotar på gjennom avtalen om regulering av fiskebestandane i Skagerrak og Kattegat. Det norske fisket i Skagerrak har i hovudsak vore konsentrert om reker og sild. Noreg har til dømes ein ganske stor kvote på kystbrisling som blir lite nytta. Dette fiskeriet har vore eit kombinasjonsfiskeri av brisling og sild som har skjedd på dei tradisjonelle felta i Oslofjorden. Tabell 5.12 og 5.13 viser kvotane og fangstane i Skagerrak og Kattegat i 2023 og 2024.

Tabell 5.10 Norske kvotar og fangstar i EU-farvatn¹ og tildelte kvotar og fangstar frå EU i grønlandske farvatn.

Område/art	Tilgang/kvotar (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
<i>EU-farvatn</i>				
Sild ³	2 700	2 700	31	277
Kolmule	224 000	198 000	106 138	167 529
Havbrisling ⁶	10 000	10 000	3 560	735
Torsk ³	3 064	3 522	14	7
Hyse ³	11 182	19 410	11	10
Sei ^{3,4}	23 106	28 937	14	49
Kviting ³	2 855	6 382	30	6
Raudspette ³	7 746	7 946	1	
Sjøtunge	10	5	-	-
Andre artar ⁵	500	500	9	5
<i>Vest-Grønland</i>				
Blåkveite	325	325	325	315
Skoleist og isgalt	55	55	40	5
<i>Aust-Grønland</i>				
Reker	2 123	1 700	1 544	1 700
Blåkveite	850	650	719	650
Uer	556	750	235	750
Skoleist, isgalt o.a.	40	40	23	40

¹ Etter overføringar til EU og tredjeland. Inkluderer ikkje Skagerrak, bortsett frå for sei.

² Fangsttala er henta frå landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 17. januar 2025.

³ For desse fellesbestandane avtaler EU, Storbritannia og Noreg storleiken på TAC for kvar bestand, fordeling av TAC på dei to partane, eventuelle kvotebyte og kor mykje partane maksimalt kan fiske i dei respektive sonene. Norske fartøy kan fiske kvoten både i EU-sona, i britisk sone og i NØS. Berre fangstar frå EU-sona blir rapporterte.

⁴ Inkludert kvote og fangst i Skagerrak.

⁵ ICES-område 4.

⁶ Havbrisling i EU-sona kan fiskast i perioden 1. juli–31. mars

Tabell 5.11 EU sine kvotar og fangstar i norske havområde.¹

Område/art	Tilgang/kvotar (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
<i>NØS, Nord for 62° N</i>				
Torsk ³	9 150	9 983	9 038	9 826
Hyse	400	500	490	441
Sei	550	550	549	214
Blåkveite	125	175	175	183
Uer	1 500	1 500	1 485	1 108
Kolmule	10 000	10 000	10	48
Makrell	-	-	-	-
Norsk vårgytande sild	19 780	15 107	12 570	15 459
Andre artar	125	175	202	224
<i>NØS, Nordsjøen</i>				
Torsk ⁴	5 853	6 551	3 785	4 253
Hyse ⁴	4 774	7 907	925	734
Sei ^{4,5}	16 178	19 976	4 605	6 376
Kviting ⁴	5 333	10 953	182	189
Lange	500	500	379	482
Brosme	50	50	12	22
Breiflabb	900	900	833	916
Raudspette ⁴	30 209	31 003	2 048	1 350
Nordsjøsild ⁴	2 700	2 700	1 723	712
Kolmule	10 000	10 000	5	1
Reker	200	50	64	19
Lysing	1 870	1 870	1 545	1 184
Sjøkreps	200	250	124	91
Andre artar	1 650	1 650	1 098	1 088
<i>Fiskerisona ved Jan Mayen</i>				
Norsk vårgytande sild	19 780	15 107	-	-
Kolmule	10 000	10 000	-	-

¹ Svenske fangstar er ikkje inkluderte.² Fiskeridirektoratets register for elektroniske fangst- og aktivitetsdata per 18. januar 2025. Tala er baserte på sonene fartøya rapporterer frå ved fiske.³ EU-fartøy fiska 11 705 tonn torsk i fiskevernsona ved Svalbard i 2023. Etersom kvoten i fiskevernsona ved Svalbard var på 12 415 tonn, inneber dette at ingen kvantum vart avrekna på kvoten for EU-fartøy i Noregs økonomiske sone, i samsvar med *for-skrift om regulering av fisket etter torsk i fiskevernsonen ved Svalbard i 2023*.⁴ For desse fellesbestandane avtaler EU, Storbritannia og Noreg storleiken på TAC for kvar bestand, fordeling av TAC på dei tre partane, eventuelle kvotebyte og kor mykje partane kan fiske i dei respektive sonene.⁵ Gjeld Nordsjøen og Skagerrak.

Noreg – Sverige

Noreg har ein nabolandsavtale med Sverige om fiskeri som gjev svenske fiskarar rett til å fiske i norsk sone i Nordsjøen. Svenske kvotar og fangstar i norske havområde i 2023 og 2024 er viste i tabell 5.14. Med unntak av hyse- og kvitingkvoten nyttar Sverige desse kvotane godt.

Tabell 5.12 Norske kvotar og fangstar i Skagerrak og Kattegat.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
Torsk ²	100	115	98	111
Hyse ³	151	262	209	666
Kviting	12	12	5	8
Raudspette	356	365	7	27
Sild ^{4,6}	3 102	3 964	588	196
Brisling ⁵	943	1 971	912	258
Reker ^{5,6,7}	1 919	1 982	4 509	3 288

¹ 1. januar–20. november 2024.

² Utanfor grunnlinene.

³ I tillegg til kvoten i Skagerrak kan partane fiske inntil 5 prosent av hysekvoten i Nordsjøen i Skagerrak.

⁴ Inntil 100 prosent av kvoten kan takast ut i Nordsjøen.

⁵ Fiskeriåret går frå 1. juli til 30. juni året etter.

⁶ Oversikta tek ikkje omsyn til kvotefleksibilitet.

⁷ Reke i Nordsjøen og Skagerrak høyrer til den same bestanden, og rekekvotane i Nordsjøen og Skagerrak blir difor forvalta og rapportert som éin. I 2023/2024 var Noregs kvote i Nordsjøen 1765 tonn og i 2024/2025 1 367 tonn.

Tabell 5.13 EU sine kvotar og fangstar i Skagerrak og Kattegat.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
Torsk ²	2 995	3 444	2 682	2 148
Hyse	3 438	5 971	3 271	4 396
Kviting	664	664	267	240
Raudspette ²	17 427	17 885	3 396	4 133
Sild ³	20 148	25 771	401	216
Brisling ⁴	11 627	24 307	117	1 032
Reker ^{2,4}	2 199	2 271	1 677	1 770

¹ Fangsttala for 2023 og 2024 (jan.–okt.) utleverte under forhandlingane for 2025 mellom Noreg og EU.

² Torsk, raudspette og reker kan berre fiskast i Skagerrak. For dei andre artane gjeld kvotane både i Skagerrak og i den nordlege delen av Kattegat.

³ I tillegg kjem ein bifangstkvote på sild på 6 659 tonn i 2023 og 2024. Av desse er høvesvis 92 tonn og 75 tonn fiska (tal frå Fiskeristyrelsen i Danmark).

⁴ Fiskeriåret går frå 1. juli til 30. juni året etter.

Tabell 5.14 Svenske kvotar og fangstar i norske havområde.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
<i>NØS, Nordsjøen</i>				
Torsk	382	382	381	356
Hyse	707	707	110	92
Sei	880	880	875	880
Kviting/lyr	190	190	96	102
Industrifiske ²	800	800	775	744
Makrell	266	322	265	242
Sild	932	1 128	932	983
Reker	123	123	118	120
Andre artar ³	-	-	534	316

¹ Fangsttala er baserte på innrapporterte tal frå det svenske fiskeriverket per 13. januar 2025.

² Industrifiskkvoten til Sverige omfattar kolmule, augepål, tobis, brisling og hestmakrell. Av dette kan maksimalt 400 tonn vere hestmakrell.

³ Det blir ikkje tildelt ein fast kvote på andre artar, men fangstane skal vere på tradisjonelt nivå.

5.2.4 Noreg – Storbritannia

Etter Brexit vart Noreg og Storbritannia første gong samde om ein avtale om kvotebyte og gjensidig tilgang for 2022. Hovudtrekka i avtalane sidan har vore at fartøy frå begge partar årleg kan fiske inntil 30 000 tonn botnfisk i sonene til kvarandre i Nordsjøen. Det er òg gjennomført eit kvotebyte der Noreg har fått tilgang til å fiske mellom anna torsk, blåkveite, brosme, skjelbrosme og lange i områda vest for Dei britiske øyane (ICES-område 6), medan Storbritannia har fått kvote på torsk og sild nord for 62° N og kvote på nokre artar i Nordsjøen. Tabellane nedanfor viser omfanget av kvotebyta mellom Noreg og Storbritannia, i tillegg til kor mykje som er fiska.

Tabell 5.15 Gjensidig tilgang til å fiske inntil 30 000 tonn botnfisk i Nordsjøen i 2023 og 2024.

Art	Norske fangstar i britisk sone ¹		Britiske fangstar i norsk sone ²	
	2023	2024	2023	2024
Breiflabb	44	88	317	309
Straumsild/ vassild	64	45	-	-
Kveite	6	11	30	26
Blålange	167	104	-	-
Torsk	1 527	1 467	1 624	1 598
Sandflyndre	-	-	16	9
Skjelbrosme	109	85	-	-
Blåkveite	470	737	-	-
Hyse	214	648	3 434	3 603
Lysing	233	201	382	291
Lomre	-	2	100	47
Lange	2 458	2 593	238	309
Raudspette	1	5	1 115	395
Lyr	87	94	303	312
Havmus	38	48	-	-
Knurr	-	1	21	14
Piggvar	1	2	21	10
Sjøkreps	-	-	13	29
Sei	5 102	8 034	1 230	1 210
Skater	17	35	-	-
Brosme	471	656	1	11
Kviting	35	36	671	566
Smørflyndre	-	1	63	21
Steinbit	3	27	145	203
Snabeluer	29	8	-	-
Andre artar der fangstane er under 20 tonn	23	34	55	42

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 18. januar 2025.

² Elektronisk fangst- og aktivitetsrapportering (ERS-meldingar).

Tabell 5.16 Kvoteoverføringar til Noreg frå Storbritannia i 2023 og 2024 og fangstar av kvotane.¹

Art	Kvotar og fangstar til Noreg i 2023		Kvotar og fangstar til Noreg i 2024	
	Kvotar	Fangstar	Kvotar	Fangstar
<i>NAFO-område 3M</i>				
Torsk	285	285	-	-
<i>Storbritannias økonomiske sone</i>				
Torsk ²	15	17	25	20
Blåkveite ³	700	662	600	748
Anna (bifangst) ³	40	68	100	79
Lange ²	1 300	764	900	318
Brosme ²	380	394	450	161
Skjelbrosme ²	100	126	150	74
Blålange ²	70	73	100	20
Anna (bifangst) ²	20	46	70	63
Nordsjøsild ⁴	20 000	18 960	20 000	20 031

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 18. januar 2025.

² ICES-område 6.

³ ICES-område 2a.

⁴ Tilgang.

Tabell 5.17 Kvoteoverføringar til Storbritannia frå Noreg i 2023 og 2024 og fangstar av kvotane.¹

Art	Kvotar og fangstar til Storbritannia i 2023		Kvotar og fangstar til Storbritannia i 2024	
	Kvotar	Fangstar	Kvotar	Fangstar
<i>Noregs økonomisk sone</i>				
Breiflabb ²	1 075	1 043	600	600
Blålange ²	20	4	20	13
Lysing ²	25	17	-	-
Kviting ²	25	25	-	-
Torsk ³	750	749	700	699
NVG-sild ³	20 000	8 660	20 000	6 158
Anna ³	120	118	100	92

¹ Delt under forhandlingar mellom Noreg og Storbritannia for 2024.

² ICES-område 4.

³ ICES-område 1 og 2.

5.2.5 Noreg – Færøyane

Norske fartøy har nytta kvotane på botnfisk i færøysk sone i varierende grad dei siste åra, og tidvis har utnyttinga vore nokså låg. I 2024 var det godt fiske av lange/blålange, og med godkjenning frå Færøyane vart kvoten justert opp 600 tonn, med tilsvarende reduksjon i brosmekvoten. Fisket etter botnfisk vart stoppa i november fordi kvoten på lange/blålange var fiska opp.

Færøyane har nytta botnfiskkvotane i norske jurisdiksjonsområde godt. Færøyske fartøy har i hovudsak fiska kvoten på makrell i si eiga sone, i EU-sona og i internasjonalt farvatn dei siste åra, og i 2023 hadde dei heller ikkje løyve til å fiske i norske havområder. I 2024 var det igjen færøysk makrellfiske i NØS.

Færøyane har ikkje hatt tilgang til å fiske kolmule i norske havområde dei siste åra. Noregs tilgang til å fiske kolmule i færøysk sone vart auka til 2023, og var i 2024 på 53 600 tonn.

Tabell 5.18 Norske kvotar og fangstar i færøysk sone.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
Lange/blålange	3 000	2 000	1 219	1 986
Brosme	1 500	1 900	808	1 736
Makrell ²	6 600	6 600	14	26
Kolmule ³	-	-	35 076	31 685
Andre artar	800	600	199	345

¹ Fiskeridirektoratets register for elektroniske fangst- og aktivitetsdata per 20. januar 2025.

² Makrellkvoten er fiska i anna farvatn.

³ Noreg bytte til seg sonetilgang i den bilaterale avtalen: 50 000 tonn i 2023 og 53 600 tonn i 2024.

Tabell 5.19 Færøyske kvotar og fangstar i norske havområde.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
<i>NØS, Nord for 62° N</i>				
Torsk ²	10 395	10 145	8 597	10 117
Hyse ²	1 600	1 530	1 040	1 221
Sei	500	500	342	488
Makrell	-	35 491	-	20 111
Andre artar ³	700	750	332	829
<i>NØS, Nordsjøen</i>				
Makrell	-	35 491	-	-
<i>Fiskerisona ved Jan Mayen</i>				
Makrell	-	-	-	-

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 20. januar 2025.

² Inkluderer kvotar overførte frå russisk økonomisk sone.

³ Inkluderer uer, sei og blåkveite.

5.2.6 Noreg – Grønland

Dei norske kvotane og fangstane i Grønlands økonomiske sone i 2023 og 2024 går fram av tabell 5.20. I tillegg kunne norske fartøy fiske i grønlandsk sone på kvote tildelt av EU, sjå tabell 5.10.

Kvotane på torsk og blåkveite vart godt nytta. Dei siste åra har fisket vore regulert gjennom fleire rulleringsordningar. Kvoten på uer har tradisjonelt vore delt i botnlevande og pelagisk uer, men etter 2021 har ikkje Noreg fått tildelt kvote på pelagisk uer. Kvoten på botnlevande uer blir godt nytta.

Grønland utnyttar som regel kvotane sine i NØS godt, sjå tabell 5.21. I 2023 og 2024 var det to fartøy som fiska dei grønlandske kvotane i norske havområde.

Tabell 5.20 Norske kvotar og fangstar i grønlandsk sone.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
<i>Vest-Grønland:</i>				
Blåkveite	900	900	900	900
<i>Aust-Grønland:</i>				
Blåkveite	375	375	375	428
Torsk	1 350	1 350	1 400	1 353
Kveite	30	30	16	21
Uer	500	500	500	515
Brosme	540	540	467	476
Skoleist	150	150	150	283
Bifangst av andre artar	352	325	130	246

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 15. januar 2025.

Tabell 5.21 Grønlandske kvotar og fangstar i norske havområde.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
<i>NØS, Nord for 62° N</i>				
Torsk	4 000	4 000	3 994	3 976
Hyse	750	750	673	645
Sei	650	650	508	569
Andre artar	425	425	324	349

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 15. januar 2025.

5.2.7 Noreg – Island

Norske fartøy har nytta kvotane på botnfisk ved Island godt dei seinaste åra, jf. tabell 5.22, som viser norske kvotar og fangstar i islandsk sone. Dei siste åra har dette fisket vore regulert gjennom ei rulleringsordning basert på loddtrekking blant fartøy som har meldt seg på til dette fisket. To nye fartøy får vere med i dette fisket kvart år.

Tabell 5.22 Norske kvotar og fangstar i islandsk sone.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
Brosme, lange, blålange	500	500	497	494
Uer ²	-	-	17	19
Anna ²	-	-	85	97

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 28. januar 2025.

² I tillegg til kvoten på 500 tonn botnfisk hadde norske fartøy høve til å ha inntil 25 prosent bifangst av andre artar.

Tabell 5.23 Islandske kvotar og fangstar i norske havområde.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
<i>NØS, Nord for 62° N</i>				
Torsk	5 125	4 074	5 157	3 772
Hyse ²	-	-	293	175
Sei ²	-	-	214	37
Andre artar ²	1 538	1 222	823	533

¹ Fiskeridirektoratets register for elektroniske fangst- og aktivitetsdata per 28. januar 2025.

² Bifangst inntil 30 prosent. Fangst av hyse og sei blir belasta kvoten for andre artar.



Figur 5.12 Garnfiske utanfor Andenes.

Foto: Jørgen Ree Wiig, Fiskeridirektoratet.

5.3 Kyststatsavtalar og andre fleirsidige avtalar

5.3.1 Norsk vårgytande sild

I 2007 vart kyststatane samde om å innføre kvotefleksibilitet over årsskiftet for 2008. Denne ordninga er seinare ført vidare. Som følgje av at Færøyane hausten 2012 fremja krav om ein høgare del norsk vårgytande sild, vart det i åra 2013 og 2014 inngått firepartsavtalar mellom EU, Island, Noreg og Russland om fordeling av norsk vårgytande sild. I avtalane vart det sett av eit kvantum til færøysk fiske, i samsvar med delen deira frå 2007. Det vart ikkje semje om ein kyststatsavtale for 2015, men partane vart likevel samde om ein totalkvote i tråd med tilrådinga frå ICES. I 2016 vart det heller ikkje semje om ein avtale, men 15. januar 2016 la Noreg fram eit forslag til forvaltningstiltak i NEAFCs konvensjonsområde for 2016. For åra 2017 til og med 2024 har partane blitt samde om ein totalkvote for norsk vårgytande sild. Hausten 2020 kom Storbritannia med i forhandlingane, frå 2021 har dei fastsett eigen kvote. Det er semje mellom partane om at Storbritannia er kyststat til sild, medan EU ikkje lenger er det.

Andelsfordelinga er det ikkje semje om, og partane set seg unilaterale kvotar. Fordelinga av kvotar for 2023 og 2024, før og etter overføringar mellom partane og overføringar over år, er vist i tabell 5.24 og 5.25.

Vandringsmønsteret til silda endrar seg stadig. Det såg vi spesielt i 2017, 2018 og 2019, då den store silda oppheldt seg i internasjonalt farvatn i ein lengre periode. Dette gjorde at kyststatane, med unntak av Noreg og Island, fiska den største delen av kvoten sin her. Island og Noreg hadde hovudfisket i egne farvatn. Sidan 2020 har fangstmønsteret vore eit anna: Totalt blir det fiska mest i norske farvatn, så islandsk og færøysk farvatn. Dei som har tilgang til norske farvatn, har hovudfisket sitt her. Færøyane har fiska mesteparten av kvoten sin i islandsk sone, noko i si eiga sone og noko i internasjonalt farvatn. Island har hovudsakleg fiska i si eiga sone. Russland fiska i 2023 og 2024 størstedelen av kvoten sin i NØS. I 2023 fiska grønlandske fartøy i internasjonalt farvatn og Færøy-sona, medan dei førebelse tala for 2024 viser eit lite fiske i eiga sone. Landa har utnytta dei unilateralt fastsette kvotane sine godt, med unntak av Færøyane, som i fleire år har overført meir enn 10 prosent av ufiska kvote til neste år.

Tabell 5.24 Kvotar på og fangstar av norsk vårgytande sild i 2023.¹

Stat	Kvote	Balanse 2022	Overføring	Kvote etter overføring og fleksibilitet	Fangstar (tonn)	Balanse 2023
Færøyane	112 713	18 154	-13 500	117 367	90 330	27 037
Island	922 421	-1 467	-	90 954	90 399	555
Noreg	388 490	-655	-	387 835	389 491	-1 656
Russland	65 532	1 103	8 500	75 135	73 741	1 394
Storbritannia	9 983	-167	-113	9 703	8 827	876
<i>Totalt kyststatar</i>	669 139	16 968	-8 602	680 994	652 788	28 206
EU	23 294	1 840	113	25 247	21 354	3 893
Grønland	5 112	-	6 500	11 612	6 365	5 247
Totalt	697 545	18 808	-	717 853	680 507	37 346

¹ Tala for kvote, balanse og fangst er innrapporterte frå land som deltok i kyststatsforhandlingane i oktober 2024.

Tabell 5.25 Kvotar på og fangstar av norsk vårgytande sild i 2024.¹

Stat	Kvote	Balanse 2023	Overføring	Kvote etter overføring og fleksibilitet	Fangstar (tonn)
Færøyane	74 219	27 037	-11 935	89 321	41 144
Island	60 843	552	-	61 395	61 586
Noreg	255 847	-1 656	-	254 191	255 382
Russland	49 999	1 331	6 435	57 765	39 161
Storbritannia	7 617	876	-2 060	6 433	5 842
<i>Totalt kyststatar</i>	448 525	28 140	-7 560	469 105	403 115
EU	17 773	2 329	2 060	22 162	17 556
Grønland	3 900	-	5 500	9 400	855
Totalt	470 198	30 469	-	500 667	421 526

¹ Tal for kvotar, balanse og overføringar er rapporterte inn frå land som deltok i kyststatsforhandlingane i oktober 2024. Fangststatistikk er førebelse tal frå NEAFC til og med november 2024.

5.3.2 Lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen

Etter mange forhandlingsrundar sidan 2015 inngjekk kyststatane ein ny trepartsavtale i juni 2018. Island sa opp denne avtalen med verknad frå sesongen 2024–2025.

Det var ikkje funne grunnlag for å opne for fiske etter lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen i sesongen 2023–2024. I sesongen 2022–

2023 vart TAC justert opp 24. februar. Sidan Noreg ikkje hadde tilgang til Island si økonomiske sone etter 22. februar, kunne ikkje dei norske fartøya utnytte auken i kvoten. Island nytta seg av delar av denne, og skal i tråd med avtalen kompensere Noreg for dette kvantumet. Sidan det ikkje var fiske i 2023–2024, skal Noreg kompensere i neste sesong det blir funne grunnlag for å opne for eit loddefiske.

Loddefisket er avgrensa til fartøy med ringnotløyve, og det er veldig stor interesse for å delta.

Tabell 5.26 Norske kvotar på og fangstar av lodde i sesongane 2023–2024 og 2024–2025.

	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023–2024	2024–2025	2023–2024	2024–2025
Totalt	-	-	-	-
Derav				
Grønland	-	-	-	-
Derav Jan Mayen	-	-	-	-
Derav Island	-	-	-	-

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 20. januar 2025.

5.3.3 Kolmule

Frå og med 2013 vart det innført kvotefleksibilitet over årsskiftet i fisket etter kolmule.

I tillegg til Noregs kyststatsdel av kolmule byter Noreg tradisjonelt til seg kolmule frå EU – samstundes som vi byter frå oss kolmule til Russland.

Noreg fiska både i 2023 og i 2024 på forskot på kvoten for neste år – som i dei føregåande åra. I 2023 og 2024 fiska norske fartøy dei største delane av kvoten sin i EU-sona vest for og nord for Irland og i internasjonalt farvatn. Trass i kyststatsavtalar utan fordeling av totalkvoten og unilateral kvotefastsetjing dei siste åra, har Noreg gjennom bilaterale avtalar med EU og Færøyane tilgang til å fiske delar av kvoten i sonene til EU og Færøyane. Tilgangen i EU-sona i 2023 vart utnytta i mindre grad enn normalt. Dette kan forklarast med at tilgangen i EU-sona vart tildelt i mars, seinare enn normalt. Tilgangen i EU-sona vart, som normalt, godt nytta i 2024. Tilgangen til Færøy-sona vart nytta relativt betre i 2023 og 2024 enn dei siste åra.

Tabell 5.27 og 5.28 viser kvotane før og etter overføringar mellom partane og overføringar over år. Dei fleste partane nyttar kvotane godt.

EU-fartøy og færøyske fartøy har dei siste åra fiska den største delen av kvotane sine i egne farvatn, medan islandske fartøy i størst grad har fiska i færøysk sone. Russland og Grønland fiskar i hovudsak i færøysk sone og i internasjonalt farvatn.

Tabell 5.27 Kvotar på og fangstar av kolmule i 2023.¹

Stat	Kvote	Balanse 2022	Overføring	Kvote etter overføring og fleksibilitet	Fangstar (tonn)	Balanse 2023
EU	457 122	25 339	-70 790	411 671	373 751	37 920
Færøyane	483 042	3 504	-90 500	396 046	394 433	1 613
Island	286 884	-13 442		273 442	287 002	-13 560
Noreg	328 431	-15 086	50 335	363 680	390 850	-27 170
Storbritannia	106 034	-1 256	-3 210	101 568	100 132	1 436
<i>Totalt</i>	1 661 513	-941	-114 165	1 546 407	1 546 168	239
Russland ²	100 884	6 206	95 666	202 756	153 830	48 926
Grønland	7 342		18 500	25 842	26 239	-397

¹ Tala er innrapporterte frå partar som deltok i kyststatsforhandlingane om kolmule i oktober 2024.

² Tal for kvotar og overføringar er innrapporterte frå Russland til NEAFC i desember 2023. Fangsttala er førebelse tal frå fangststatistikken til NEAFC per desember 2023.

Tabell 5.28 Kvotar på og fangstar av kolmule i 2024.¹

Stat	Kvote	Balanse 2023	Overføring	Kvote etter overføring og fleksibilitet	Fangstar (tonn)
EU	513 458	37 920	-46 546	504 832	350 550
Færøyane	543 483	1 613	-95 500	449 596	429 377
Island	323 084	-13 560		309 524	304 141
Noreg	369 530	-27 170	21 372	363 732	388 583
Storbritannia	120 136	1 436	-1 454	120 145	105 406
<i>Totalt</i>	1 869 718	239	-122 128	1 747 829	1 578 057
Russland ²	113 507	124 216	101 628	339 351	136 157
Grønland	8 260		20 500	28 760	27 861

¹ Tal for kvotar og overføringar er innrapporterte frå partar som deltok i kyststatsforhandlingane om kolmule i oktober 2024. Fangsttala er førebelse tal frå fangststatistikken til NEAFC per november 2024.

² Tal for kvotar og overføringar er innrapporterte frå Russland til NEAFC i desember 2023 og mars 2024.

5.3.4 Makrell

Frå og med 2011 vart det innført kvotefleksibilitet over årsskiftet i fisket etter makrell. Tabell 5.29 og 5.30 viser kvotane før og etter overføringane mellom partane og overføringane over år.

I 2023 hadde norske fiskarar tilgang til å fiske inntil 60 prosent av kvoten i britisk økonomisk sone, og heile det tilgjengelege kvantumet vart oppfiska. Tilgjengelegheita i norsk sone var samstundes dårlegare enn i dei to føregåande åra, og det viste seg vanskeleg å fiske opp den norske totalkvoten. Det stod igjen meir ufiska kvote ved

utgangen av 2023 enn det Noreg kan overføre inn- anfor kvotefleksibiliteten på 10 prosent.

Både Færøyane og Island naut eit godt makrellfiske i sine respektive økonomiske soner i 2023 samanlikna med tidlegare år. Dette førte òg til at det vart fiska mindre i internasjonalt farvatn. Vi må tilbake til før Brexit for å finne år der det vart fiska meir makrell i Storbritannias økonomiske sone enn i 2023.

Også i 2024 hadde norske fiskarar tilgang til å fiske inntil 60 prosent av kvoten i britisk økonomisk sone, og tilgangen vart igjen godt utnytta. Det ligg an til at over halvparten av makrell-

Tabell 5.29 Kvotar på og fangstar av makrell i 2023.¹

Stat	Kvote	Balanse 2022	Overføring	Kvote etter overføring og fleksibilitet	Fangstar (tonn)	Balanse 2023
EU	177 048	18 554	1 177	196 779	165 609	31 170
Færøyane	153 285	66 700	-20 900	199 085	175 832	23 253
Island	129 040	18 728	1 300	149 068	138 542	10 526
Noreg	249 870	14 119	-18 301	245 688	213 060	32 628
Grønland	50 834	-	-	50 834	28 794	22 040
Storbritannia	210 814	-4 909	23 724	229 629	230 918	-1 289
<i>Totalt for kyststatane</i>	970 891	113 192	-13 000	1 071 083	952 755	118 328
Russland	118 000	-	13 000	131 000	111 513	19 487

¹ Tala er innrapporterte frå partar som deltok i kyststatsforhandlingane om makrell i oktober 2024. Fangsttal for Russland er baserte på tal som er innrapporterte til NEAFC per desember 2023.

Tabell 5.30 Kvotar på og fangstar av makrell i 2024.¹

Stat	Kvote	Balanse 2023	Overføring	Kvote etter overføring og fleksibilitet	Fangstar (tonn)
EU	163 341	17 704	1 022	182 067	149 017
Færøyane	98 708	23 253	-30 173	91 788	71 140
Island	122 233	8 744	1 300	132 277	87 823
Noreg	229 210	24 987	-17 382	236 815	250 186
Grønland	48 060			48 060	20 713
Storbritannia	203 211	-1 248	32 942	234 905	221 451
<i>Totalt for kyststatane</i>	864 763	73 440	-12 291	925 912	800 330
Russland	111 560		12 291	123 851	84 475

¹ Tala for kvotar og overføringar er innrapporterte frå paratar som deltok i kyststatsforhandlingane om makrell i oktober 2024. Kvoten for Russland er henta frå tal som er innrapporterte til NEAFC. Fangsttala er baserte på førebelse tal som er innrapporterte til NEAFC til og med november 2024.

fangstane i 2024 vart tekne i britisk sone, ein auke frå føregåande år. Dette heng saman med at også færøyske fiskarar hadde tilgang til britisk sone, for første gong sidan 2020. I motsetnad til tid-

legare år fiska norske fiskarar i 2024 på forskot av neste års kvote, med i overkant av 13 000 tonn. Dette er innanfor det Noreg kan forskotere med kvotefleksibiliteten på 10 prosent.



Figur 5.13 Det har vore ein betydeleg produktivitetsvekst i fiskeria, og fangsten per fiskar har auka frå under 10 tonn per fiskar i 1945 til over 200 tonn i 2024.

Foto: Jørgen Ree Wiig, Fiskeridirektoratet.

5.3.5 Norsk fiske i Irmingerhavet

Den norske kvoten på uer i Irmingerhavet har tradisjonelt vore sett saman av tre komponentar: eitt kvantum frå forvaltingsavtalen om snabeluer i Irmingerhavet og to kvantum som Noreg byter til seg frå Grønland og EU. Dei siste åra har det ikkje vore opna for fiske etter snabeluer i Irmingerhavet.

Tabell 5.31 Norske kvotar og fangstar i Irmingerhavet.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ^{1,2} (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
Snabeluer	-	-	-	-

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 20. januar 2025.

² Oversikta tek ikkje omsyn til kvotefleksibilitet.

5.3.6 Norsk fiske i det nordvestlege Atlanterhavet

Sidan 2010 har det vore stor interesse for fiske etter torsk i det nordvestlege Atlanterhavet.

Rekrutteringa har vore på eit lågt nivå sidan 2011, og bestanden, og dermed kvotane, er blitt kraftig reduserte sidan 2017. I 2023 deltok eitt norsk fartøy, mot tre i 2024. Kvoten vart godt utnytta i begge åra. I 2023 og 2024 har rekefisket i reguleringsområde 3M vore stengt.

Tabell 5.32 Norske kvotar og fangstar i det nordvestlege Atlanterhavet.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2023	2024	2023	2024
Torsk	849	1 083	851	1 121

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 28. januar 2025.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 14. mars 2025 om Noregs fiskeriavtalar for 2025 og fisket etter avtalane i 2023 og 2024 blir send Stortinget.

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Framsdebilete:

Bildet nedst til venstre er teke av Oda Linnea Brekke

Iden / Havforskningsinstituttet

Dei tre resterande er tekne av Jørgen Ree Wiig /

Fiskeridirektoratet.

Trykk: Tryggings- og serviceorganisasjonen til

departementa – 03/2025

